



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 21.05.2015
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jens Harald Abotnes
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 13/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 14/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 15/15	Henvending vedr. klage på sakshandsaming i Samnanger kommune		2014/240
PS 16/15	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune		2014/235
PS 17/15	Årsrekneskap 2014 for Samnanger kommune, uttale frå kontrollutvalet		2014/231
PS 18/15	Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2014 for Samnanger kommune		2014/207
PS 19/15	Referatsaker		
RS 7/15	Orientering om strategisk næringsplan i BRB		2014/188
RS 8/15	Vedtak i kommunestyret om årsmelding for kontrollutvalet for 2014		2014/236
RS 9/15	Orientering til kontrollutvalet om status for arbeid med forvaltningsrevisjon		2014/226
PS 20/15	Konkurransesutsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune		2014/238
PS 21/15	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 22/15	Eventuelt		

PS 13/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 14/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/240-2
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	15/15	21.05.2015

Henvending vedr. klage på sakshandsaming i Samnanger kommune

Bakgrunn

Sekretariatet har motteke henvending frå ein innbyggjar som klagar på sakshandsaming i Samnanger kommune. Henvendinga kom pr. E-post 07.04.15. Sekretariatet har og vore kontakta på telefon i saka.

Klagen inneheld personopplysningar og påstandar som gjer at sekretariatet har vedteke å gradera henvendinga med klagen som er framsett som unnateke offentlegheit etter § 13 i Offentleglova, jamf. Forvaltningslova § 13 e.

Sekretariatet har sendt tilbakemelding til klagar, om at henvendinga vil bli lagt fram for kontrollutvalet i neste kontrollutvalsmøte 21.05.15. Tilbakemeldinga er sendt på mail 14.04.15.

Sekretariatet har vidare sendt henvendinga over til ordførar og rådmann, og bede om å få ei orientering frå administrasjonen på påstandane som kjem fram i brevet. Rådmann har svara og gjeve tilbakemelding på dei problemstillingane som er knytt til klagen. Svaret frå rådmann er datert 30.04.15, og er motteke hjå sekretariatet 07.05.15.

Rådmann har og sendt diverse vedlegg over til sekretariatet som inneheld kopi av mailar og annan korrespondanse mellom den aktuelle innbyggjaren og kommunen. Sekretariatet har lese gjennom saksomfanget, og kan orientera til kontrollutvalet om innhaldet i møtet.

For at kontrollutvalet skal kunna setja seg inn i saka vert dei to dokumenta sendt ut pr. post:

- Henvending frå innbyggjar om «Klage mot saksbehandlarar i Samnanger kommune», datert 07.04.15, og
- Svar frå rådmann på «Klage mot saksbehandlarar i Samnanger kommune», datert 30.04.15.

Dei to dokumenta er u.off etter Off.lova § 13 jamf. Forvaltningslova § 13 e. Dei vil bli kopiert opp på raudt papir, kontrollutvalet må handsama dei konfidensielt, og dei vil bli samla inn att i møtet etter at saka er handsama.

Etter Hordaland fylkeskommune sitt reglement let det seg ikkje gjera å oversende u.off.-dokument på epost.

Drøfting

Ut frå dei dokumenta som vert sendt ut til kontrollutvalet, og orientering om resten av dokumenta som er lagt fram i saka, må utvalet så drøfte korleis ein skal handsame denne henvendinga som er kome til kontrollutvalet.

Sekretariatet vil legge saka fram for kontrollutvalet til drøfting. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/235-6
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	16/15	21.05.2015

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune

Bakgrunn for saka:

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf.

Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor hjå Deloitte AS Bjarne Ryland sende over ei slik eigenvurdering dagsett 27.04.2015. Eigevurderinga ligg ved saka.

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

§ 4. Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er tinga av kontrollutvalet. Det er ingen ting i vegen for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og størrelsen på oppdraget.

I mail 28.04.15 har Deloitte opplyst at «Vi bekrefter samtidig at vi ikke har utført andre tjenester enn de som er bestilt av kontrollutvalet.»

Konklusjon:

Sekretariatet finn ikkje at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Samnanger kommune. Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet godkjenner uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland hjå Deloitte.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Uavhengighetserklæring frå Deloitte, datert 27.04.15.

Til Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Tlf.: +47 55 21 81 00
Faks: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

Uavhengighetserklæring

Deloitte AS v/partner Bjarne Ryland si eigenvurdering av uavhengighet følger punktvis i forhold til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:

Pkt. 1: Ansettelsestillhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Samnanger kommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Samnanger kommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Samnanger kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Samnanger kommune som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptre som fullmektig for Samnanger kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særreine forhold	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særreine forhold som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Samnanger kommune.</i>

Bergen, 27. april 2015
Deloitte AS


Bjarne Ryland
statsautorisert revisor



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/231-31
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	17/15	21.05.2015

Årsrekneskap 2014 for Samnanger kommune, uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i sak om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

Drøfting:

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding datert 27.04.15. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 147.880.321 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1.587.389. Revisjonsmeldinga er å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding når det gjeld konklusjonar om framstilling av den finansielle stillinga og for resultat, registrering og dokumentasjon av årsrekneskapen. Men følgjande er merka under «Andre tilhøve»:

«Jamfør rekneskapsforskrifta § 10 skal årsrekneskapen vera framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret. Vi hadde på desse tidspunkta ikkje motteke rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune.»

Deloitte har og lagt fram revisjonsrapport nr. 5, saman med revisjonsmeldinga. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Kontrollutvalet bør i sin uttale oppmoda om å prioritere å sette fokus på dei forholda som er kommentert i revisjonsrapporten.


Revisor kjem i revisjonsrapporten med slike tilrådingar:

- Det vert peika på investering i aksjepost som er i strid med gjeldande finansreglement. Posten har vore peika på i tidlegare revisjonsrapportar. Kommunen si leiing er klar over forholdet og det er vedteke å selja aksjane.
- Det vert rådd til at fond Sima – Samnanger vert reklassifisert i rekneskapen til eit ubunde fond.
- Når det gjeld påløpt løn, ber revisor om at kommunen, for framtida, gjer avsetnad, slik at løna vert rett periodisert.
- Vidare tilrår revisor at det for framtida vert føreteke avstemming for å sikre samsvar mellom lønssystem og rekneskapssystem.
- Revisor peikar og på at kommunen må ha ei meir realistisk budsjettering i framtida når det gjeld avslutning av rekneskapen, budsjetterte avsetjingar og bruk av fond.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at «Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle feil i den framlagde rekneskapen.»

Av rekneskapen for 2014 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 3.290.707, dvs. netto resultatgrad på – 1,66 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 1,1 % i 2014. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet ned justert til 1,75%.

For Samnanger kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2010 (+ 1,00 %), 2011 (+ 3,12 %), 2012 (+ 3,64 %), 2013 (+ 1,64 %) og 2014 (- 1,66 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2014 er noko svakare enn tilrådinga frå TBU og også lågare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Rådmann skriv og følgjande i årsmelding for 2014:

«Me legg fram ein rekneskap med for oss eit heller stort underskot. Det er tilfelle hjå mange kommunar i 2014, og hovudgrunnen til det er svikt i skatteinntektene. Samanlikna med opphøvelege budsjett så har me 3 millionar mindre i inntekter frå skatt og ramme. Forventa låge skatteinntekter for landet vart kjend relativt tidleg på året. Regjeringa ga klar melding om at det ikkje ville verta gitt kompensasjon for skattesvikten. Utviklinga i skatteinngangen vart derfor gitt ekstra fokus og naudsynte budsjettjusteringar vart

gjort. Det gjer at rekneskapen berre viser eit lite negativt avvik på desse inntektene. For å få til justeringane vart det planlagt reduksjonar i driftsbudsjetta. Ikkje alle har klart å tilpassa drifta til den nye ramma. I tillegg var det og postar som var underbudsjetterte som det var vanskeleg å gjera noko med.»

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Samnanger kommune har ei lånegjeld tilsvarande 72 % av sum driftsinntekter, altså nett innafor tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet (posten disposisjonsfond i balanserekneskapet) på 0,05 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Samnanger kommune har såleis eit lite tilfredstillande nivå i 2014 på disposisjonsfondet, medan lånegjelda er innafor Riksrevisjonen sine tilrådingar.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2014. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.»

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det for det meste er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova. Det er likevel ikkje skildra i tilstrekkeleg grad kva «tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten». Korleis arbeid med intern kontroll vert utøvd i Samnanger kommune bør koma tydelegare fram i neste årsmelding. Det vert rådd til at kontrollutvalet peikar på dette i sin uttale.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig forbruk
- netto driftsresultat
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.
- omtale om intern kontroll i kommunen i årsmeldinga

Konklusjon:

Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2014 er svakt, og ligg under både gjennomsnittet i landet og TBU sine tilrådingar. Kommunen har eit nivå i 2014 på lånegjeld som ligg nett innafor Riksrevisjonen si tilråding, medan disposisjonsfondet er svært svakt. Årsmeldinga for 2014 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2014.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap 2014 for Samnanger kommune
- Rekneskap 2014 for Samnanger kommune – (hovudoversikt og revisjonsmelding, samt noter til rekneskapen) (Investeringsrekneskap, driftsrekneskap og balanserekneskap kan leggest fram i møtet eller sendast særskilt i eigen epost)
- Revisjonsrapport nr. 5 frå Deloitte, datert 27.04.15
- Årsmelding 2014 for Samnanger kommune (forkorta utgåve utan årsmeldingar frå einingane – fullstendig årsmelding kan leggest fram i møtet eller sendast særskilt i eigen epost)



Til Samnanger kommune v/ kommunestyret

ÅRSREKNESKAP 2014 FOR SAMNANGER KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 21.05.2015, handsama Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2014.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svart på spørsmål.

Av rekneskapen for 2014 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 3.290.707, dvs. netto resultatgrad på – 1,66 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 1,1 % i 2014. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet ned justert til 1,75%.

Kontrollutvalet har merka seg kva rådmann skriv i årsmelding for 2014:

«Me legg fram ein rekneskap med for oss eit heller stort underskot. Det er tilfelle hjå mange kommunar i 2014, og hovudgrunnen til det er svikt i skatteinntektene. Samanliknede opphøvelege budsjett så har me 3 millionar mindre i inntekter frå skatt og ramme. Forventa låge skatteinntekter for landet vart kjend relativt tidleg på året. Regjeringa ga klar melding om at det ikkje ville verta gitt kompensasjon for skattesvikten. Utviklinga i skatteinngangen vart derfor gitt ekstra fokus og naudsynte budsjettjusteringar vart gjort. Det gjer at rekneskapen berre viser eit lite negativt avvik på desse inntektene. For å få til justeringane vart det planlagt reduksjonar i driftsbudsjetta. Ikkje alle har klart å tilpassa drifta til den nye ramma. I tillegg var det og postar som var underbudsjetterte som det var vanskeleg å gjera noko med.»

Vidare har kontrollutvalet merka seg revisor sin uttale og tilrådingar i revisjonsrapport nr. 5:

- Det vert peika på investering i aksjepost som er i strid med gjeldande finansreglement. Posten har vore peika på i tidlegare revisjonsrapportar. Kommunen si leiing er klar over forholdet og det er vedteke å selja aksjane.
- Det vert rådd til at fond Sima – Samnanger vert reklassifisert i rekneskapen til eit ubunde fond.
- Når det gjeld påløpt løn, ber revisor om at kommunen, for framtida, gjer avsetnad, slik at løna vert rett periodisert.
- Vidare tilrår revisor at det for framtida vert føreteke avstemming for å sikre samsvar mellom lønssystem og rekneskapssystem.
- Revisor peikar og på at kommunen må ha ei meir realistisk budsjettering i framtida når det gjeld avslutning av rekneskapen, budsjetterte avsetjingar og bruk av fond.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at *«Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle feil i den framlagde rekneskapen.»*

Kontrollutvalet vil rå til at kommunen prioriterar å setje fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 5 frå Deloitte.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk» og «likestilling» skal omtalast.

Forhold som gjeld likestilling og etikk synest vera greitt omtala, og ein finn at det for det meste er gjort greie for dei tilhøva som er peika på i lova. Det er likevel ikkje skildra i tilstrekkeleg grad kva *«tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk*

standard i virksomheten». Korleis arbeid med intern kontroll vert utøvd i Samnanger kommune bør koma tydelegare fram i seinare årsmeldingar.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2014 er svakt, og ligg under både gjennomsnittet i landet og TBU sine tilrådingar.
- Kontrollutvalet vil merka at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 5 må følgjast opp.
- Kontrollutvalet merkar seg og at lånegjeld for 2014 ligg nett innafor Riksrevisjonen si tilråding, medan disposisjonsfondet er svært svakt.
- Årsmeldinga for 2014 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk, men korleis det vert arbeidd med intern kontroll bør koma tydelegare fram i seinare årsmeldingar.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 27.04.2015 og revisjonsrapport nr. 5, med same dato, har kontrollutvalet ikkje merknader til Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2014.

Kontrollutvalet i Samnanger kommune 21. mai 2015.

Jens Harald Abotnes
-Kontrollutvalsleiar-

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til : Samnanger kommune, formannskapet.



Samnanger – der du vil leva og bu

Samnanger kommune




Omsider - utbygging av sjukeheimen i gang

Rekneskap 2014

Innholdsoversikt rekneskap 2014

	Side
Hovudoversikt og revisjonsmelding	side 1 - 7
Investeringsrekneskap	side 1 - 8
Driftsrekneskap	side 1 - 80
- Rådmannen sitt kontor	1
- Stabseining	2
- Samnanger kyrkjestyre	10
- Næring	11
- Kultur	13
- Teknisk eining	22
- Skule- og barnehageadministrasjon	42
- Samnanger ungdomsskule	46
- Barnehage	48
- Samnanger barneskule	52
- Helsetunet	56
- Open omsorg	59
- Omsorgstenesta	64
- Sosialkontor	69
- Barnevern	71
- Flyktningkontoret	73
- Finans	74
Balanserekneskap m/ kapitalkonto	side 1 - 10
Noter til rekneskapen	side 1 - 25



Hovudoversikt og revisjonsmelding 2014

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2014	Rev. budsjett 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Rekneskap 2013
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekter og formue 1)	-53 045 604	-53 429 463	-57 147 000	-53 433 453
Ordinert rammetilskot 1)	-79 892 667	-79 561 000	-78 683 000	-74 904 940
Skatt på egedom	-12 382 745	-12 382 860	-12 432 860	-12 356 860
Andre direkte eller indirekte skattar 2)	-5 366 994	-5 285 980	-5 368 443	-5 268 424
Andre generelle statstilskot 3)	-2 236 006	-1 921 433	-1 586 833	-2 221 221
Sum frie disponible inntekter	-152 924 016	-152 580 736	-155 218 136	-148 184 898
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte 4)	-1 723 057	-1 618 000	-1 110 000	-2 002 672
Gevinst finansielle instrument	-6 383	-120 000	0	-7 040
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	3 202 989	3 131 000	3 131 000	3 015 251
Tap finansielle instrumenter	195 735	0	0	900 381
Avdrag på lån	5 077 730	5 075 000	5 075 000	5 197 295
Netto finansinntekter/-utgifter	6 747 014	6 468 000	7 096 000	7 103 215
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	108 979	108 979	108 979	2 867 253
Til bundne avsetningar 5)	2 724 472	1 586 175	1 408 175	2 460 378
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	0	0	0	-2 931 885
Bruk av ubundne avsetningar	-329 000	-329 000	0	-2 060 531
Bruk av bundne avsetningar 6)	-4 207 769	-5 002 355	-3 355 933	-2 183 407
Netto avsetningar	-1 703 318	-3 636 201	-1 838 779	-1 848 192
FORDELING				
Overført til investeringsbudsjettet	0	439 400	1 050 000	5 049 420
Til fordeling drift	-147 880 321	-149 309 537	-148 910 915	-137 880 456
Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)	149 467 709	149 309 537	148 910 915	137 880 456
Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	1 587 389	0	0	0

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2014	Rev. budsjett 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Rekneskap 2013
FINANSIERINGSBEHOV				
Investeringar i anleggsmidlar	16 416 142	48 648 353	47 317 125	32 208 864
Utlån og forskotering	3 615 403	3 405 400	3 926 000	81 083 663
Avdrag på lån	583 951	357 000	357 000	542 959
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetningar	200 000	300 000	300 000	153 329
Årets finansieringsbehov	20 815 495	52 710 753	51 900 125	113 988 814
FINANSIERING				
Bruk av lånemidlar	-14 021 020	-43 246 029	-40 841 600	-33 734 162
Inntekter frå salg av anleggsmidlar	-293 152	-300 000	-300 000	-170 701
Tilskot til investeringar	0	0	0	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 124 610	-2 124 609	-5 775 525	0
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-583 951	-357 000	-357 000	-74 172 959
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-17 022 733	-46 027 638	-47 274 125	-108 077 822
Overført frå driftsbudsjettet	0	-439 400	-1 050 000	-5 049 420
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	-3 792 762	-6 243 715	-3 576 000	-861 573
Sum finansiering	-20 815 495	-52 710 753	-51 900 125	-113 988 814
Udekket / Udisponert	0	0	0	0

Rekneskapsvedlegg
Økonomisk oversikt - Drift

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2014	Rev. budsjett 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Rekneskap 2013
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	-7 182 641	-7 230 000	-6 114 000	-6 326 379
Andre salgs- og leigeinntekter	-16 710 145	-16 811 994	-12 012 527	-11 556 795
Overføringer med krav til motytelsar	-19 754 466	-17 081 364	-13 621 215	-24 503 869
Rammetilskot frå staten	-79 892 667	-79 561 000	-78 683 000	-74 904 940
Andre statlege overf.	-2 236 006	-1 921 433	-1 586 833	-2 221 221
Andre overføringar	-1 590 335	-284 732	-4 492 699	-4 941 000
Skatt på inntekt og formue	-53 045 604	-53 429 463	-57 147 000	-53 433 453
Elgedomsskatt	-12 382 745	-12 382 860	-12 432 860	-12 356 860
Andre direkte og indirekte skattar	-5 366 994	-5 285 980	-5 368 443	-5 268 424
Sum driftsinntekter	-198 161 602	-193 988 826	-191 458 577	-195 512 942
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	101 202 772	100 030 202	98 495 247	99 376 659
Sosialekostnader	28 419 167	30 265 723	30 466 836	26 371 600
Kjøp som inngår i kommunal prod.	25 468 175	25 607 960	22 459 521	24 672 190
Kjøp som erstattar eigen prod.	23 592 566	21 143 495	17 647 005	22 914 796
Overføringar	15 992 616	13 670 247	16 082 747	11 873 254
Avskrivningar	8 172 339	8 172 340	7 807 227	6 901 226
Fordekte utgifter	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	202 847 635	198 889 967	192 958 583	192 109 725
Brutto driftsresultat	4 686 032	4 901 141	1 500 006	-3 403 217
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-1 723 057	-1 618 000	-1 110 000	-2 002 672
Gevinst Finansielle instrumentyer (omløpsmidler)	-6 383	-120 000	0	-7 040
Mottatte avdrag på lån	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	-1 729 440	-1 738 000	-1 110 000	-2 009 712
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	3 202 989	3 131 000	3 131 000	3 015 251
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	195 735	0	0	900 381
Avdragsutgifter	5 077 730	5 075 000	5 075 000	5 197 295
Utlån	30 000	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	8 506 454	8 206 000	8 206 000	9 112 927
Resultat eksterne finanstransaksjoner	6 777 014	6 468 000	7 096 000	7 103 215
Motpost avskrivningar	-8 172 339	-8 172 340	-7 807 227	-8 901 226
Netto driftsresultat	3 290 707	3 196 801	788 779	-3 201 228
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	0	0	0	-2 931 885
Bruk av disposisjonsfond	-329 000	-329 000	0	-2 060 531
Bruk av bundne fond	-4 207 769	-5 002 355	-3 355 933	-2 183 407
Sum bruk av avsetninger	-4 536 769	-5 331 355	-3 355 933	-7 175 823
AVSETNINGER				
Overføring til investeringsrekneskap	0	439 400	1 050 000	5 049 420
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Avsetning disposisjonsfond	108 979	108 979	108 979	2 867 253
Avsetning til bundne driftsfond	2 724 472	1 586 175	1 408 175	2 460 378
Sum avsetninger	2 833 451	2 134 554	2 567 154	10 377 051
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	1 587 389	0	0	0

Rekneskapsvedlegg

Økonomisk oversikt - Investering

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2014	Rev. budsjett 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Rekneskap 2013
INNETEKTER				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-293 152	-300 000	-300 000	-170 701
Andre salsinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til motyting	0	0	0	-350 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 124 610	-2 124 609	-5 775 525	0
Statlege overføringer	0	0	0	0
Andre overføringer	0	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	-2 417 762	-2 424 609	-6 075 525	-520 701
UTGIFTER				
Lønsutgifter	609 001	636 000	636 000	603 358
Sosiale utgifter	218 000	228 000	228 000	214 293
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	12 994 030	44 666 381	39 647 100	25 154 779
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	0	0	0	0
Overføringer	2 124 610	2 087 472	5 775 525	5 775 134
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	470 500	1 030 500	1 030 500	461 300
Fordeelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	16 416 142	48 648 353	47 317 125	32 208 864
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdragsutgifter	583 951	357 000	357 000	542 959
Utlån	210 000	0	0	80 763 301
Kjøp av aksjar og andelar	3 405 403	3 405 400	3 926 000	320 362
Dekking av tidlige års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	200 000	0	0	124 888
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	300 000	300 000	28 441
Sum finansieringstransaksjoner	4 399 354	4 062 400	4 583 000	81 779 951
Finansieringsbehov	18 397 733	50 286 144	45 824 600	113 468 113
FINANSIERING				
Bruk av lån	-14 021 020	-43 246 029	-40 841 600	-33 734 162
Mottokne avdrag på utlån	-583 951	-357 000	-357 000	-73 822 959
Salg av aksjar og andelar	0	0	0	0
Overføringer frå driftsrekneskap	0	-439 400	-1 050 000	-5 049 420
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 800 000	-1 800 000	-1 800 000	-390 000
Bruk av bunde driftsfond	-1 486 795	-4 443 715	-1 776 000	-471 573
Bruk av ubundne investeringsfond	-505 967	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-18 397 733	-50 286 144	-45 824 600	-113 468 113
Udekket / Udisponert	0	0	0	0

Vedlegg Balanserekneskapen

Tall i 1 kroner	Noter	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
EIENDELER			
A. ANLEGGSMIDLER			
Faste eiendommer og anlegg	11	241 275 580	233 159 233
Utstyr, maskiner og transportmidler	11	5 655 416	6 351 611
Pensjonsmidler	5	181 082 921	172 912 394
Utlån		4 642 115	4 992 165
Aksjer og andeler	7b	4 352 615	947 212
Sum anleggsmidler		437 008 647	418 362 616
B. OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		16 217 603	14 560 391
Aksjer og andeler	7b	1 996 497	2 192 232
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	7a	29 763 042	31 893 420
Premieavvik	5	14 913 626	16 762 897
Sum omløpsmidler		62 890 767	65 408 940
Sum eiendeler		499 899 415	483 771 556
EGENKAPITAL OG GJELD			
C. EGENKAPITAL			
Disposisjonsfond	8	-100 379	-2 120 400
Bundne driftsfond	8	-14 897 964	-17 868 056
Ubundne investeringsfond	8	-560 764	-886 731
Bundne investeringsfond	8	-151 129	-151 129
Endring i regnskapsprinsipp drift (AK)		1 790 902	1 790 902
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)		0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	9	1 587 389	0
Regnskapsmessig merforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet		0	0
Kapitalkonto	10	-49 607 649	-57 252 819
Sum egenkapital		-61 939 593	-76 468 233
D. GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Pensjonsforpliktelser	5	-240 202 558	-222 270 696
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	14	-165 074 388	-152 096 069
Sum langsiktig gjeld		-405 276 946	-374 366 765
KORTSIKTIG GJELD			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		-29 020 567	-31 322 456
Premieavvik		-3 662 308	-1 614 102
Sum kortsiktig gjeld		-32 682 875	-32 936 558
Sum egenkapital og gjeld		-499 899 415	-483 771 556
MEMORIAKONTI:			
Ubrukte lånemidler		17 875 945	13 256 965
Andre memoriakonti		4 914 403	6 453 940
Motkonto for memoriakontiene		-22 790 347	-19 710 905
Sum memoriakonti		0	0

Til kommunestyret i Samnanger kommune

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Samnanger kommune som viser kr 147.880.321 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1.587.389. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre notecopplysningar.

Administrasjonssjefens ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Samnanger kommune per 31. desember 2014 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre tilhøve

Jamfor rekneskapsforskrifta § 10 skal årsrekneskapen vera framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret. Vi hadde på desse tidspunkta ikkje motteke rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune.

Bergen, 27. april 2015
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor




Noter til rekneskapen 2014

Noteoversikt rekneskap 2014

Note 1.	Administrativ organisering
Note 2.	Rekneskapsprinsipp.
Note 3 .	Vesentlige poster og transaksjonar.
Note 4.	Endring arbeidskapital
Note 5.	Pensjonsforplikting / pensjonsmidlar KLPog SPK
Note 6.	Garantiforpliktingar
Note 7a.	Bankinnskot, aksjar og rentevilkår
Note 7b.	Aksjar og eigardelar, spesifisert
Note 8.	Oversikt fond m/graf utvikling 2004-2014
Note 9.	Udisponert resultat
Note 10.	Kapitalkonto
Note 11.	Anleggsmidlar
Note 12.	Totaloversikt nybygg og nyanlegg.
Note 13.	Vesentlege investeringar i nybygg og nyanlegg
Note 14.	Lånegjeld og rentevilkår .
Note 15.	Lånegjeld fordelt på sjølvkostområdet.
Note 16.	Avdrag på gjeld 2 siste åra.
Note 17.	Sjølvkosttenester.
Note 18.	Årsverk i kommunen
Note 19.	Godtgjersle til rådmann og ordførar.
Note 20.	Interkommunalt samarbeid.
Note 21.	Revisjonshonorar.

Note nr. 1 Administrativ organisering



Note nr. 2 Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen i Samnanger kommune blir ført etter kommunale rekneskapsprinsipp nedfelt i Kommunelovens § 48, rekneskapsforskriftas § 7 og god kommunal rekneskapskikk. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og betyr at all tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunen si verksemd skal gå fram av drifts- eller investerings-rekneskapen anten dei er betalt eller ikkje når rekneskapen vert avslutta.

I den grad den einskilde utgift eller inntekt ikkje kan fastsettast eksakt ved framlegging av rekneskapen vert forventa beløp ført i rekneskapen.

Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og inntekter, finansutgifter og inntekter i kommunen og rekneskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån m.m. og finansiering av kommunen sine investeringar.

Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dvs. at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og vice versa. For lån er berre den delen som er nytta ført i investeringsrekneskapen. Unytta lånemidlar er registrert som memoriapost.

Avskrivningar blir viste som ein årleg kostnad som følgje av forbruk av aktiverte driftsmidlar. Avskrivningane påverkar kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir ført med motpost slik at kommunen sitt netto driftsresultat ikkje blir påverka. Årlege avdrag på lån påverkar derimot netto driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Årsaka til at avskrivningar blir førte i driftsrekneskapen er m.a. at beslutningstakarar og rekneskapsbrukarar skal kunne sjå desse

kostnadene presenterte i rekneskapen og vurderer dei i forhold til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter.

Klassifisering og verdivurdering av anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld.

I balanserekneskapen er anleggsmidlar definerte som eigendelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Andre eigendelar er omløpsmidlar. Anleggsmidlar med avgrensa levetid vert avskrivne liniært, dvs med like store årlege beløp over levetid. Avskrivning startar året etter at anleggsmiddelet er kjøpt eller tatt i bruk. Avskrivingsperioden er i tråd med § 8 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffelseskost. Omløpsmidlar er oppført i balansen med verkeleg verdi. Uteståande fordringar er vurdert til pålydande. Dersom kommunen eig aksjar i eit selskap av andre grunnar enn avkastning, er desse aksjane klassifiserte som anleggsmidlar. Aksjar og aksjefond som er kjøpt pga forventa avkastning er klassifiserte som finansielle omløpsmiddel og skal bokførast med verkeleg verdi i balansen. Aksjar og aksjefond som ikkje er børsnoterte er bokført til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Jfm. forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 8

Kommunen følgjer KRS (4) nr. 4 som gjeld avgrensinga mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden er viktig for å skilja mellom vedlikehald og påkosting i høve til anleggsmidlar. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet ut over standarden ved kjøp, er utgiftsførte i investeringsrekneskapen og aktiverte i balansen. Langsiktig gjeld er knytt til føremål i kommunelova § 50. Kommunen har ikkje teke opp likviditetslån. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Det er betalt avdrag etter vedteken plan. Vurderingane for eigendelar gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld. Rentekostnadene vert periodisert i rekneskapen etter oppgåve frå bankane.

Sjølvkostberekningar.

Innafor dei rammer der sjølvkost er sett som den rettslege ramma for kva kommunen kan krevja av brukarbetalingar, fastset kommunen sjølvkost etter retningslinjer gitt av kommunal- og regiondepartementet i rundskriv H-3/14. Dette erstattar H-2140 frå 2003. Ein av hovudendingane er at det vert nytta 5-årig swaprente med eit tillegg på 0,5 %. For dei tenester kommunen sjølv har valt å krevja brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet følgjer me dei same retningslinjer.

Mva-plikt og mva-kompensasjon.

Kommunen følgjer reglane i meirverdiavgiftslova for dei tenesteområda som er omfatta av lova. Dette gjeld vatn, avløp, septiktanktømming, feiing og næringsbygg. For kommunen si øvrege verksemd krev kommunen meirverdiavgiftskompensasjon. Mottatt kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunen gjennom redusert statstilskot i inntektssystemet. Meirverdiavgift i samband med investering er frå 2014 ført direkte til inntekt i investeringsrekneskapen.

Generelle merknader.

Sparebanken Vest (SPV) og DNB er framleis kommunen sine bankar, og samarbeidet med dei er godt. Ved utgangen av året er renta på særvilkår (fond) 1,95 % (SPV), og på driftskontoen 1,85 % (SPV) / 1,85 % (DNB). Renta i SPV vart sett ned 27.12.2014 frå 2,45 % / 2,55 %. Alle bankkontoane vert avstemte mot rekneskap ved utgangen av kvar månad, og renta av fondskapitalen vert nytta i driftsrekneskapen slik tidlegare vedteke. Kommunen si fakturahandsaming er frå juni 2011 gjort elektronisk. Faktura vert no sendt på "flyt" for elektronisk signering av attestant og tilvisar før økonomikontoret bokfører og betalar. Rekningane vert betalt på forfall så sant faktura er tilvist i rimeleg tid før forfall.


Samnanger kommune er saman med Os kommune og Fusa kommune med i Bjørnefjorden Næringsutvikling. Samnanger fører, for 6.året, rekneskapen for Bjørnefjorden Næringsutvikling. Ordføraren i Fusa er styreleiar og rådmann i Samnanger er sekretær. Styret er sett saman av dei 3 ordførararane og 2 representantar for næringslivet (Fusa og Samnanger). Bankkonti som gjeld Bjørnefjorden Næringsutvikling er ført inn i balansen.

Note nr. 3 Vesentlige postar og transaksjonar

Rekneskapen for 2014 viste før avslutning eit meirforbruk på kr 2 026 788,94 og det måtte gjennomførast strykingar i henhold til § 9 i forskrift om årsrekneskap:

- Stryke overføringa frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen kr 439 400,00
- Meirforbruk 2014 etter stryking kr 1 587 388,94

Det var ikkje mogeleg å stryke vedtatt avsetnad til disposisjonsfond då midlane er nytta i budsjett 2014. I investeringsrekneskapen vart det nytta ubunde investeringsfond.



Rekneskapsskjema 1 B. Driftsrekneskap netto pr ansvar/ eining

	Rekneskap 2014	Rev.budsjett 2014	Opphavleg budsjett 2014	Rekneskap 2013
Rådmann og ped.tenester	2 593 667	2 642 601	2 613 448	2 666 055
Kyrkjestyre og livssyn	2 299 084	2 275 000	2 215 000	2 168 936
Næringsføremål	-3 798 154	-4 287 840	-4 287 840	-4 113 175
Interne tenester	12 018 739	12 511 769	14 904 125	11 919 536
Kultureininga	3 053 458	3 194 127	3 415 307	3 166 417
Teknisk eining	11 668 028	11 403 960	10 896 585	16 315 969
Skule- og barnehage (adm.felles)	6 514 788	6 086 939	6 124 866	5 663 574
Samnanger ungdomsskule	10 296 969	10 907 698	11 021 124	11 063 673
Samnanger barneskule	20 458 720	20 001 272	19 298 796	19 086 423
Barnehageeininga	15 412 694	15 372 654	15 833 508	15 466 049
Sosial- og helsetenesta	19 302 123	18 361 930	18 208 065	19 459 461
Pleie- og omsorstenesta	53 449 677	52 081 617	50 975 838	49 977 696
Finans- og interne transaksjonar	-153 269 792	-150 551 727	-151 218 822	-152 840 614
kontroll	0	0	0	0

Vesentlege postar

I det etterfølgjande vert det kort gjort greie for kva område dei største summene er retta mot med bakgrunn i det som tidlegare i året er blitt sagt om den økonomiske situasjonen for Samnanger kommune.

	Rekneskap 2014	Rev.budsjett 2014	Avvik
Einingane	148 153 093	145 900 323	-2 252 770
premieavvik og bruk av fond	-3 639 308	-2 319 565	1 319 743
Konsesjonskraft	-3 908 283	-4 400 000	-491 717
Skatt, ramme og inntektsutjamning	-137 325 808	-137 378 000	-52 192
Skjønsmidlar sett av på fond 2015	-250 000	0	-250 000
Netto urealisert tap aksjar	195 735	-120 000	-315 735
Strykning av overføring til investering	0	439 400	439 400

(Eit minus tal i avvik er eit meirforbruk eller ein lågare inntektspost)

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet var pr 01.01.2014 på kr 2 120 399,66. Saldo pr 31.12.2014 er kr 100 378,66. Av dette er kr 100 000 disponert i vedtak KS 4/13 til arealplan. Kr 378,66 er ikkje disponert

For detaljert oversikt over disposisjonsfondet sjå note 7

Fond Sima - Samnanger

I samband med vedtak om å byggje kraftleidning mellom Sima og Samnanger vart det av Olje- og energidepartementet løyvt kr 100 mill til avbøtande tiltak. Samnanger kommune sin del er kr 8.213.509. Det er gjennom fylkesmannen avklart med departementet at desse midlane er å sjå på som kommunestyret sine øyremerkta midlar og kan nyttast både i drift og investering. Desse midlane er i samsvar med kommunestyrevedtak 58/11 sett av til fond.

Oversikt viser bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. I budsjett for 2014 var det budsjettert med å låna kr 700 000 til revidering av reguleringsplan for Steinsland i samband med sal av tomtar. Arbeidet er ikkje utført.

	Vedtak KS 15/12	Omdisponert	2 012	2 013	2 014	Sum
Mottatt fond						8 213 509
Bruk:						
Asfaltering	2 000 000		-1 689 981	-310 019		-2 000 000
Musikkbinge	500 000			-158 563		-158 563
Breiband, omdisponert KS 31/14	800 000	-690 000			-10 814	-10 814
Førebyggjande ungdomsarbeid	1 500 000	-145 000			-43 523	-43 523
KS 69/14 Motorcrossbane		145 000				
Kunstgrasbane	1 400 000					0
Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).	2 000 000	-589 000			0	0
KS 63/13 og 57/14 Innføring av eigedomsskatt (lån)*					-1 188 000	-1 188 000
KS 63/13 KLP EK-tilskot					-1 076 000	-1 076 000
KS 31/14 VVA-Bjørkheim		690 000			-164 544	-164 544
KS 28/14 meirforbruk drift 2014		589 000			-589 000	-589 000
Sum vedtak/ bruk	8 200 000		-1 689 981	-468 582	-2 482 881	-4 641 444
Resterande sum						3 572 065

*KS 57/14 restlån til E-skatt kr 112 000

Premieavvik og premiefond

Premieavviket inkludert arbeidsgjevaravgift er i 2014 negativt og er ført som ei utgift for kommunen med kr 2 243 297,- . Denne utgifta skal inntektsførast dei neste 7 åra med lik sum kvart år. I 2014 har kommunen kostnadsført akkumulert premieavvik med kr 1 654 180. I 2014 er det kostnadsført årets premieavvik og akkumulert premieavvik med kr 3 897 477.

Årsaka til at premieavviket i 2014 er negativt er at det er brukt kr 7 582 240,90 inkl arbeidsgjevaravgift av premiefondet i KLP. Ved overgangen frå DNB til KLP hadde kommunen eit større premiefond i DNB som vart som i løpet av 2014 vart brukt til å betala faktura frå KLP i 2014. Når det blir brukt av premiefondet, blir premieavviket (inntekt) lågare. Bruk av fond blir ført som ei redusert utgift. Desse to postane utjamnar kvarandre. Fordelen med å bruka av fond er at me reduserer dei akkumulerte utgiftene dei neste 7 åra (tidlegare 10 år). Overgangen frå 10 år til 7 år frå 2015 gjer at det er endå viktigare å forsøka å unngå store positive premieavvik.

Premieavviket blir positivt når premieinnbetalinga er større enn årets netto pensjonskostnad.

Årets netto pensjonskostnad er noverdien av årets pensjonsopptening tillagt rentekostnader av påløpte pensjonsforplikting og fråtrekt forventa avkastning på pensjonsmidlar. Nettoverknaden blir dermed at det blir utgiftsført eit lågare beløp enn den faktiske premien (pensjonskostnaden). Sum premieavvik og bruk av premiefond gir for 2014 ei inntekt på kr 3 684 763,90.

Frå 01.01.2014 er kommunen si avtale med DNB sagt opp og ny avtale er inngått med KLP.

Konsesjonskraft

Samnanger kommune selde konsesjonskrafta for 2014 til fast pris. Det vart ved avtaleinngåing opplyst at me ville få ei inntekt på ca kr 4,4 mill som var som budsjettet. Dette viste seg å vera feil og BKK har beklaga at dei hadde rekna feil. Inntekta for 2014 vart på kr 3 908 283, noko som er kr 491 717 lågare enn budsjett. Dersom me hadde selt i spot-marknaden i 2014 ville inntekta vore ca kr 1 mill lågare.

Aksjar og aksjefond

Samnanger har 39 147 aksjar i Nordisk Areal as. Verdi pr 31.12.2014 var kr 51,- pr aksje. Dette er ein reduksjon på kr 5 pr aksje frå 01.01.2014. Bokført verdi for Nordisk Areal Invest as er pr 31.12.2014 kr 1 996 497,- som gjev eit urealisert tap på kr 195 735,-. I 2014 vart det igjen betalt ut eit utbytte. Utbytte var på 14 pr aksje, sum kr 548 058.

Det er vedtatt i sak KS 30/14 at aksjane skal seljast til min. kr 58,- pr aksje. Aksjane vart kjøpt for kr 4.000.000,- i oktober 2007.

Pluss pengemarked har gitt ein verdiauke på kr 6 383,32

Tap på krav

Det er i 2014 bokført tap på krav med kr 3 001,-. Det er i tillegg sett av kr 9 746 til tapsfond for å ha inndecking for forventa framtidige tap. Summen er 1/10 del av det som er sendt til Namsmannen og der resultatet har vore "intet til utlegg". Det vert heile tida arbeidd systematisk med innkrevjing.

Tilskot

Kommunen har i 2014 mottatt fleire tilskot frå stat og fylkeskommune. Det er m.a. mottatt tilskot til 75 % stilling på barnevern, folkehelsekoordinator, ressurskrevjande brukarar og til utgifter innafor barnevern.

Øyremerka tilskot og gåver til spesielle tiltak og prosjekt i kommunen som ikkje er brukt i løpet av 2013, er sett av på fond. Dette går fram av balansen side 5 og 6.

Anna

Kommunen har i alt 10 bilar på leasingavtale. I løpet av 2014 er det bytta ut 7 bilar. Alle leasingbilane er i pleie- og omsorg og alle avtalene er operasjonelle leasingavtaler.

Kommunen har i 2012 og 2013 bokført ei inntekt på kr 163 171 for leiga/ opprydding på kai i Rolvsvåg. Rolvsvåg industrihavn vart i 2014 tatt under konkursbehandling, men det vart ikkje godkjent konkurst. Me arbeidar framleis med å få kravet betalt.

Det er kome eit krav frå Bufetat på kr 1 mill som er avvist av kommunen.

Note nr. 4 Endring i arbeidskapital

Endring i arbeidskapital seier noko om utviklinga i kommunen sin betalingsevne.

Balanserekneskapen	31.12.2013	31.12.2014	Endring
2.1 Omløpsmidlar	65 408 940,14	62 890 767,47	
2.3 Kortsiktig gjeld	-32 936 558,16	-32 682 875,49	
Arbeidskapital	32 472 381,98	30 207 891,98	-2 264 490,00
Endring ubrukte lånemidlar konto 291 (auke -/reduksjon +)	13 256 965,09	17 875 944,60	-4 618 979,51
Sum endring for avstemming mot drift og investering			-6 883 469,51
Drifts- og investeringsrekneskapen år 2014	Beløp	Sum	
ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT			
+ Sum driftsinntekter	198 161		
	602,49		
- Sum driftsutgifter	202 847		
	634,62		
+ Eksterne finansinntekter	1 729 439,91		
- Eksterne finansutgifter	8 506 453,89		
+ Motpost avskrivningar (990)	8 172 338,80		
Sum driftsrekneskapen	-3 290 707,31	-3 290 707,31	
ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING			
+ Sum inntekter	2 417 761,89		
- Sum utgifter	15 945 641,58		
<i>Eksterne finansutgifter</i>			
- Renteutgifter art 500	470 500,00		
- Avdragsutgifter art 510	583 950,80		
- Utlån art 520	210 000,00		
- kjøp av aksjer og andeler art 529	3 405 403,00		
<i>Eksterne finansinntekter</i>			
+ Bruk av lån art 91	14 021 020,49		
+ Mottatte avdrag på utlån art 920	583 950,80		
+ Sal av aksjar og andelar art 929	0,00		
Sum investeringsrekneskapen	-3 592 762,20	-3 592 762,20	
Endring arb.kap jf drifts- og inv.rekneska			-6 883 469,51
Sum endring arbeidskapital jf balansen			-6 883 469,51

Note nr. 5 Pensjonsforplikting/ pensjonsmidlar

Generelt om pensjonsordninga i kommunen

Kommunen har i 2014 hatt kollektiv pensjonsordning for alle tilsette: Kommunal landspensjonskasse (KLP) (sjukepleiarar og fellesordning), Statens pensjonskasse (SPK) (lærarar). Kollektiv pensjonsordning sikrar ytingsbasert pensjon for tilsette. Pensjonsordninga omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon og AFP / tidleg pensjon og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% saman med folketrygda. Pensjonane samordnast med utbetaling frå folketrygda. Tilsette har ved fylte 62 år rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar. Frå 01.01.2014 er kommunen si avtale med DNB sagt opp og ny avtale er inngått med KLP. Det er og inngått avtale om 100 % utjamning av AFP-uttak med KLP og at pensjonsfond fortløpande skal nyttast til å betale faktura. Tariff for dødelegheit er K2005 i KLP og SPK, tariff for uføre er K2013BE i KLP og K1963 i SPK.

Tilsette fordelt på selskap:

	Aktive	Slutta m/rettar	Pensjonistar
KLP	253	199	130
SPK	45	-	1 ny

Rekneskapsføring av pensjon jf. § 13 i forskrift for årsrekneskap.

Pensjonsmidlar og pensjonsforplikting er oppført i balansen som anleggsmidlar (balansekonto 219*) og langsiktig gjeld (balansekonto 240*). Pensjonsforplikting består av den diskonterte verdien av dei samla framtidige pensjonsytningar som er opptente ved utgangen av året. Forpliktinga er berekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Årets pensjonskostnad er endringar i forpliktinga frå byrjinga til slutten av året. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad er premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapet (ansvar 9005, funksjon 1700)

Oversyn over samla premieavvik, pensjonsmidlar og pensjonsforplikting.

2014	KLP		SPK		DNB		ALLE SELSKAP	
	Årets	Akkumulert	Årets	Akkumulert	overført KLP	Akkumulert	Årsummar	Totalsummar
Premieavvik	-1 805 528	-600 094	-160 552	-801 258	0	11 262 313	-1 966 080	9 860 961
Arb.gj avgift	-254 579	-84 613	-22 638	-112 977	0	1 587 986	-277 217	1 390 396
Auke pensjonsmidlar	134 677 643	153 464 393	1 744 418	27 618 528	-128 251 534	0	8 170 527	181 082 921
Auke pensjonsforplikting	173 083 863	194 922 543	1 501 983	37 974 258	-157 860 250	0	16 725 596	232 896 801
Arb.gj avg. Auke/red.	5 415 278	5 845 599	-34 183	1 460 158	-4 174 829	0	1 206 266	7 305 757

Årsummane finst i balansen på konto 220 og 240 side 4,5, 7 og 8 og på kapitalkonto side 6. I tillegg står premieavviket i driftsrekneskapen ansvar 9005

Frå 2011 kom ei endring i §13 i rekneskapsforskrifta om pensjon. Amortiseringstida vart endra frå 15 år til 10 år, frå 2015 er amortiseringstida redusert ytterlegare til 7 år. Estimataavvik er balanseført fullt ut frå og med 2011.

Føresetnader for berekningar i dei ulike selskapa.:

Selskap	Diskonteringsrente	Lønnsvekst	G-regulering	Avkastning
KLP	4,00 %	2,97 %	2,97 %	4,65 %
SPK	4,00 %	2,97 %	2,97 %	4,35 %

Spesifikasjon årets pensjonskostnad.:

	2 013	2 014
Sum pensjon konto 1/0.090x	11 664 949	13 293 563
- akkumulert premieavvik	1 370 829	1 449 763
+ Årets premieavvik (når inntekt)	789 340	-1 966 080
+ bruk av premiefond	3 738 930	6 645 259
Ordinær pensjonsutgift	14 822 390	16 522 978

Kollektiv gruppelevforsikring er i 2013 bokført på kostraart 010, i 2014 på 090

Note nr. 6 Kommunen sitt garantiansvar pr 31.12.2014

Gitt overfor - navn	Adresse	Beløp	Går ut dato
BIR (lån KLP)	5000 Bergen	2 135 017	02.09.2051
Midthordlandske Dampskipsselskap Holding as	5200 Os	100.000	31.12.2019
Sum garantiansvar		2 235 017	

BIR har betalt ut kr 11 041 i garantiprovisjon. Det er ikkje kostnadsført tap på garantiar i 2014

Note nr. 7a Innskot, aksjar og rentevilkår

	31.12.2013		30.04.2014		31.08.2014		31.12.2014	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)**	15,56	64 %	14,51	64 %	24,71	84 %	2,63	12 %
Innskot i SPV (fondskonto)	7,73	32 %	7,73	34 %	3,66	12 %	16,90	78 %
Innskot i DNB	0,66	3 %	0,19	1 %	0,71	2 %	1,76	8 %
Pengemarknadsfond:								
Pluss – fondene	0,25	1 %	0,25	1 %	0,25	1 %	0,25	1 %
Samla kortsiktig likviditet	24,20	100 %	22,68	100 %	29,33	100 %	21,54	100 %
	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap
Aksjar* Nordisk Areal Invest as	2,19	-0,90	2,35	0,16	2,35	0,16	1,99	-0,19
kr pr aksje	56,-		60,-		61,50		51,-	

* verdi pr kvartal, gevinst/tap er akkumulert

Ved utgangen av året er renta på særtilkår (fond SPV) 1,95 % (3,2 %) , skattetrekk 2,0 % SPV (3,15 %) , og på driftskontoen 1,85 % (3,2 %) (SPV) / 1,85 % (2,4 %) (DNB). Tal pr 31.12.2013 i parentes.

Note nr. 7b Aksjar og eigendelar, spesifisert

Finansielle omløpsmidlar

Marknadsbasert verdipapir	Type	Anskaffelseskost	Bokført verdi		Urealisert gevinst / tap	
			pr 01.01.14	pr 31.12.14	Verdiauke i 2014	Verdiauke i %
Pluss pengemarkedsfond (210.38.001)	Pengemarknadsfond	pr 31.03.07: kr 193 950	247 677	254 061	6 383	2,58 %

Andre finansielle omløpsmidlar:

Nordisk Areal Invest as (218.70.002)	Eiegedomsfond	Kr 4 000 000	2 192 232	1 996 497	-195 735	-8,93 %
--------------------------------------	---------------	--------------	-----------	-----------	----------	---------

Marknadsverdi = UB 2014

Verdien på aksjane i Nordisk Areal Invest as var kr 56 pr aksje 01.01.14, aksjeverdien var kr 60,- pr aksje frå 1.kvartal, kr 61,50 per aksje frå 2.kvartal og kr 51,- pr aksje pr 31.12.2014. Det er bokført eit urealisert tap på kr 195 735-. Kommunen eig 39 147 aksjar i Nordisk areal invest as. Aksjekjøpet i First Eiendomsinvest as (no Nordisk Arela Invest as) var ikkje i medhald av gjeldande finansreglementet ved kjøp. Kommunestyret blir fortløpande orientert om utviklinga, og aksjeposten er etter vedtak i sak 30/14 lagt ut for sal til kr 58,- pr aksje eller betre. Aksjane vart kjøpt for kr 4.000.000,- i oktober 2007.

Det er i 2014 betalt ut utbytte på kr 14 pr aksje, sum kr 548 058. Utbytte i 2013 var kr 508 911.

Aksjar og eigardelar i varig eige (anleggsmidlar) konto 221:

Selskapets namn Balansen 221.	Balanse- ført verdi	Tidspunkt for kjøp	Tal aksjar	Marknadsverdi	Eigardel i selskapet
Eigenkapitalinnskot KLP	3 768 099	kvart år		452 696	
Aksjar i Bergensbanens forkortelse	2 000	1957	10		Symbolisk
Aksjar i B.I.R. d.a.	17 800			17 800	
Aksjar i Kommunekraft a/s	1 000				Symbolisk
Aksjar i Hardangervegen A/S	2 000				Symbolisk
Aksjar i Business region Bergen A/S	20 000			20 000	
Aksjar i EDB A/S	1 716				Symbolisk
Aksjar i A/S Storholmen VTA AS	535 000	1977-2014			9 %
Aksje i Hurdalsenteret	5 000				Symbolisk
Sum aksjar	4 352 615				

Kommunen si beholdning av aksjar i varig eige er liten. Aksjane er ikkje børsnoterte. Balanseført verdi er auka med kr 3 405 403 som resultat av at eigenkapitalinnskot i KLP har auka med kr 3 315 403 og kapitalutviding i Storholmen VTA as med kr 90 000. Tidlegare aktivitet i Norheimsund industrier vart i 2014 overført til Storholmen VTA as. Samnanger kommune sin eigardel er på 9 %.

Note nr. 8 Fond

Balansen side 5 og 6

Ubundne Fond

Disposisjonsfond

Saldo pr 01.01.14 konto 256.20.100 og 101 **2 120 399,66**

Tilgang:

PØ 76/09	Lagerbygg - tilbakeført år 5 av 10	73 000	
Form 007/12	Bil teknisk, lån kr 179 895, 5 år	35 979	
art 5400	Sum avsett fond		108 979,00

Avgang:

KS 53/13	Adv. Hove	-50 000	
KS 08/14	Interpellasjon	-30 000	
KS 28/14	Styrking av driftsbudsjett	-249 000	
	Sum bruk av fond drift	-329 000	
KS 63/13	Budsjettvedtak, KLP EK-tilskot	-1 800 000	
	Sum bruk av fond investering	-1 800 000	
art 9400	Sum bruk av fond		-2 129 000,00

Saldo pr 31.12.2014 konto 256.20.10* **100 378,66**

Disponert i vedtak KS 4/13 arealplan **100 000,00**

Disponibelt pr 01.01.2015 **378,66**

Ubunde kapitalfond

Konto 253.20.001	Ubunde investeringsfond	566 730,73	
Konto 253.20.004	Fond vatn/ avløp Hagamulen	300 000,00	
Saldo pr 01.01.2014			866 730,73

Tilgang:

	Rolvsvåg bustadfelt	200 000,00	
art 5480	Sum avsett fond		200 000,00

Avgang:

	BKK, bryggetomt, selt i 2003	-60 000	
	Hagamulen, førebuing sal	-6 564	
	Alternativ finansiering EK-tilskot KLP	-439 403	
art 9480	Sum bruk av fond		-505 967,00

Disponibel saldo pr 31.12.2014 konto 253.20 **560 763,73**

Ubunde kapitalfond

Konto 253.20.001	Ubunde investeringsfond	260 763,73	
Konto 253.20.004	Fond vatn/ avløp Hagamulen	300 000,00	
Saldo pr 01.01.2015			560 763,73

Noteoversikt rekneskap 2014 – Samnanger kommune

Bunde driftsfond	Konto	UB 2013		Bruk (950)	Avsett (550)	UB 2014
Næringsfond - til disposisjon	251.20.001	546 341		-3 994 536	4 715 873	1 267 677,65
Løvt av næringsfondet	251.20.002	4 166 275				2 717 181,00
Fond breiband	251.20.120	73 500		-73 500		0,00
Fond opplæring barnehage	251.20.200	45 293		-35 000		10 293,40
Fond kompetansesenter	251.20.211	70 000				70 000,00
Fond "Den naturlege skulesekken"	251.20.214	21 407		-6 400		15 006,80
Fond Kulturell skulesekk	251.20.215	85 514		-20 460		65 053,73
Fond leseprosjekt	251.20.217	22 621				22 621,00
Fond vaksenopplæring	251.20.218	500 000		-50 000		450 000,00
Fond "Den kulturelle spaserstokken"	251.20.221	23 020			6 000	29 020,06
Fond "Internasjonal skilting"	251.20.222	6 406				6 406,42
Fond "oppdrag kreativ"	251.20.224	4 733		-4 733		0,00
Fond kulturvernarbeid	251.20.225	51 527				51 527,00
Fond prosjekt "reiseliv"	251.20.226	51 848		-51 848		0,00
Fond "Friluftprosjekt"	251.20.229	32 631				32 630,62
Fond HFK Kultur for eldre	251.20.233	10 000		-10 000		0,00
Fond HFK kr 8 000 kultur for eldre	251.20.234	8 000		-8 000		0,00
Fond prosjekt Nynorsk saman	251.20.235	9 145		-9 145		0,00
Fond småkraft SPV	251.20.326	34 034		-34 034		0,00
Fond Småkraft - verna vassdrag -	251.20.327	84 687		-51 214		33 472,56
Fond Enøk	251.20.360	20 000				20 000,00
Fond EVOVA	251.20.361	322 000			96 200	418 200,00
Fond PLO gavefond	251.20.371	128 726			19 932	148 657,68
Fond PLO, Vestlandsløftet	251.20.372	50 000				50 000,00
Fond PLO kompetanseløft 2015	251.20.373				20 000	20 000,00
Fond PLO gave bukolektiv	251.20.374				3 617	3 617,00
Fond tilskot etablering	251.20.425	294 164		-158 564		135 600,50
Fond utbetingsstilskot	251.20.426	41 644			125 455	167 098,73
Fond tap på startlån	251.20.427	22 727			568	23 295,00
Fond tap på kom.krav	251.20.430	0			9 746	9 746,00
Fond komp.arb.gj.avgift	251.20.432	0				0,00
Fond kommunal viltforvaltning	251.20.475	132 382		-7 703		124 679,19
Fond fisk og friluft	251.20.476	548 164		-67 954	85 559	565 768,75
Fond trivselsgrenda	251.20.521	2 076				2 075,63
Fond trivslestiltak	251.20.534	51 000				51 000,00
Fond fysisk aktivitet	251.20.546	168 606		-100 000		68 606,00
Fond trafikksikring	251.20.602	50 000				50 000,00
Fond opplæring brannmenn	251.20.603				250 000	250 000,00
Fond vassforsyning	251.20.620	45 541			535 685	581 226,30
Fond avløp	251.20.630	372 659		-69 353		303 306,67
Fond tømming septiktank	251.20.631	577 405			268 698	846 102,98
Sum driftsfond 251.20.		3 961 460		-757 908	1 421 460	4 625 012,02
Sum 251.20		8 674 076		Konto *9500	Konto *5500	8 609 870,67

Bjørnefjorden næringsutvikling	Konto	UB 2013		Bruk (9501/9502)	Avsett (5501/2)	UB 2014
Driftsmidler	251.21.002	608 329			165 994	774 322,56
Fondsmidler	251.21.003	2 530 705				2 530 705,20
Sum		3 139 034		0	165 994	3 305 027,76

Noteoversikt rekneskap 2014 – Samnanger kommune

Fond Sima - Samnanger	Konto	UB 2013	overført	Bruk (9503)	Avsett (5503)	UB 2014
Fondsmidler	251.23.001	6 054 946	-257 000	-3 071 881		2 726 065,20
Fond KS 69/14 motorcross	251.23.002		145 000		0	145 000,00
KS 57/14 e-skatt	251.23.003		112 000		0	112 000,00
Sum		6 054 946		-3 071 881	0	2 983 065,20


Ubundne driftsfond	Konto	UB 2013	overført	Bruk (9400)	Avsett (5400)	UB 2014
Disposisjonsfond, vedtak	256.20.100	1 841 021	58 979	-1 800 000	0	100 000,00
Disposisjonsfond	256.20.101	279 379	-58 979	-329 000	108 979	378,66
Sum disposisjonsfond		2 120 400		-2 129 000	108 979	100 378,66

Investeringsfond

Bunde investeringsfond	Konto	UB 2013		Bruk (950)	Avsett (550)	UB 2014
Fond nyanlegg vassverk	255.20.620	151 129			0	151 128,85
Sum bunde investeringsfond		151 129		0	0	151 128,85

Ubundne investeringsfond	Konto	UB 2013		Bruk (9480)	Avsett (5480)	UB 2014
Ubundne investeringsfond	253.20.001	566 731		-505 967	200 000	260 763,73
Vatn/Avløp Hagamulen	253.20.004	300 000				300 000,00
Sum ubundne inv.fond		866 731		-505 967	200 000	560 763,73

Fondskapital 2004-2014



Fondskapital på kr 3,3 mill som gjeld Bjørnefjorden næringsutvikling (BNU) er ikkje med i grafen ovanfor. Kommunen sin fondskapital eks BNU er redusert netto med kr 5 462 074. Det er brukt kr 8,33 mill av fond og avsett kr 2,87 mill. Bruk av fond gjeld i hovudsak bruk av disposisjonsfond og fond Sima – Samnanger til å finansiera Eigenkapitaltilskot KLP, totalt kr 2,8 mill frå desse to fonda. Fond Sima-Samnanger er og nytta til å finansiera arbeidet med utviding av eigeomsskatt med kr 1.2 mill i 2014 og til dekka tap i skatteinntekter med kr 0,59 mill. Avsett til fond er i hovudsak avsetning til bunde fond. For meir detaljert informasjon sjå oversikt og balansen side 5 og 6

Note nr. 9 Udisponert resultat

Udisponert resultat (meir- og mindreforbruk)	
Behaldning 31.12.13 konto 259.50.013	0,00
Årets udisponerte resultat (meirforbruk)	-1 587 388,94
Årets disponering av meirforbruk 2013	
Sum årets disponering av mindreforbruk 2013	0,00
Behaldning 31.12.14 konto 259.50.014	-1 587 388,94

Rekneskapen for 2013 vart avslutta i balanse etter at det vart gjennomført strykingar.

Note nr. 10 Føringar på kapitalkonto

Føringar på kapitalkonto 2014		
Tekst	Debet	Kredit
Inngåande balanse		57 252 819
Sal av fast eigedom og anlegg	293 152	
Avskrivning av utstyr, fast eigedom og anlegg	8 172 339	
Aktivisering av utstyr, fast eigedom og anlegg		15 885 642
Nedskrivning av maskiner og utstyr		
Kjøp av aksjar og andelar		3 405 403
Sal av aksjar og andelar		
Utlån		240 000
Avdrag på utlån	583 951	
Avdrag på sosiallån	0	
Avskreve sosiallån	6 099	
Avdrag eksterne lån		5 661 681
Bruk av midlar frå eksterne lån	14 021 020	
Forpliktelse pensjon auke	16 725 596	
Pensjonsmidlar auke		8 170 527
Endring avgift forpliktelse pensjon	1 206 266	0
Utgåande balanse	49 607 649	
Sum debet / kredit	90 616 072	90 616 072

Kapitalkontoen representerer differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemidlar. Ubrukte lånemidlar er den del av langsiktig gjeld som ikkje er rekneskapsført i investeringsrekneskapen. Kapitalkontoen kan og forklarast slik: Saldoen på kapitalkontoen viser kor mykje kommunen har brukt av kommunen sin eigenkapital til å finansiera anleggsmidlar.

Note nr. 11 Anleggsmidler

Kommunen følger inndelinga av anleggsmidler og avskrivingsplan i samsvar med rekneskapsforskriftas § 8. Kommunen har følgjande anleggsmiddelgrupper med tilhøyrande avskrivingsplan:

Anleggsmiddel – gruppe	Avskrivn. plan	Eigedelar
Gruppe 1	5 år:	EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande.
Gruppe 2	10 år:	Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.
Gruppe 3	20 år:	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), reinseanlegg, pumpestasjonar, forbr. anlegg o.l
Gruppe 4	40 år:	Bustader, skular, barnehagar, idrettshaller, vegar, leidningsnett og liknande.
Gruppe 5	50 år:	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheim og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande
Tomt	Ingen	Tomter o.l

Oversikt over tilgang og avskrivning fordelt på grupper:

Sum 224 - 228	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	Tomt	Sum
Anskaffelseskost	2 353 349	8 396 311	12 880 637	242 403 965	48 610 506	16 183 439	330 828 206
Akk.avsk.pr 31.12	1 652 827	5 785 188	4 140 055	72 945 685	14 965 946	0	99 489 700
Tilgang i år	0	0	360 014	5 738 472	9 432 031	355 125	15 885 642
Avgang i år	0	0	0	0	0	293 152	293 152
Årests avskrivning	290 907	429 113	640 611	5 956 129	855 580	0	8 172 339
Nedskrivning	0	0	0	0	0	0	0
Bokført verdi pr 31.12	700 522	2 611 123	9 100 596	175 196 752	43 076 591	16 245 412	246 930 996

Sjå balansen side 1 og 2

Avgang kr 293 152 gjeld reduksjon av bokført verdi pga netto sal av tomter:

Bustadfelt Rolvsvåg kr 200 000, Rolvsvåg industriområde kr 91 337,60 og netto Lønnebakken kr 1 814. Det er ikkje selt andre anleggsmidler i 2014.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse etter at det er inntektsført bruk av fond, lånemidler og tilskot i samsvar med tidlegare vedtak og budsjettvedtak. Investeringsutgifter som det ikkje var med i budsjettet, er dekkja av ubunde fond eller unytta lånemidler.

Det var i budsjettet lagt opp til ei overføring frå driftsrekneskapen på kr 1 050 000. Pga svikt i skatteinntektene vart budsjettet overføringa redusert til kr 439 400. I samband med årsavslutninga vart overføringa stroke då driftsrekneskapen gjekk med meirforbruk. Det vart i staden nytta ubunde investeringsfond.

I note 12 og 13 er det sett opp totaloversyn over samla investeringsutgifter og oversyn over dei mest vesentlege investeringane og det vert vist til dette.

Note nr. 12 Totale investeringar i utstyr, nybygg og anlegg

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Investeringar i nybygg og nyanlegg	15 945 642	47 617 853	31 672 211
Byggelånsrente	470 500	1 030 500	560 000
Avsett til fond	200 000	300 000	100 000
Sum	16 616 142	48 948 353	32 332 211
Finanslert ved.:			
Lån eks.startlån	13 811 020	43 246 029	29 435 009
Statstilskot/ refusjon	2 124 610	2 124 609	-1
Andre tilskot	0	0	0
Gåver / tilskot	0	0	0
Overført frå driftsrekneskapen	0	439 400	439 400
Ekstraordinert avdrag Husbanken	0		
Eigenkapital fond	387 359	2 838 315	2 450 956
Eigenkapital årets salsinntekter	293 152	300 000	6 848
Sum finansiering	16 616 142	48 948 353	32 332 211

Startlån og eigenkapitaltilskot KLP er ikkje med i oversikten

Avvik mellom budsjett og rekneskap skuldast at einsskilde prosjekt ikkje er starta opp (for eks VA Eikedalen der det ikkje er avklart korleis dette skal organiserast og bu- og aktivitetssenteret) og at andre prosjekt ikkje er komne så langt som forventa i budsjettet (for eks. Samnangerheimen, vassforsyning Frøland, Rolvsvåg industriområde og VVA Bjørkheim)

Note nr. 13 Investeringar i utstyr, nybygg og anlegg fordelt på prosjekt

	oppstart år	Forventa ferdig	Rekneskapsutgifter			sum
			2011/2012	2013	2014	
Bygg, Samnanger barneskule	2011	2013	20 529 091	23 412 428	46 434	43 987 953
Bygg, Samnangerheimen	2011	2016	2 618 501	3 922 633	9 732 031	16 273 165
Bu- og aktivitetssenter	2014	2017	0		750 687	750 687
Vassloppa barnehage	2012	2012	8 118 338	0	0	8 118 338
Kommunehuset	2012	2013	3 382 602	703 490	0	4 086 092
Kommunehuset, arkivrom	2013	2013	0	126 632	0	126 632
Solli, førebuing sal		2015	0		6 564	6 564
Bygg vidaregåande skule	2012	2012	268 860	0	0	268 860
Rolvsvåg industriområde	2011	2013	524 364	465 720	394 187	1 384 271
Bustadfelt Rolvsvåg			0	7 998		7 998
Bustadfelt Lønnebakken	----	----	1 741 870	0	25 438	1 767 308
Bustadfelt Reistad			0	356 055		356 055
Miljøgate Ytre Tysse, byggetrinn 1	2010	2012	8 713 768	4 375	60 000	8 778 143
Veg, sikring	2014	2014	0		486 430	486 430

Noteoversikt rekneskap 2014 – Samnanger kommune

Vassforsyning Rolvsvåg	2013	2014	0	1 112 382	759 828	1 872 210
Avløp Rolvsvåg			0		32 684	32 684
Vassforsyning Frøland	2012	2015	201 312	482 259	3 475 640	4 159 211
Bjørkheim, prosjektering veg	2013	2014	0	83 753	148 847	232 600
Bjørkheim, prosjektering vatn	2013	2014	0	102 281	137 359	239 640
Bjørkheim, prosjektering avløp	2013	2014	0	67 002	360 014	427 016
Ny tankbil, brann	2012	2012	959 987		0	959 987
Ford Ranger	2012	2012	179 900		0	179 900
Ny bil på teknisk	2013	2013	0	304 564	0	304 564
Ny bil på teknisk	2013	2013	0	196 249	0	196 249
Telefonisystem	2012	2013	213 835		0	213 835
Straumaggregat	2012	2013	161 000	109 073	0	270 073
Nytt økonomi, lønn og personalsystem	2011	2012	1 934 487		0	1 934 487
Gjestebygge Bjørkheim	2013	2013	0	125 000	0	125 000
Innkjøp av pc skule og barnehage	2013	2013	0	207 863	0	207 863
Musikkbinge	2013	2013	0	419 110	0	419 110
Sum			49 547 915	32 208 864	16 416 142	

Inkludert byggelånsrenta på kr 470 500

Note nr. 14 Lånegjeld og rentevilkår

Finansreglementet vart vedtatt i kommunestyret sak 57/12 25.09.2012. Jfr punkt 7.5 skal minimum 30 % av låneporteføljen ha flytande rente og minimum 20 % skal ha fast rente.



	31.12.2013		30.04.2014		31.08.2014		31.12.2014	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	114,66	75 %	113,29	76 %	112,28	67 %	110,70	67 %
Lån med NIBOR basert rente								
Lån med fast rente	37,44	25 %	36,70	24 %	54,84	33 %	54,38	33 %
Finansielle leasing								
Samla langsiktig gjeld	152,10	100 %	149,99	100 %	167,12	100 %	165,07	100 %
Antall løpende enkeltlån	25		25		26		26	
Største enkeltlån	NOK 29,7 mill		NOK 28,9 mill		NOK 28,9 mill		NOK 28,5 mill	
Rentebetingelser:								
Kommunalbanken: flytande	2,26 %		2,26 %		2,26 %		2,25 %	
fast	2,92% - 3,94%		2,92% - 3,94%		2,92% - 3,54%		2,92% - 3,54%	
Husbanken: flytande	2,08 %		2,47 %		2,28 %		2,18 %	
fast	1,9 %-2,66 %		1,9 %-2,66 %		1,9 %-2,66 %		1,9 %-2,66 %	

Det er i 2014 betalt totalt kr 5 251 067 i avdrag på lån. Kr 583 950 gjeld avdrag startlån og er betalt i investeringsrekneskapen. Det er tatt opp 1 samla lån i 2014 på kr 18,640 mill, med ei nedbetalingstid på 50 år. Kr 17 mill er jfr Kommunestyrevedtak 63/13 (budsjett 2014) og kr 1,64 jfr Kommunestyrevedtak 31/14 (Bjørkheim VVA). 1 kommunestyrevedtak 63/13 for budsjett 2014

Noteoversikt rekneskap 2014 – Samnanger kommune

vert det vedtatt å betala minimumsavdrag på lån. Som eit resultat av vedtaket vert avdrag på lån redusert med kr 1 mill jfr nedbetalingsplan.

Tekst	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Attverande løpetid
Kommunens samla lånegjeld	165 074 388	152 096 069	Gj.snitt 31,8 år
Fordelt på følgjande kreditorar.:			
Kommunekreditt.	0	0	
Kommunalbanken Fast rente	33 485 060	15 441 290	Gj.snitt 39,8 år
Kommunalbanken Flytande rente	109 280 780	112 937 510	Gj.snitt 29,2 år
Husbanken. Fast rente	20 893 883	21 996 289	Gj.snitt 19,5 år
Husbanken. Flytande rente	1 414 665	1 720 980	Gj.snitt 29,0 år
Kontrollsum	165 074 388	152 096 069	
Renteutgifter	3 673 489	3 476 551	




Noteoversikt rekneskap 2014 – Samnanger kommune

	2014	2013	2012	2011	2010
Kortsiktig gjeld	32 682 875	32 936 558	41 264 284	28 254 582	25 654 637
Langsiktig gjeld	405 276 946	374 366 765	344 037 815	310 455 523	248 522 913
- av dette pensjonsforpliktning	240 202 558	222 270 696	208 201 492	194 463 424	156 778 352
Langsiktig gjeld eks pensjon	165 074 388	152 096 069	135 836 323	115 992 099	91 744 561

Note nr. 15 Lånegjeld fordelt på sjølvkostområda

Totalt er det tatt opp kr 18,64 mill i lån i 2014 fordelt på to vedtak. Kr 17 mill er jfr Kommunestyrevedtak 63/13 (budsjett 2014) og kr 1,64 jfr Kommunestyrevedtak 31/14 (Bjørkheim VVA). Ca 10 % av låneopptaket i 2014 gjeld VA-området.



Figuren viser lånegjeld totalt fordelt på VAR - område, startlån og drift (andre lån). VAR – område er vatn, avløp (og renovasjon.) Låna er stort sett knytt til vatn. Samnanger kommune har ikkje lån knytt til renovasjon, men har garantiansvar ovanfor BIR as (Bergen interkommunale renovasjonsselskap)

Note nr. 16 Avdrag på lån

Avdrag	Budsjett 2014	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Betalt avdrag eks. utlån	4 973 431	4 973 431	5 081 516
Bereknna minste lovlege avdrag		4 970 139	4 200 029
Differanse		3 292	881 487

Innbetalt ekstra avdrag på startlån (stønadslån) frå låntakar utgjer kr 306 315 (kr 279 020 i 2013) og er betalt ned på lån etter gjeldande reglar.

Noteoversikt rekneskap 2014 – Samnanger kommune

A) Årets avskrivning art 5900	8 172 339
B) IB Anleggsmidler	239 510 845
C) IB lånegjeld (forvaltningslån)	145 662 378
Minimumsavdrag a/b * c	4 970 139

Det er berekna minimumsavdrag etter den forenkla metoden

Fylkesmannen tilrår at avdragsutgift på lån eks startlån skal utgjera min. 3,5 % av gjeld. I 2014 ligg Samnanger for første gong klart under dette kravet. I kroner utgjør differansen kr 600 000.

	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Total lånegjeld UB	165 074 388	152 096 069	135 836 323	115 992 099
Startlån UB	5 745 441	6 433 691	5 092 429	5 909 452
Lånegjeld eks. startlån	159 328 947	145 662 378	130 743 894	110 082 647
Avdragsutgifter eks. startlån	4 973 431	5 081 516	4 674 386	4 649 137
Avdrag i % av gjeld	3,12 %	3,49 %	3,58 %	4,22 %

Note nr. 17 Sjølvkosttenester

Rentesats som er brukt innan sjølvkost er 5-årig swap-rente + 0,5 %. For 2014 er kalkylerenta 2,68 %. Kalkylerenta er i samsvar med dei nye retningslinjene som kom i 2014 frå kommunal- og moderniseringsdepartementet (H3/14).

	1.1601.3450.		
Sjølvkostområde vatn	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar	4 332 900	4 425 000	4 512 105
Kalk.renteinntekter av fond (IB)	0	0	1 220
Sum inntekter	4 332 900	4 425 000	4 513 325
Direkte kostnader	-1 885 848	-1 581 998	-1 729 487
Indirekte kostnader	-15 000	-15 000	-15 000
Avsett til fond (lån)	-11 993	-11 993	-11 993
Avskrivning	-1 393 329	-1 393 329	-1 403 482
- avskrivning av brukt fond	15 674	0	15 674
Alternativkostnad kalk.rente	-786 541	-693 000	-845 345
Sum utgifter	-4 077 037	-3 695 320	-3 989 633
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	255 863	729 680	523 692
Sjølvkostdel i %	106 %	120 %	113 %
Avsett til bunde fond	45 540	0	535 685

*tidl.års underskot gjer at ikkje heile overskotet vart sett av til fond i 2013
Det er avsett kr 535 685 til fond. Saldo pr 31.12.14 er kr 581 226.*

Noteoversikt rekneskap 2014 – Samnanger kommune

1.1601.3530.			
Sjølvkostområde avløp	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar	1 233 344	1 230 000	1 263 967
Kalk.renteinntekter av fond (IB)	11 017	0	9 987
Sum inntekter	1 244 361	1 230 000	1 273 954
Direkte kostnader	-978 594	-1 045 863	-1 017 372
Indirekte kostnader	-15 000	-15 000	-15 000
Avsett til fond (lån)	-11 993	-11 993	-11 993
Avskrivning	-202 523	-202 523	-212 675
- avskrivning av brukt fond	0	0	0
Alternativkostnad kalk.rente	-94 506	-143 063	-98 260
Sum utgifter	-1 302 616	-1 418 442	-1 355 300
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	-58 255	-188 442	-81 346
Sjølvkostdel i %	95 %	87 %	93 %
Bruk av fond (+ avsett/ - bruk)	46 262	-188 442	-69 353

Det er brukt kr 69 353 av fond. Saldo pr 31.12.14 er kr 303 306.

1.1601.3540.			
Sjølvkostområde slum	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar	417 481	1 005 000	1 424 958
Kalk.renteinntekter av fond (IB)	21 504	0	15 474
Sum inntekter	438 985	1 005 000	1 440 432
Direkte kostnader	-679 250	-1 005 000	-1 171 734
Indirekte kostnader	0	0	0
Alternativkostnad kalk.rente	0	0	0
Sum utgifter	-679 250	-1 005 000	-1 171 734
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	-240 265	0	268 698
Sjølvkostdel i %	61 %	100 %	122 %
Avsett til fond (+ avsett/ - bruk)	240 265	0	268 698

Det er avsett kr 268 698 til fond. Saldo pr 31.12.2014 er kr 846 103

1.1600.3020.			
Sjølvkostområde byggesaker	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Brukarbetaling / salsinntekt/refusjonar	594 298	502 000	575 355
Direkte kostnader	-804 883	-799 921	-755 788
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
Sum utgifter	-804 883	-799 921	-755 788
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	-210 584	-297 921	-180 434
Sjølvkostdel i %	74 %	63 %	76 %
Disponering til/frå bundne fond			

Noteoversikt rekneskap 2014 – Samnanger kommune

1.1600.3021.			
Sjølvkostområde delingsaker	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Brukarbetaling / salsinntekt	70 200	55 000	40 604
Direkte kostnader	-78 118	-58 625	-54 600
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
Sum utgifter	-78 118	-58 625	-54 600
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	-7 918	-3 625	-13 996
Sjølvkostdel i %	90 %	94 %	74 %
Disponering til/frå bundne fond			

1.1600.3030.			
Sjølvkostområde oppmåling	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Brukarbetaling / salsinntekt	516 917	521 000	463 185
Direkte kostnader	-681 288	-709 691	-699 073
Indirekte kostnader	0	0	0
Netto finanskostnader	0	0	0
Sum utgifter	-681 288	-709 691	-699 073
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	-164 371	-188 691	-235 888
Sjølvkostdel i %	76 %	73 %	66 %
Disponering til/frå bundne fond			

1.1600.3380.			
Sjølvkostområde feiing	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Brukarbetaling / salsinntekt	354 423	349 000	364 597
Bruk av bunde fond	0		0
Direkte kostnader	-266 820	-278 700	-345 065
Indirekte kostnader	-30 000	-30 000	-30 000
Avskrivning	0	0	0
Avsett til bunde fond	0		0
Sum utgifter	-296 820	-308 700	-375 065
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	57 604	40 300	-10 469
Sjølvkostdel i %	119 %	113 %	97 %
av dette bruk av fond	0		

1.2210.2150.			
Sjølvkostområde SFO	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Brukarbetaling / salsinntekt	649 715	624 563	726 631
Direkte kostnader	-1 619 591	-1 399 160	-1 564 254
Indirekte kostnader	0	0	0
Avskrivning	0	0	0
Sum utgifter	-1 619 591	-1 399 160	-1 564 254
Resultat (Underskot-/ Overskot +)	-969 876	-774 597	-837 622
Sjølvkostdel i %	40 %	45 %	46 %
Disponering til/frå bundne fond			

Berekingane er eks. mva.

Note nr. 18 Årsverk

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Tal årsverk	184	187	189	190	189	182	176	170
Tal tilsette	265	275	274	270	265	259	239	223
Tal kvinner	208	218	228	226	219	215	193	170
%-del kvinner	78,5 %	79,3 %	83,2 %	83,7 %	82,6 %	83,0 %	80,8 %	76,2 %
Tal menn	57	57	46	44	46	44	46	53
%-del menn	21,5 %	20,7 %	16,8 %	16,3 %	17,4 %	17,0 %	19,2 %	23,8 %

Note nr. 19 Godtgjersle til rådmann og ordfører

Tekst	2013	2014
Løn og anna godtgjersle til rådmann inkludert pensjonsavtale	708.400	740.000
Løn og anna godtgjersle til rådmann for verv i kommunal samanheng (AS, KF, IKS, stiftingar etc.)	0	0
Løn og anna godtgjersle til ordfører inkludert pensjonsavtale	587.600	594.700
Løn og anna godtgjersle til ordfører for verv i kommunal samanheng (KS.)	120.330	121.000

Tilleggsopplysningar:

Det er ikkje inngått etterlønsavtale eller pensjonsavtale med rådmann eller ordfører ut over det som er tariffesta. Rådmannen har ikkje åremålsstilling.

Note nr. 20 Interkommunalt samarbeid

Samnanger kommune har i 2014 hatt samarbeid med Vaksdal kommune om PPT, med Fusa og Tysnes vedr. Veterinærteneste, og kommunen har felles landbrukskontor – Bjørnefjorden landbrukskontor - med Os, Fusa og Tysnes. Barnevernet samarbeider med Fusa og Kvam om m.a tilsynsfører og godkjenning av fosterheimar. BIR renovasjon har avtale med Samnanger kommune om renovasjon i kommunen, dette gjeld og innkrevjing av renovasjonsgebyr. Samnanger kommune er med i Bjørnefjorden næringsutvikling, Business region Bergen og innkjøpsamarbeid med Bergen kommune. Frå 2009 samarbeidar kommunen med Os kommune om legevakt. Samnanger har felles brannsjef med Bergen brannvesen. Kommunen er og medlem i Bergen og omland friluftsråd som forvaltar nokre av dei offentlege friområda. Samnanger kommune har eit felles prosjekt med Os og Fusa om kols- og diabetestjenester. Kommunen har i

2014 inngått avtale om skatteoppkrevjartenester med Kvam Herad. Sekretærtjeneste for kontrolluvallet kjøper kommunen hos fylkeskasseraren i Hordaland.

Note nr. 21 Revisjonshonorar

Tekst	2013	2014
Deloitte as - revisjon	151.730	164.666
Deloitte as – forvaltningsrevisjon	11.081	47.866

Frå 2010 er det inngått revisjonsavtale med Deloitte as. Revisjon av overformynderiet for 1.halvår 2013 utgjør kr 5 247 av kostnad bokført i 2014.

Samnanger kommune
Att.: Rådmann Tone Ramsli
Tysse

5650 TYSSE

27. april 2015

Revisjonsrapport nr. 5
(journalføres)

REVISJONSRAPPORT 2014

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2014. Vi vil nytta høve til og gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og forhold vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar forhold som er av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få bekrefta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og organisasjonen sine rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og gjennomføre ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12.2014, samt at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. Inkludert i vår revisjon har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte forhold nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for vår revisjonsmelding.

3.1 Investeringar

Vi minner om forhold teke opp i revisjonsrapport nr. 4 knytt til at kommunen har ei investering i Nordisk Areal Invest AS som er i strid med gjeldande finansreglement. Kommunen si leiing er klar over forholdet og det er vedteke at aksjane skal seljast.

3.2 Fond Sima - Samnanger

Det kjem fram av rekneskapen at fondet Sima – Samnanger er eit bunde fond. Ifylgje notar har kommunestyret fatta vedtak om å avsetje midlar til dette fondet, samt at det kan nyttast til både drift og investering.

Det er i 2014 nytta frå fondet til blant anna lån. Ettersom fondet er vedteke av kommunestyret og at det er nytta av fondet til andre formål enn det som er hensikta bak fondet, tyder dette på at fondet er eit ubunde fond.

Vi tilrår difor å reklassifisere fondet i rekneskapen til eit ubunde fond.

3.3 Påløpt løn

Variabel løn som er opptent i desember 2014, men utbetalt i 2015 er ikkje teke omsyn til i rekneskapen for 2014. Det er derimot ikkje ein vesentleg feil då rekneskapen inneheld variabel løn for 12 månader. Vi ber derimot kommunen gjere avsetnad for påløpt løn i framtida, slik at løna er rett periodisert.

4 Andre tilhøve

4.1 Avstemming lønssystem mot rekneskapssystem

For å sikre samsvar mellom lønssystem og rekneskapssystem, skal det føretas avstemming. Det er i 2014 ikkje utført ei slik avstemming. Vi er kjend med at kommunen alt er i gang med dette, og vi tilrår at dette og blir utført i framtida, for å sikre at det er samsvar mellom rekneskapssystemet og lønssystemet.

4.2 Avslutning av rekneskapen

I investeringsrekneskapen er det nytta kr 505.967 av ubundne investeringsfond. Det er derimot ikkje budsjetttert med bruk av ubunde investeringsfond. Vidare er det avsett kr 200.000 til ubundne investeringsfond, medan det ikkje er budsjetttert ei slik avsetjing. Rekneskapen er ikkje i tråd med budsjetteringa, og vi tilrår kommunen å ha ei meir realistisk budsjettering i framtida.

4.3 Avlegging av rekneskap

Frist for å ferdigstille rekneskapen og årsmeldinga var 15. februar og 31. mars. Verken rekneskapen eller årsmeldinga var ferdig til nemnde fristar, og revisjonsmeldinga inneheld difor ei presisering.

5 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi takkar for godt samarbeid.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet



Samnanger – der du vil leva og bu

Samnanger kommune



Omsider - utbygging av sjukeheimen i gang

Årsmelding 2014

A large, rounded rectangular frame containing a photograph of a waterfall cascading down a rocky ledge. The water is white and frothy, contrasting with the grey and brown tones of the rocks. The background behind the frame is a plain white page.

Hovudmål i kommuneplanen

Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane

I Samnanger skal det finnast attraktive og varierte bustadtilbod

Samnanger kommune skal vera ein aktiv samarbeidspart med næringslivet for å styrkja eksisterande verksemdar og for å få etablert nye arbeidsplassar

Samnanger kommune sin innsats innan infrastruktur skal gje eit godt, trygt og framtidsretta tilbod

Samnanger kommune skal vera ein funksjonell og handlekraftig organisasjon

Gjennom aktiv marknadsføring skal Samnanger gjerast kjent

Innhaldsoversikt

	Side
Politisk styring og aktivitet	4
Utvikling i folketalet	10
Organisasjonskart administrasjon	11
Generelle merknader	12
Driftsrekneskapen	13
Investeringsrekneskapen	28
Samnanger samanlikna med andre – KOSTRA- statistikk	33
Personalstatistikk	39
Kommentarar til dei einkilde tenesteområda	46
Sentrale styringsorgan og fellesutgifter	48
Næring	49
Kyrkja	52
Teknisk	53
Pleie og omsorg	59
Sosial og helse	64
Barnehage	68
Skule	76
Kultur	85
Årsmeldingar frå einingane	90
Vedlegg	147
Oversikt over politiske saker i utvala	148

Politisk styring og aktivitet



Parti/gruppe	Tal medlemmer	Gruppeleiar
Arbeidarpartiet	6	Brigt Olav Gåsdal
Kristeleg folkeparti	4	Sigmund Dyrhovden
Bygdalista	3	Ragnfrid Aadland Olsnes
Senterpartiet	2	Øyvind Røen
Framstegspartiet	4	Gunnar Bruvik
Høgre	2	Eva Hellevang

Fordeling av leiarverv og nestleiarverv i utval, råd og nemnder

Utval / råd	Leiar	Nestleiar
Formannskapet	Marit A. Aase, Krf	Brigt Olav Gåsdal Ap
Naturutvalet	Øyvind Strommen B	Vidar Tveiterås Ap
Utvalet for oppvekst og omsorg	Eva Hellevang H	Liv Berit Kvernes Befring Ap
Kontrollutvalet	Jens Harald Abotnes Krf	Hans Solberg Sp
Eldrerådet	Brigt Olav Gåsdal	
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	Gunnar Utskot	
Viltneemnda	Jon Magne Bogevik	

Politisk arbeid

Som vedlegg til meldinga ligg ein oversikt over kva saker dei ulike utvala har handsama i 2014. I tillegg er det omtala i melding frå eining for interne tenester.

I kommuneplanen er to av delmåla direkte knytta opp mot politisk aktivitet.

- ✓ *ei funksjonell politisk organisering*
- ✓ *eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar*

Som tidlegare år er det stor variasjon mellom utvala i tal saker. Det har og vore problem med å gjennomføre møta pga. dårleg frammøte. Medlemmer av kommunestyret etterlyser og informasjon om saker som er delegert til utval å handsama, noko som kan tyde på at kommunikasjonen internt i gruppene og samsnaking mellom representantane ikkje er god nok. Administrasjonen har reist spørsmål om dagens politiske organisering og ansvarsfordeling mellom utvala er riktig. Utvalet som såg på reglementet for politikarane i 2013 vurderte ikkje dette då det ikkje låg i mandatet deira.



I 2014 vart grunnlova markert mange stader i landet, så også i Samnanger. Jubileumet var sjølvsgagt sentralt den 17. mai vart sjølvsgagt då tema var framme på ulike måtar. Det var også andre arrangement i løpet av året som konsertar, diskotek og ei utstilling av gamle drakter. Utstillinga sto m.a. i foajeen i kommunehuset. Ordføraren deltok på samling i Oslo for alle ordførarane i landet.



I 2014 vart den nye hytta til Bergen Turlag opna. Den er kalla Gullhorgibua og er den einaste turlagshytta i Samnanger. Ordførar var med på den offisielle opninga i midten av juni. Med vedteken områdeplan for Bjørkheim og med mange interessentar som er ivrige etter å koma vidare, er skilting viktig for å synleggjera kva aktivitetar ein finn her. Ordførar har m.a. saman med Samnanger næringsforum engasjert seg for å få til betre skilting både på Bjørkeheim og andre stader i Samnanger. Det er no kome til ein dialog med vegvesenet som gjer von om å få innfridd ein del av ønskja våre.

Kommunestyret har sett seg som mål å få vedtak om ny **arealplan** i denne valperioden. I 2014 vart det skipa til to folkemøte med relativt godt fram møte. Alle utvala er engasjerte i arbeidet ved at dei har fått ansvar for ulike delar av planen. Oppvekst og omsorg for levekår og formannskapet for bustad og næring. Naturutvalet er styringsgruppa og har i tillegg eit særleg ansvar for infrastruktur. Me er komne noko kortare enn planlagt, men det vert fortsett arbeidd ut frå målsettinga om at noverande kommunestyret skal fatta vedtak.



Mange stader i kommunen er det dårleg **breibandsdekking**. Kommunestyret sette i si tid av pengar til utbygging, og med hjelp av delar av desse pengane og tilskot frå fylkeskommunen har ein fått betra tilhøve for mange av innbyggjarane. Størst forbetring har skjedd i Frølandsområdet.

I samband med pågåande utgreiing og diskusjon om **kommunereforma**, deltok formannskapet i eit møte på Osterøy saman med formannskapet her og formannskapet på Vaksdal. Fylkesmannen var også til stades. Fylkesmannen vitja og kommunestyret i desember då kommunereforma var tema. Det er vedteke plan for gjennomføring av høyringa.

Kommunestyret

Det vart gjort ein del vedtak av kommunestyret som har betydning for vidare utvikling av kommunen. I august vart det sett punktum for ein lang diskusjon om utbygging av sjukeheimstilbodet i kommunen ved at det vart gitt klarsignal om å starta bygging. Det vart i desember vedteke å inngå avtale med Finn Mohn som inneber at det kjem nytt bibliotek på Bjørkheim. Kommunestyret har også løyvd midlar til utbygging av delar av infrastrukturen på Bjørkheim.

Samnanger kommune søkte departementet , m.a. etter oppfordring frå ungdomsrådet, men fekk avslag, om å vera med i forsøksordninga med røyserett for 16- og 17-åringar.

På innspel frå politisk hald vart det gjort ei utgreiing om fri programvare som vart handsama av kommunestyret. Konklusjonen er at det er vanskeleg for ein kommune å nytta fri programvare i noko stor grad.

Samnanger kommune er utfordra av IMDI til å ta imot nye flyktningar. Kommunestyret har førebels ikkje tatt imot utfordringa, men ser at kommunen har eit ansvar også innan dette området. Kommunestyret ga og uttale til høyringa om reservasjonsrett for legar .

Kommunestyret handsama og eit par saker i 2014 i kjølevatnet av sak om barnevern i 2013. Adv. Hole var engasjert til å sjå på brot på teieplikt m.m. Han utarbeidde ein omfattande rapport som var handsama av kommunestyret.

På økonomisida var det innføring av eigedomsskatt og ein del saker knytta til det som tok ein del tid.

Som vanleg var det og ein del saker om kraftutbygging på dagsorden. I tillegg til konkrete konsesjonssøknader vart det og reist spørsmål om kommunen skulle selja konsesjonskrafta si for alltid. Dette var eit ledd i å få økonomi til gjennomføring av store prosjekt.

Representantar frå kommunen var til stades ved opning av trafostasjonen i Bordal for Sima-Samnangersambandet. Kommunen har arbeidd lenge for å få til ein installasjon som viser at Samnanger kommune er ein kraftkommune. Ordføraren har arbeidd aktivt mot Statnett for å få dette til, og det ser no ut som om det vert ein "ny paviljong" på Bjørkheim. Energipaviljongen vil både vera eit landemerke og ein plass der ein kan læra om energisystema.

Formannskapet

Fleire ulike saker knytt til økonomi var til handsaming. I tillegg til å ha fleire saker om eigedomsskatt vedtok dei å selja den kommunale bustaden i Hagamulen – salet vert gjennomført våren 2015 – og sal av ein mindre eigedom til garasje på Lønnebakken Formannskapet som styret for det kommunale næringsfondet ga i 2014 tilskot til tre verksemdar.

Naturutvalet

Halvparten av sakene i naturutvalet er søknader om dispensasjon frå kommuneplan. Mange av dei gjeld mindre tihøve som også ville ha kome med ein oppdatert arealplan. Det er mogleg at det bør vurderast å delegere ytterlegare fullmakter til rådmannen. Nokre av dispensasjonssakene kjem nok som fylgje av alderen på arealplanen. Det kjem relativt mange søknader om tiltak i strandsona til tross for at me her har ein nyleg vedteken plan. Dette er ofte saker som krev omfattande handsaming og ofte synfaringar. Naturutvalet handsama 8 delingssaker, dei fleste av dei var kurante.



Naturutvalet på synfaring på Høysæter

Naturutvalet arbeidde fram plan for småkraftverk. Planen var ute til høyring. Det kom inn ein del omfattande merknader, noko som gjorde at slutthandsaminga av den vart utsett til 2015.

Utvalet for oppvekst og omsorg

Utvalet har hatt mange gode drøftingar ikkje minst knytta til kvalitet og vegval i grunnskulen. Utvalet er på 5 medlemmer. Det har av ulike grunnar vore ein del frávær blant dei faste medlemmane, noko som har gjort at møte har blitt avlyst pga av for få framømte.

Administrasjonsutvalet - det partssamansette utvalet (medlemmene i formannskapet saman med representantar for dei tilsette) hadde oppe til handsaming fleire planar som vedkjem dei tilsette.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne har ikkje hatt ordinære møte dei siste par åra, men dei har samsnakkast, og leiaren har på den bakgrunn kome med uttale. Denne situasjonen kan ikkje halda fram. Ressursar til sekretær må prioriterast og/eller må me vurderast andre løysingar som t.d. å ha felles råd for eldre og funksjonshemma. Ei løysing andre kommunar har vald.


Eldrerådet hadde i 2014 3 møte og dei handsama 9 saker. Eldrerådet har gitt uttale i alle dei største sakene som har vore oppe til handsaming, sjukeheimen, arealplan, bibliotek, budsjett.

Ungdomsrådet. Einingsleiar for kultur er sekretær for rådet. Ungdomsrådet hadde i 2014 5 møte og handsama 24 saker. Dei ga uttale til fleire av planane som var på høyring, og dei engasjerte seg i å få kommunen til å søkja å vera med på forsøksordning med røysterett for ungdomar. Det har til tider vore litt problem med å få alle til å møte.

Ad hoc grupper

Kommunestyret har vald ei gruppe til å arbeida med **fair trade**. Anja Marken er leiar. Dei har fått utarbeidd noko brosjyremateriell, og det er laga ei eige side på kommunen si heimeside. Sist haust hadde dei og stand på Bjørkheim med utdeling av materiell og smaksprøver.

Prosjektgruppa for utbygging av **sjukeheimen** hadde i 2014 fleire møte. Leiar her er Brigte Olav Gåsdal.




**SAMNANGER
BRYR SEG**



Ressursbruk

KOSTRA-statistikken gir oss ein del informasjon om ressursbruken vår også på dette området. 2013 var eit særskild år med mykje konsulentbruk. I 2014 er me attende til meir normalt forbruk sjølv om me også dette året brukte ein god del pengar til konsulent knytta til bamevemssaka. Til kontroll og revisjon er det brukt noko mindre ressursar, noko som m.a. skuldast utsetting av ein forvaltningsrevisjonskontroll. Her vert det vist til kontrollutvalet si årsmelding. Landsgjennomsnittet er som venta mykje lågare. Her er eit område der dei mindre kommunane bruker vesentleg meir enn dei større. Det vert elles vist til årsmeldinga for interne tenester.




Samnanger kommune deltok i KS sin lokalundersøking der kommunestyremedlemmane og eit utval av innbyggjarane vart spurte om korleis dei oppfatta lokaldemokratiet i kommunen. Undersøkinga er meint å danne grunnlag for ein diskusjon. Den vert venteleg gjennomført i

kommunestyret i juni. Under er ein samletabell. Som vedlegg finn ein svara fordelte på dei to gruppene.

Spørsmål	S-snitt	L-snitt
Pålitelig styre		
Som regel kan en stole på loftene fra politikerne her i kommunen	2,9	2,9
Her i kommunen misbruker ikke de folkevalgte sin makt til personlig fordel	3,0	3,5
De som har gode pers. forbindelser i komm., får lettere ivare tatt sine interesser	2,6	2,5
Totalt	2,8	3,0
Ansvarlig styre		
Komm. gjør en god jobb med å informere innb. om aktuelle saker som diskuteres i kommunepolitikken	2,9	2,9
Komm. gjør en god jobb med å informere innb. om hva man får igjen for skattepengene	2,5	2,7
Stort sett vet innb. nok om forh. her i komm. til å bruke stemmeseddelen sin på en fornuftig måte i kommunevalget	3,0	3,0
Totalt	2,8	2,9
Borgernært styre		
Her i kommunen har innbyggerne gode muligheter til å påvirke kommunale beslutninger som engasjerer dem.	2,8	3,2
Her i kommunen involverer politikerne innbyggerne i forsøk på å finne løsninger på lokale problemer	2,6	3,0
Kommuneadministrasjonen gjør alltid sitt beste for å hjelpe innbyggerne	2,7	3,2
Totalt	2,7	2,1
Effektivt styre		
Jeg er i det store og hele godt fornøyd med kommunens tjenestetilbud til innbyggerne	3,0	3,3
I denne kommunen forvaltes de økonomiske ressursene på en forsvarlig måte	3,0	3,2
Jeg er i det store og hele fornøyd med måten komm. takler de langsiktige utford. som dette lok. samf. står overfor	2,8	3,0
Totalt	2,9	3,2
Fornylse og solidaritet		
Denne kommunen skal ha ros for fornyelse og nytenking i måten oppgavene løses på	2,4	2,9
Denne kommunen gjør en god innsats for å ivareta alle innbyggeres behov og rettigheter	2,6	3,2
Denne kommunen gjør for lite for de mest sårbare i samfunnet	2,4	2,4
Totalt	2,5	2,8
Om arbeidet som folkevalgt		
Det er klare partipolitiske skillelinjer i kommunepolitikken	3,0	3,0
I vårt kommunestyre er det gode politiske debatter	2,7	3,0
Ordføreren er en ordfører for hele kommunestyret	2,8	3,2
Her i kommunen er det dårlige relasjoner mellom posisjon og opposisjon	2,8	2,3
Her i kommunen er det lett for de folkevalgte å få satt en sak på dagsorden	3,0	3,2
Arbeidet i kommunens politiske organer går for tregt	2,9	2,6
Jeg synes min rolle som folkevalgt er klar	3,2	3,4
Det er en klar rolle- og ansvarsfordeling mellom de politiske organene	2,7	3,1
Jeg kjenner delegeringsreglementet godt	2,7	3,0
De folkevalgtes styring og kontroll med kommunale selskaper fungerer tilfredsstillende	2,7	2,8
Totalt	2,8	3,0
Om arbeidet som folkevalgt fortsetter		
De folkevalgtes styring og kontroll med interkomm. Samarb.tiltak fungerer tilfredsstill.	2,8	2,7
Statens detaljstyring av kommunen uthuler rollen som folkevalgt	2,9	2,8
Vervet som folkevalgt er altfor tidkrevende	3,0	2,6
Jeg synes godtgjørelsen som folkevalgt står i forhold til arbeidsinnsatsen	2,1	2,5
Jeg føler at jeg får gjort nytte for meg som folkevalgt	3,1	3,2
Alt i alt trives jeg godt med arbeidet som folkevalgt	2,8	3,3
Jeg blir behandlet med respekt av mine kolleger i kommunestyret	3,0	3,5
Som folkevalgt har jeg blitt utsatt for ubehagelige hendelser fra innbyggere	2,4	2,0
Totalt	2,8	2,8
Forholdet til administrasjon		
Administrasjonen er flink til å fange opp politiske signaler fra de folkevalgte	2,6	3,0
Det er lett å skaffe seg innsyn i den kommunale virksomheten	2,7	2,8
Administrasjonen legger for mange foringer i sakene	2,8	2,6
Det er klare ansvarslinjer i forholdet mellom politikk og administrasjon	2,6	3,0
De folkevalgtes kontroll med adm.sjonens iverkseting av vedtak fungerer tilfredsstillende	2,6	2,9
Rådmannen er flink til å synliggjøre det lokalpolitiske handlingsrommet i sakene	2,8	2,9
Rådmannens saksframsframlegg er lettfattelige	3,2	3,0
Min kommune har tilgang til tilstrekkelig kompetanse for å løse oppgavene	2,5	3,0
Totalt	2,7	2,9

Folketalsutvikling

2443




Det var ved årsskiftet 7 fleire innbyggjarar i Samnanger enn ved førre årsskiftet. Det var i 2014 født 35 barn; og når tal døde er 25 vert det eit fødselsoverskot. 8 av dei som flytta inn kom frå utlandet. Av dei som flytta frå kommunen flytta 8 ut av landet. Med ein vekst på i underkant av ¼ prosent, ligg me langt under målsettinga som ligg til grunn for arbeidet med ny kommuneplan/arealplan. Målet her er 1 – 1,5% årleg vekst. Landet sett under eitt har ein folkevekst på 1,1% og Hordaland fylke 1,2%. Gjennomsnittet for Samnanger dei siste 10 åra er på 4,4%, dvs. årleg vekst på 0,4%.

Oversikt over utviklinga i folketalet i 2005 – 2014

år	fødde	døde	Innflytting	utflytting	endring	folketal	%-vis endring
14	35	25	115	118	7	2443	0,29
13	27	17	90	103	2	2436	0,08
12	32	21	99	93	17	2434	0,70
11	27	19	109	93	23	2417	0,96
10	24	16	102	91	19	2394	0,80
09	32	34	101	106	-4	2375	-0,16
08	42	23	62	98	-17	2379	-0,71
07	29	22	121	85	43	2396	1,83
06	29	28	99	90	12	2353	0,51
05	22	23	104	85	19	2341	0,82

Det kan koma korrigeringar i etterkant slik at ikkje alle summeringane er korrekte for det einkilde år.

Administrativ organisering



I 2014 har rådmannen fungert som einingsleiar for sosial og helse. Det har og vore lengre sjukefråvær for einingsleiar for kultur og teknisk. Ass. rådmann har teke ansvar for kultur, medan planleggjar på teknisk Ragnhild Lønningdal har hatt ansvaret for denne eininga sidan oktober 2014.



GENERELLE MERKNADER

Ein viktig milepæl vart nådd då endeleg startsignal for bygging av ny sjukeheim vart gitt av kommunestyret i august 2014. Bygginga kom i gang i november, og i mars 2016 kan me ta den nye Samnangerheimen i bruk.

Me legg fram eit rekneskap med for oss eit heller stort underskot. Det er tilfelle hjå mange kommunar i 2014, og hovudgrunnen til det er svikt i skatteinntektene. Samanlikna med opphavleg budsjett så har me 3 millionar kroner mindre i inntekter frå skatt og ramme. Forventa låge skatteinntekter for landet vart kjend relativt tidleg på året. Regjeringa ga klar melding om at det ikkje ville verta gitt kompensasjon for skattesvikten. Utviklinga i skatteinntgangen vart derfor gitt ekstra fokus og naudsynte budsjettjusteringar vart gjort. Det gjer at rekneskapen berre viser eit lite negativt avvik på desse inntektene. For å få til justeringane vart det pålagt reduksjonar i driftsbudsjetta. Ikkje alle har klart å tilpassa drifta til den nye ramma. I tillegg var det og postar som var underbudsjetterte som det var vanskeleg å gjera noko med.

For sentraladministrasjonen og teknisk og då særleg for eining for interne tenester har det gått mykje tid til innføring av eigedomsskatt. Det har gått ut over ein del av arbeidet med internkontroll inklusive budsjettstyring.

Det har vore ein del frávær og vakansar i ein del sentrale stillingar. Dette har medført utfordringar for rådmannen og ass. rådmann som har måtte prioritera oppfølging av einskildsaker på bekostning av arbeid med leiing og lokalsamfunnsutvikling.

Samnanger leverer stort sett gode tenester, men diverre på ein del område til ein for hog pris. Me har klart å ta ned kostnader på nokre område, men det er ikkje godt nok særleg fordi utgiftene på andre område har auka. Inntektene våre er ikkje store nok til å halda oppe dagens driftsnivå, og dei framtidige utfordringane knytt til hogare lånegjeld gjer at det hastar med å få balanse mellom inntekter og utgifter. Innføring av eigedomsskatt er eit av dei grepa som er gjort i så måte, men dette er ikkje nok. Rådmannen ser for seg ein gjennomgang av alle ordningar det veru seg omfanget av tenestene og ordningar for dei tilsette for budsjettet for 2016 vert laga.

Kommentarar til driftsrekneskapen

Rekneskapen hadde for strykingar eit meirforbruk på 2,03 mill kroner. Inntekter frå ramme og skatt vart 2,9 mill kroner lågare enn opphavleg budsjettert. Der vart foretatt budsjettjusteringar i løpet av året og samanlikna med revidert budsjett kan me oppsummert sei at meirforbruket (underskotet) skuldast:

Meirforbruk einingane	-2,26 mill kroner
Konsesjonskraft	-0,49 mill kroner
Skatt, ramme og inntektsutjamning	-0,05 mill kroner
Ekstra skjønsmidlar sett av på fond	-0,25 mill kroner
Netto premieavvik og fond	1,32 mill kroner
Byggelånsrente ført i drift	-0,45 mill kroner
Nettogeivinst lågare rente	0,41 mill kroner
Urealisert tap aksjar	-0,32 mill kroner

Strykingar er gjort i samsvar med § 9 i forskrift om årsrekneskap og er gjennomført på denne måten:

- Stryka overføringar frå drift til investering	0,44 mill kroner
<u>Meirforbruk 2014 etter strykning</u>	<u>1,58 mill kroner</u>

	Opphavleg budsjett	Rev.budsjett	Rekneskap	
Skatteinntekter	61 617 000	57 817 000	57 433 141	
Rammetilskot inkl. inntektsutjamning	78 863 000	79 561 000	79 892 667	
Samla	140 300 000	137 378 000	137 325 808	-52 192

Kommunane har samla hatt ein auke i skatteinngangen på 1,9 % frå 2013. I statsbudsjettet var det lagt til ein grunn ei auka på 3,4 %. Det er ikkje gitt kompensasjon for reduserte skatteinntekter. Kommunen sitt budsjett for 2014 var i tillegg auka opp med ca 700 000 kroner i forhold til KS sine prognoser for skatteinngang. Resultatet er at kommunen har mottatt vel 4 mill kroner mindre enn det som var opphavleg budsjett. Gjennom omfordelingsmekanismer i ordninga med rammetilskot er ca 1 mill. kroner av dette kompensert for.

Det har gjennom året vore foretatt to større budsjettjusteringar for å dekke opp for sviktande skatteinngang. Resten av disposisjonsfondet på 249 000 kroner vart nytta i tillegg til at vedtatt bruk av Sima.Samnanger fond vart overført til næringsfondet med 589 000 kroner. Einingane vart pålagt eit kutt på 1,5 mill kroner.


Samanlikna med revidert budsjett har kommunen fått inn 52 000 kroner mindre. Skattesvikten mot opphavleg budsjett er det ikkje funne inndekking til og einingane sitt kutt på 1,5 mill kroner viste seg å bli svært krevjande spesielt for pleie- og omsorg og sosial og helse.

Samanlikna med 2013 fekk kommunen 4,6 mill kroner meir i inntekter frå ramme og skatt. Dvs ein auke på 3,4%.

Finansielle nøkkeltal

Det var tidlegare tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i rekneskapen på minimum 3% av driftsinntektene. Frå 2014 skal kommunen inntektsføra investeringsmoms direkte i investeringsrekneskapen. Dette gjer at det anbefalte kravet no er på 1,75 %. Dette er viktig for å kunne setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av. Samnanger har i 2014 eit negativt netto driftsresultat på 1,66 % av brutto driftsinntekter. (grafene er pr 15.februar og det vart gjort endringar etter dette). I 2013 hadde kommunen eit resultat på 1,6 % . Når me korrigerar for investeringsmomsen, var resultatet også då negativt med -1,36 %.

Det er ei realiteten ikkje pengar att på disposisjonsfondet pr 31.12.2014. M.a.o. har ikkje kommunen buffer til å handtera uforesette hendingar. Eigedomsskatten er frå 2015 utvida til å gjelda alle eigedomar i kommunen. Delar av desse inntektene bør nyttast til å styrka handlefridomen til kommunen ved at det vert bygd opp eit disposisjonsfond av noko storleik.



Einingane

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap for driftsdelen av rekneskapen og avviket mellom budsjett og rekneskap. Eit tal i minus er eit meirforbruk (underskot). I tillegg viser den avvik mellom budsjett og rekneskap på det som gjeld finanskonti i rekneskapen. Dette vil gjelda avskrivningar, kalkulatoriske renter, avsett til og bruk av fond. Inntekt frå investeringsmoms er frå 2014 fort direkte i investeringsrekneskapen. Totalt har einingane eit meirforbruk på 2,2 mill kroner.

	Revidert budsjett drift			Rekneskap drift			Avvik drift	Avvik finans	Sum avvik
	Inntekter	utgifter	netto	Inntekter	utgifter	netto			
Pleie/ omsorg	-8 589	60 671	52 082	-10 037	63 443	53 406	-1 324	-44	-1 368
Sosial og helse	-4 321	22 683	18 362	-4 550	23 855	19 305	-943	3	-940
Barnehage	-3 496	18 904	15 408	-3 914	19 359	15 445	-37	-3	-40
Kultur	-1 705	5 078	3 373	-1 673	4 851	3 178	195	-55	140
Barneskule	-1 578	21 579	20 001	-1 815	22 272	20 457	-456	-2	-458
Ungdomsskule	-969	11 877	10 908	-1 378	11 682	10 304	604	6	610
Teknisk	-12 235	21 656	9 421	-13 056	22 116	9 060	361	-625	-264
Stab	-1 284	13 983	12 699	-2 747	14 929	12 182	517	-25	492
Skule- og barnehageadm, VO	-3 054	9 391	6 337	-3 095	9 660	6 565	-228	-200	-428

(meirforbruk -/ mindreforbruk +)(tala i 1.000 kr)

Svikt i skatteinntektene gjorde at einingane vart pålagt eit kutt på 1,5 mill kroner sommaren 2014. Kuttet vart fordelt ut på einingane, men det viste seg å bli problematisk for nokre av dei å klare ei innsparing.

Det er gjort forbetringar rundt arbeidet med budsjettoppfølging og budsjettjustering i 2014, men knappe ressursar gjer at oppfølginga spesielt hausten 2014 ikkje har vore optimal.

Pleie og omsorg (PLO). Resultat: meirforbruk 1 368 000 kroner Avvik 2,56 %. Sum netto resultat 53,4 mill kroner. Dette er den største eininga og mindre prosentvise avvik gir store avvik i kroner. Det er derfor veldig viktig med god budsjettkontroll.

2014 har vore eit utfordrande år på fleire områder. Det vart tidleg klart at kostnad knytt til innleige av kvalifisert personell via vikarbyrå til eit særleg krevjande tiltak på sjukeheimen var underbudsjettet med ca 900 000 kroner. I tillegg måtte kommunen inngå avtale med eit nytt vikarbyrå som hadde høgare timesats. Grunngevinga for dette var mangel på kompetanse. Denne avtalen vart gjort hausten 2013, og budsjettframlegget tok ikkje høgde for det. Det har medført eit meirforbruk på dette tiltaket på 1,2 mill kroner samanlikna mot opphavleg budsjett og 600 000 kroner mot revidert budsjett.

PLO har og nytta vikarbyrå for å dekkja opp for manglande vikarar og vakanse i stillingar på sjukeheimen. I rydde- og flytteperioden gjekk sjukeheimen med noko ekstra personell. Det var og utgifter til sjølve flytteprosessen og tilrettelegging på Hamnahaugen for sjukeheim. Noko utstyr og materiell måtte kjøpast inn ekstra sidan pasientane på sjukeheimen er på to forskjellige stadar. Leilegheiter på Ytre-Tysse sto tomme fram til hausten 2014, og kommunen hadde utgifter til husleige i denne perioden. I tillegg kom utgifter til leige av sjukeheim på Vaksdal på slutten av året med 450 000 kroner.

Det var og innløyasing av 7 leasingbilar, og utgifta kom i snitt på 34 000 kroner pr bil i reperasjonar.

Det var planlagt ein samordning av dei to bufellesskapa, men fordi me ikkje klarte å få på plass ei ny bueining på Skottabakken for heil på slutten av året vart ikkje innsparinga slik som planlagt. Ei innsparing som var tenkt nytta til å dekkja opp andre område innan plo. Kommunen har

motteke større tilskot til ressurskrevjande brukarar enn budsjettert. For 2014 får kommunen 2,16 mill kroner i tilskot mot 1,49 i kroner i 2013.

Den økonomiske utfordrande situasjonen for kommunen med svikt i skatteinntektene gjorde at plo sitt budsjett vart styrka berre med 200.000 til tross for dei mange utfordringane. PLO vart pålagt å finna dekking innan eige budsjett, noko som dei ikkje klarte.

Av kuttet på 1,5 mill kroner vart PLO pålagt 300 000 kroner.

Sosial- og helseeininga. Resultat: meirforbruk 940 000 kroner. Avvik : 4,87 %. Sum netto resultat 19,3 mill kroner. Økonomisk sosialhjelp er alltid ein post som er vanskeleg å budsjettera. Dei siste åra har me løyvd midlar her, så også i 2014. Utviklinga i forbruket er moderat og tilsvarer omtrent prisauken.

Den store meirforbruken er på barnevern og då på tiltak utanføre familien der det er eit negativt avvik på kr 678.000. Av dette utgjorde mindre tilskot enn forventa til flyktningane 192.000 kroner. Samnanger kommune har hatt ein diskusjon gåande med Bergen kommune om betaling for institusjonsplass til ein ungdom som er heimehøyrende i Åsane men som sjølv tok kontakt med barnevernet då han oppheld seg på besøk i Samnanger. Me har heile tida meint at det låg føre ei forståing om at Bergen skulle i det minste ta institusjonskostnadene – ca. 350.000 kroner for eit halvt år, men det har ikkje vore mogleg å få Bergen til å ta ansvar for frå 1.1.2015.

Det er eit avvik på helsebudsjettet på vel 300.000 kroner. Det er innsparingar på alle funksjonane med unntak av lege og samhandlingsreform. Medfinansiering, dvs. overføring til sjukehus kosta 124.000 kroner meir enn kommunen fekk kompensert i rammetilskotet. På legekantoret var det ein del feilbudsjetteringar, noko som har medført at det vart gitt ein del tilleggsløyvingar. Til tross for dette vart det eit relativt sett stort avvik.

Sosial og helse var i utgangspunktet pålagt å redusera drifta med 150.000 kroner-

Kultureininga. Resultat: mindreforbruk 140 000 kroner. Avvik: 2,24 %. Sum netto resultat 3,05 mill kroner. Sjukefråvær har gjort at aktiviteten ikkje vart så høg som forventa delar av året. Det har ikkje vore utgifter til vikar i denne perioden, og eininga har her hatt ei innsparing på ca 150.000 kroner. Kr 130 000 av sjukerefusjonen vart overført til teknisk eining og ansvar rådmann for å dekkja utgifter med konsulent utbygging Bjørkheim

Av kuttet på 1,5 mill kroner vart teknisk eining pålagt 185 000 kroner.

Samnanger barneskule. Resultat: meirforbruk 458 000. Avvik 5,92 %. Sum netto resultat 20,46 mill kroner. Ein lærar var feilbudsjettert og låg inne med 12 % stilling i staden for 100 % stilling. Dette vart korrigerert, og 647 000 kroner vart overført for å styrka budsjettet. Det har vore meir forbruk på 468 000 kroner når me ser på lønn og sjukerefusjon under eit. Det er fleire beredskapsheimar i kommunen noko som i periodar gir utfordringar på skulen. Noko av desse utgiftene får kommunen refundert frå andre kommunar, og det er i 2014 budsjettert med både ekstra utgifter til lønn og refusjonsinntekter. Kommunen fekk 70 000 kroner mindre i refusjonsinntekter enn budsjettert på dette området.

Av kuttet på 1,5 mill kroner vart barneskulen pålagt 220 000 kroner.

Samnanger ungdomsskule. Resultat: mindreforbruk 610 000 kroner. Avvik: 5,92 % Sum netto resultat 10,3 mill kroner. Ungdomsskulen har hatt utfordringar med å skaffe vikar for tilsette som var ute i barselpermisjon. For å løyse dette har både rektor og inspektør undervist i svært mange timar, både som fast og vikar. Vikar for sjukemeldte har hatt ein lågare kostnad enn fastlønna som kommunen har mottatt refusjon for og har gitt ein innsparing. Totalt har det vore ei innsparing på lønn og refusjon på ca 1 mill kroner. 202 000 kroner vart overført til områder med meirforbruk/ feilbudsjettering i KS vedtak 28/14.

Totalt er ungdomsskulen sitt budsjett redusert med 422 000 kroner. Dette inkluderer ungdomsskulen sin del av pålagt kutt på 220 000 kroner av totalt 1,5 mill kroner.

Teknisk eining. Resultat: meirforbruk 264 000 kroner. Avvik: 2,26 %. Sum netto resultat 11,67 mill kroner. Samnanger kommune har frå 2014 inngått eit brannsamarbeid med Bergen kommune. Brann har eit meirforbruk på 289 000 til tross for at dei i løpet av året fekk auka budsjettet med 226 000 kroner. Det er i løpet av 2014 arrangert to helge-kurs, og fleire kurs er planlagt og gjennomført i 2015. Fylkesmannen har gitt ekstra skjønsmidlar til den auka ekstra kostnad med 250 000 kroner. Pengane er sett av på fond då størstedelen av utgifta til opplæring er i 2015.

Våren 2014 gav innsparing på vintervedlikehald med kr 400 000. Straumutgiftene var budsjettert kr 257 000 for lågt og eininga fekk inn kr 264 000 mindre i husleigeinntekter enn det som var budsjettert. Hovudårsaka ligg i at fleire av bebruarane flytta til Ytre Tysse i september då delar av leilegheitene på Hammahaugen vart gjort om til sjukeheim. Inntekter frå husleige på Ytre Tysse vert ført som inntekt på pleie- og omsorg.

Av kuttet på 1,5 mill kroner vart teknisk eining pålagt 250 000 kroner.

Interne tenester. Resultat: mindreforbruk 492 000 kroner. Avvik: 4,09 %. Sum netto resultat 12,0 mill kroner. Det er eit mindreforbruk på ansvar 1200 (politisk nivå og revisjon) på 287 000 kroner. Dette skuldast m.a. at kontrollutvalet ikkje kom så langt som planlagt med arbeidet med forvaltningsrevisjon. Det vart og betalt ut litt mindre i møtegodtgjering enn det som det vart budsjettert med.

Ansvar 1200 fekk styrka budsjettet med totalt 431 000 kroner til m.a. å dekke konsulentutgifter til arbeidet med interpellasjon om teieplikt. 80 000 kroner vart finansiert av disposisjonsfondet. Resten, 351 000 kroner, vart dekke av kutt og innsparing i andre einingar.

På ansvar 1201 (stabsdel) er det eit mindreforbruk på 151 000 kroner. Dette skuldast i hovudsak innsparing på felles IT. På ansvar 1202 (diverse fellesutgifter) er det eit mindreforbruk på 55 000 kroner. Utgift til forsikring og konsulent vart noko mindre enn budsjettert.

Av kuttet på 1,5 mill kroner vart stabseininga pålagt 125 000 kroner.

Barnehage. Resultat: meirforbruk 40 000 kroner. Avvik: 0,26%. Sum netto resultat 15,41 mill kroner. Eininga har hatt netto innsparing på lønn/ sjukerefusjon og i tillegg meirinntekter frå brukarbetaling på 129 000 kroner jfr opphavleg budsjett.

Ved gjennomgang av kommunen sin økonomi i juni 2014 vart 360 000 kroner av denne innsparinga overført til område med svikt i inntekter/ meirforbruk og feil budsjettering (KS 28/14). I november vart ytterlegare 150 000 kroner overført frå barnehagen sitt budsjett til andre områder. Denne omfordelinga av midlar påverka ikkje drifta i barnehagen då dette var midlar som var kome som eit resultat av meirinntekter frå brukarinnbetaling og netto innsparing vikar/ sjukerefusjon.

Totalt vart barnehageeininga sitt budsjett redusert med 660 000 kroner inkludert pålagt kutt på 150 000 kroner

Skule- og barnehageadministrasjon og vaksenopplæring: Meirforbruk 428 000 kroner. Avvik: 6,57 %. Sum netto resultat 6,52 mill kroner.

Tilskot til private barnehagar og kjøp av barnehageplass i private barnehagar i andre kommunar vart 448 000 kroner meir enn budsjettert. Innafor vaksenopplæringa (VA) var det budsjettert med å bruka 250 000 kroner av fond til dette formålet. Utgiftene har vore noko lågare ann budsjettert og 50 000 kroner av fondet vart nytta.

Utgift til skule i andre kommunar (gjesteelevar) vart 230 000 kroner meir enn budsjettert. PPT vart noko rimelegare enn antatt noko som skuldast vakanse ved PPT kontoret i Vaksdal. Samnanger kommune har ein avtale med Hordaland fylkeskommunen om vidaregåande opplæring ein elev med særskilde behov. Inkludert i denne avtalen er plo, ungdomsskulen og sentraladministrasjonen. Fordeling av utgiftene er i 2014 ikkje korrekt ført, noko som har gjort at det på denne funksjonen er eit negativt avvik i høve til budsjettet på 137 000 kroner.


Andre postar

Det største avviket som ikkje er knytt til ei eining ligg på sal av konsesjonskraft. Me selte til fastpris i 2014 utifrå ein forventning om at denne prisen ville gje ei inntekt på 4,4 mill kroner. Kommunen fekk inn 3,9 mill kroner noko som er eit avvik på 0,5 mill kroner. BKK har beklaga at dei rekna feil då dei gav oss rettleiing om kjøp til fastpris.

Premiavvik og pensjonsfond


Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed og rammevilkåra til kommunen. Eit positivt premieavvik blir bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefond, vert årets premieavvik redusert med tilnærma sama sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.

I 2014 skifta me pensjonsleverandør frå DNB til KLP for tilsette som er med i fellesordninga. Fondet som kommunen hadde i DNB vart overført til KLP og vart i 2014 brukt til å betale faktura på pensjon med til saman 7,5 mill kroner inkluder arbeidsgjevaravgift. Som eit resultat vart årets premieavvik negativt med 2,2 mill kroner. Når me ser premiefond og premieavvik under eit har kommunen i 2014 ei "inntekt" på 3,6 mill kroner, noko som er 1,36 mill meir enn budsjettert. Fordelen med å bruka av fond i 2014 og dermed få eit negativt premieavvik, er at dette negative premieavviket skal fordelast over dei neste 7 år som ei inntekt. Ved overgangen til KLP er det bestemt at me skal bruka fondet fortløpande til å betale faktura med.



Finansplassering

Aksjane i Nordisk Areal as hadde ein verdi pr 31.12.2014 på kr 51,- pr aksje, ein reduksjon på kr 5 pr aksje frå 2013. Kommunen har 39 147 aksjar. Det vart i 2014 betalt ut eit utbytte på kr 548 058 (kr 14 pr aksje). I 2013 var utbytte på kr 13 pr aksje. Våren 2014 vedtok kommunestyret at aksjeposten skal seljast til kr 58,- pr aksje eller meir. Det er i 2014 bokført eit urealisert tap på kr 195 735. For meir informasjon vedr. finansplassering sjå note 3 og 7. Kommunen har bokført eit netto tap på 2 mill kroner i perioden etter kjøp i 2007. Sjå graf. Det er utbetalt utbytte på til saman 1,1 mill, noko som gir eit netto tap på kr 0,9



Driftsutgifter


Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med 9,5 mill kroner frå 2013, noko som er ei auka på 5,11 %. Løn, som er den største delen av driftsutgiftene, har auka med 3,08 % (3,8 mill kroner). Kjøp av tenester frå stat, private, kommunar m.fl. har auka med netto 0,7 mill kroner. Kostraendring i føring av tenester frå bufetat (barnevern) gjer at denne auken reelt sett er større. Kommunen har auka kjøp frå andre kommunar med 1 mill kroner. Her ligg utgifter til brannsamarbeid med Bergen kommune og kjøp av skatteoppkrevjar frå Kvam herad. Utgifter til elevar i andre kommunar har auka med 0,6 mill kroner. Innleige av personell innafør pleie- og omsorgstenesta har auka med 0,79 mill kroner til 7,6 mill kroner i 2014.

Auken i overføringar til andre på 4,1 mill kroner skuldast delvis kostraendring i føring av kostnader innan barnevern til Bufetat på kr 2,4 mill. Utgifter til Bufetat auka med 1,1 mill kroner

frå 2013. Kommunen fekk tilskot frå fylkesmannen til breibandutbygging på 1,2 mill kroner. Midlane er betalt ut til BKK, Kvamnet og Fusa kraftlag, og dette er ført som overføring til andre. Sosialhjelp er i 2014 på same nivå som i 2013. Det er betalt ut 0,29 mill kroner meir i bustadtilskot i 2014 enn i 2013, og det er betalt ut 0,25 mill kroner i spelemidlar til skileikanlegg.

Kjøp av varer og tenester har auka med 0,8 mill kroner. Delar av sjukeheimen flytta i november til Vaksdal, og det er betalt husleige for til saman 0,45 mill kroner. Kostnad med innføring av eigedomsskatt er i 2014 på kr 1,19 mill. Av dette er 0,8 mill kroner opplæring, program, lisensar og kjøp av konsulenttenester. Kjøp av konsulenttenester er i 2014 redusert med 1,1 mill kroner når me ser vekk frå kostnad med innføring av eigedomsskatt.

Driftsutgifter fordelt på kostraart:



2014 var eit hovudoppgjer tariffmessig, og resultatet for dei fleste tilsette vare ein lønsauke på mellom 3 og 4%. Sjukefråværet er litt redusert frå 2013 og er på 7,7 % (7,8% i 2013). Målet er at det samla sjukefråveret skal vere på 6 %.

I 2014 mottok kommunen 4,96 mill kroner i refusjon sjukeløn og fødselspengar mot 4,34 mill kroner i 2013. Noko av forklaringa på kvifor sjukerefusjon er auka sjølv om sjukefråveret er litt redusert, ligg i ein opprydding som vart gjort på sjukerefusjon på slutten av 2013. Ei anna forklaring kan og vera at det har vore ei vriding mellom langtidsfråver og korttidsfråver utan refusjon. Tal tilsette i Samnanger er blitt redusert med 10 personar, medan tal årsverk er redusert med 3 til 184 årsverk. Det betyr at det er færre små stillingsprosentar. Sjø note 18.

Oversikt over lønsutgifter i driftsrekneskapen inkl. sosiale utgifter korrigert for sjukepengerefusjon, premiefond og premieavvik (tal i 1 000 kr)

	2010	2011	2012	2013	2014
lønn	108 068	118 942	123 098	125 748	129 621
Lønnsutgifter	111 282	123 722	126 991	129 351	133 306
Sjukepenger	3 110	4 683	5 501	4 348	4 961
Netto lønn	108 172	119 039	121 490	125 003	128 345
% auke	7,5 %	10,0 %	2,1 %	2,9 %	2,67 %

Brutto driftsutgifter; Samnanger og samanlikning med andre.


Oversikta viser korleis kommunen har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanlikna med kostragruppe 3 (KG 3) og landet utan Oslo. "Helse og omsorg" omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene. Frå 2014 er Samnanger blitt flytta over i KG 3 som gjeld små kommunar som har middels bunde kostnader, men med høge frie disponible inntekter pr innbyggjar. Kommunen si tidlegare kostragruppe 2 har middels frie disponible inntekter pr innbyggjar.

Samnanger kommune prioriterar barnehage, skule og helse og omsorg meir enn snittet i KG 3, men ligg lågare enn KG3 for kultur, sosial og administrasjon. Samanlikna med landsgjennomsnittet brukar me meir pengar på administrasjon, skule, barnevern og kyrkja. Noko av forklaringa her vil liggja i smådriftsulempar når me samanliknar med landsgjennomsnittet. I ein liten kommune kan små endringar i prioritering gje store utslag, Prioriteringar kan vera både styrte og situasjonsbestemte.

%- vis fordeling av brutto driftsutgifte til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter


	Samnanger				KG3 2014	Landet 2014
	2011	2012	2013	2014		
Adm. og styring	7,9	7,7	8,2	8,1	8,6	6,0
Barnahage	12,0	12,6	12,4	11,8	7,6	12,3
Skule	19,4	20,5	20,4	20,5	18,3	19,9
Helse og omsorg	35,0	35,0	36,0	36,5	34,5	32,6
Sosial	3,9	2,8	2,4	2,2	2,8	4,6
Barnevern	2,4	2,8	3,7	3,5	2,7	3,0
Kultur	2,7	2,2	2,3	2,2	3,8	3,6
Kyrkja	1,5	1,4	1,4	1,4	1,0	0,9
Næring	1,2	0,9	0,8	0,6	3,2	1,1
Samferdsle	2,4	2,7	1,8	1,6	1,9	1,5
Brann	1,5	1,7	1,9	1,7	1,4	1,3

Finansutgifter - lånegjeld og renter



Søylene viser utviklinga i lånegjeld dei siste åra og linja viser netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter. I netto lånegjeld er utlån og unytta lånemidlar tatt ut. Kommunen hadde i 2014 ei lånegjeld på 72 % av driftsinntektene. Kommunen har frå 2013 til 2014 endra kostragruppe. I 2013 var kommunen i kostragruppe 2 (KG 2), men frå 2014 er kommunen i kostragruppe 3 (KG3). Begge gruppene gjeld små kommunar som har middels bunde kostnader. KG 2 har middels frie disponible inntekter pr innbyggjar, medan KG 3 har høge frie disponible inntekter pr innbyggjar. KG 3 har ei lånegjeld i % av brutto driftsinntekter på 69,1 %, KG 2 låg på 68,5 % og langsgjennomsnittet utanom Oslo låg på 69,2 %.


Total lånegjeld pr 31.12.2014 er på 165 mill kroner inkludert unytta lånemidlar på 17,8 mill kroner. Det er tatt opp i samla lån i 2014 på kr 18,64 mill kroner til investeringar. I 2015 blir det tatt opp lån på til saman 65 mill kroner. Samnanger har i mange år hatt færre lånekroner pr innbyggjar enn i KG 2, som det har vore naturleg å samanlikna seg med, og ligg langt lågare enn KG 3. Samnanger har kr 58 353 pr innbyggjar og KG 3 har 67 464 kr pr innbyggjar. Veksten i KG 2 og KG 3 har flata ut og medan veksten i Samnanger framleis er på veg opp. Den blå grafen er Samnanger, den raude er KG 2, den grøne er KG 3 og den lilla landet utan Oslo.



Samnanger kommunen har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av rente- og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt

høgare rentesats og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek og risiko ved tap. Kommunen tek og opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera f.eks. drikkevatt, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansiert. For kommunen vil nedbetalings-tid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunne gje driftsutgifter utover sjølvkost.

Grafen til høgre viser renter og avdrag knytt til nybygg og andre investeringar. Startlån og lån til VA er ikkje med her. Renteutgifter på kr 470 500 (461 300 i 2013) er finansiert i investeringsrekneskapen (byggjelånerente). Kommunen har i 2014 tatt opp lån på kr 18,64 mill kroner med fire avdragsfrie år. Pr 31.12.2014 er det 38,64 mill kroner som me ikkje er begynt å betale avdrag på endå. Med alle dei investeringane som ligg i



økonomiplanen, vil rente og avdragsutgifter dei neste åra bli så høge at det ikkje vil vera mogeleg å betena låna med dagens drift. Dette var hovudgrunnen til at kommunestyret har vedtatt å utvida eigedomsskatten frå 2015 til å gjelda alle eigedomar. Kommunen betalar i 2014 minimumsavdrag og ligg lågare enn det fylkesmannen anbefalar. Fylkesmannen tilrår at avdragsutgifter på lån skal utgjera min. 3,5 % av gjeld. I 2014 ligg Samnanger på 3,12 %, dvs kr 600 000 lågare enn anbefalt. Det var den særstonge økonomien i 2014 som gjorde at det vart vedtatt å betala minimumsavdrag. Dette kan ikkje fortsetta på sikt og kommunen må så snart som mogeleg betala avdrag på nivå med anbefalingane frå fylkesmannen.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2014 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til Soknerådet. Totalt har kommunen mottatt 626 006 kroner. Av dette gjeld 106 813 kroner omsorgsbustader på Tysse, og desse pengane vert vidareformidla til Tysse utleie.



Det var for 2014 lagt til grunn ei flytande lånerente på 2,25 % . Renta i kommunalbanken kor dei fleste låna med flytande rente er, har vore på ca 2,25%. (sjå note 14). Renta på innskott er på 1,95 % pr 31.12.2014 på fondskontoen (Sjå note 7a). Renta i SPV er sett ned fleire gongar i løpet av året (frå 3,2 % til 2,9 %, deretter til 2,55 % og til 1,95 % frå 27.12.14.) Pr i dag har ikkje kommunen betre rentevilkår i SPV enn me har i DNB og det er uvanleg.

Framdrifta på fleire investeringsprosjekt har ikkje vore som forventa, og kommunen fører berre renta på den del av lånet som er blitt brukt i investering. Overføring av renteutgift frå drift til investering har derfor vore lågare enn budsjettert. Samstundes vart renteutgiftene budsjettert litt høgt og det har gitt ein netto påverknad på driftsrekneskapen på kr 100 000. Når lånemidlar ikkje er nytta pga at framdrift ikkje har vore som forventa på investeringsprosjekt, er lånemidlane plassert på kommunen sin fondskonto og har gitt auka renteinntekter. Fram til

hausten 2014 har kommunen hatt høgare rente på innskot enn på lån og unytta lånemidlar har på den måten ikkje gitt kommunen ekstra kostnader.


Driftsinntekter

Kommunen får stadig større del av overføringane frå staten som rammetilskot. Dette er tilsikta frå staten si side som har ynskja ein vridning av kommunane sine inntekter frå skatt til ramme. Kommunen sine inntekter har auka med 8,56 mill kroner (4,52 %) frå 2013 til 2014. Frå og med 2014 er investeringsmomsen ført som inntekt i investeringsrekneskapen. Tal for perioden 2010 – 2013 er korrigert for investeringsmoms.

Rammetilskotet har auka med kr 4,98 mill, medan inntekt frå skatt er redusert med kr 0,3 mill. Av auken i rammetilskot er kr 250 000 sett av på fond då dette var eit ekstra tilskot knytt til opplæring på brann som vart utført i 2015.

Kommunen har og mottatt kr 1 mill meir i tilskot i 2014 enn i 2013. Auken kjem frå auka tilskot til ressurskrevjande brukarar og auke sjukelønsrefusjon, til saman 1,7 mill. Refusjon frå fylkeskommunen er redusert med kr 0,7 mill. Tilskotet til Bjørnefjorden næringsutvikling er i 2014 redusert med kr 0,4 mill. Fylkeskommunen har gitt kr 1,2 mill i tilskot til breibandsutbygging i kommunen. Pengane er betalt ut til BKK, Kvamnet og Fusa kraftlag.


Det kom og ei endring i 2014 om korleis inntekt frå konsesjonskraft skal først. Frå 2014 skal dette først som salsinntekt, tidlegare år er dette ført som "andre overføringar". I 2014 hadde kommunen kr 3,9 mill i inntekter frå konsesjonskraft mot kr 4,2 mill i 2013. Reduksjonen i andre overføringar og auken i salsinntekter skuldast i hovudsak denne kostraendringa. I tillegg er det auka inntekter i 2014 på kr 1,4 mill som gjeld tømning av private tankar som vert fakturert anna kvart år. Frå og med 2015 er dette endra og vil bli fakturert på same måte som dei som er knytt til kommunale tankar.



*Refusjon og tilskot er korrigert for investeringsmoms som fram til og med 2013 vart ført som inntekt i driftsrekneskapen.

Inntekter frå kraftproduksjon

Konsesjonskraft



Samnanger kommune sel 22.321,1 MWh/år. I 2014 selde kommunen krafta til fast pris. Det vart ved avtaleinngåing opplyst at me ville få ei inntekt på ca kr 4,4 mill som var som budsjettert. Dette viste seg å vera feil og BKK har beklaga at dei hadde rekna feil. Prisane dei siste åra har jamt over vore lågare enn det kommunen fekk i perioden 2008 – 2010.

I 2014 fekk kommunen inntekter på kr 3,9 mill mot budsjettert kr 4,4 mill. Prisane dei siste åra viser at me bør vurderer om dagens måte å selja krafta på er den rette. Eit alternativ kan vera å bruke krafta sjølv. Eit anna kan vera om kommunen skal gå inn på meir langsiktige avtalar.

Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det utskreven eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille i 2014. I 2014 hadde kommunen inntekt frå eigedomsskatt på verk og bruk på kr 12,38 mill kroner mot 12,36 mill kroner i 2013.

Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av likningsmyndigheitene kvart år. Me er no på veg inn i år med lågare kraftprisar og dette vil gje lågare inntekt frå eigedomsskatt på kraftverk.

Det vart i eigedomsskattelova innført ei minimum og maksgrense som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket er blitt indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomsskattelova gir eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. På oppdrag frå eigarkommunane i LVK (Landssamanslutninga av vassdragskommunar) vert det arbeidd med å få bort dette makstaket, men det må i tillegg arbeidast politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

Naturressursskatt

Med kraftproduksjon i kommunen kjem naturressursskatt. Naturressursskatt blir utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil ikkje variera mykje frå år til år når produksjonen er normal. I 2014 fekk kommunen 4,38 mill kroner i naturressursskatt (4,37 mill kroner i 2013).

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift skal vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som kjem som følge av utbygging av kraftanlegg. Dette vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gitt etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg. Summen er fast og blir indeksregulert kvart 5. år. I 2014 vart summen regulert og kommunen fekk utbetalt kr 979 457 mot 898 443 i 2013. Midlane er sett av på næringsfondet i samsvar med føringar.

Samla oversikt over inntekter frå kraftproduksjon


	2010	2011	2012	2013	2014
Konsesjonskraft	6 395 351	5 100 772	2 673 976	4 225 317	3 908 283
Konsesjonsavgift	898 443	898 443	898 443	898 443	979 457
Naturressursskatt	4 420 658	4 420 658	4 399 241	4 369 981	4 387 537
Eigedomsskatt knytt til kraftproduksjon og ledningsnett	8 815 604	8 884 266	9 736 051	11 762 049	11 787 934
Sum inntekter knytt til kraftproduksjon	20 530 056	19 304 139	17 707 711	21 255 790	21 063 211

Fond

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møte uforesette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponere r fritt. Saldo pr 31.12.2014 er 100 378,66 kroner. Av dette er det 378,66 kroner som ikkje er disponert. Kommunen er utan margin til å takle uforesette hendingar. Dette er svært alvorleg og det må snarast tas grep for å korrigere situasjonen.

Ved starten av året var fondet på 2,1 mill kroner, av dette var kr 0,2 mill udisponert. Midlane vart i løpet av 2014 nytta til dekke opp for noko av den sviktane skatteinngangen.



For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.

Fond Sima-Samnanger

Samnanger fekk 8.2 mill. kroner i kompensasjon for ulemper påført i samband med bygging av kraftleidning mellom Sima og Samnanger Det er gjennom Fylkesmannen avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane blir brukt til framtidige investeringar. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. Oversikt viser vedtak, bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. I budsjett for 2014 var det budsjettert med å låna kr 700 000 til revidering av reguleringsplan for Steinsland i samband med sal av tomtar. Arbeidet er ikkje utført.

	Vedtak KS 15/12	Omdisponert	2 012	2 013	2 014	Sum
Mottatt fond						8 213 509
Bruk:						
Asfaltering	2 000 000		-1 689 981	-310 019		-2 000 000
Musikkbinge	500 000			-158 563		-158 563
Breiband, omdisponert KS 31/14	800 000	-690 000			-10 814	-10 814
Forebyggjande ungdomsarbeid	1 500 000	-145 000			-43 523	-43 523
KS 69/14 Motorcrossbane		145 000				
Kunstgrasbane	1 400 000					0
Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).	2 000 000	-589 000			0	0
KS 63/13 og 57/14 Innføring av e-skatt (lån)*					-1 188 000	-1 188 000
KS 63/13 KLP EK-tilskot					-1 076 000	-1 076 000
KS 31/14 VVA-Bjorkheim		690 000			-164 544	-164 544
KS 28/14 meirforbruk drift 2014		589 000			-589 000	-589 000
Sum vedtak/ bruk	8 200 000		-1 689 981	-468 582	-2 482 881	-4 641 444
Resterande sum						3 572 065

Næringsfond

Pr 31.12.14 er kommunen sitt næringsfond på 1 267 677,65 kroner. Vedtak knytta til bruk av fondet vart gjennomgått i 2014 og midlar gitt gjennom eldre vedtak til tiltak som er ferdige eller som ikkje vil bli gjennomførte er ført tilbake til fondet med kr 3 736 416 (vedtak KS 29/14). Den årlege summen på kr 979 457 kroner til fondet frå konsesjonsavgift er tilført fondet. Bustadfelt Lønnebakken har i 2014 hatt utgift med korrigering av ein straumkabel og det er lånt netto kr 18 536 av næringsfondet.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrkja fondet ut over årleg konsesjonsavgift som skal avsetjast og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. I 2014 er det kjøpt tilbake 1 tomt og selt 1 tomt.

Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr 31.12.2014 på 1,72 mill kroner.

Bruk av næringsfondet	2015
Tilskot til private	145 000
Budsjett/ drift	444 439
Småkraft	129 584
Veg og kai	430 000
Planarbeid	401 940
VA Bjorkheim	137 715
Lønnebakken	18 536
Sum bruk	1 707 214

INVESTERINGSREKNESKAPEN



Investeringsrekneskapen i 2014 viser utgifter på 16 mill kroner mot budsjettet 48 mill kroner. Dette avviket skyldes m.a at fordelinga av utgiftene mellom Kvam og Samnanger på prosjekt VA i Eikedalen ikkje er avklart, og det er ikkje utgiftsført noko her i 2014. Det har vore diskutert om Kvam herad kan inkludera abonnentane i Eikedalen i sitt sjølvkostområde. Arbeidet med sjukeheimen er ikkje komen så langt som forventa då budsjettet vart vedtatt i desember 2013. Prosjektet vart sett ut i tid fordi prisen vart høgare enn forventa og det måtte inn tilleggsfinansiering. Det er og andre prosjekt som ikkje er komne så langt som forventa, mellom anna VVA Bjørkheim og Rolvsvåg industriområde.

Det vart betalt inn ekstraordinært avdrag på startlån med kr 306 314. Dei er etter gjeldande reglar innbetalt til Husbanken. Kommunen hadde utlån av startlån til 29 kundar i 2014, fire av låna er nedbetalt i løpet av året. Det er betalt ut 1 nytt lån på kr 210 000. Det har ikkje vore tap på startlån i 2014.

Saldo på unytta startlån var pr 31.12.14 på kr 2 051 059. Det er ikkje budsjettet med opptak av startlån i 2015.

Investeringar i 2014

For 2014 vart det budsjettet med 9 små og større investeringsprosjekt. I løpet av 2014 var Samnangerheimen på anbod og ny ramme vart vedtatt. Ramma for VVA Bjørkheim vart og utvida, medan reguleringsplan for Steinsland er ikkje utført og det er framleis ikkje avklart med Kvam Herad om VA i Eikedalen. Det kom ein faktura frå BKK knytt til vidaresal av

bryggetomten på Ytre-Tysse. Tomten vart overført vederlagsfritt frå BKK til Samnanger kommune i 2001 og eit av vilkåra var at BKK skulle få betalt dersom kommunen på eit seinare tidspunkt selte tomten/deler av tomten vidare. Dette har kommunen gjort, og i 2014 kom det eit krav frå BKK på kr 60 000 som er finansiert med ubunde investeringsfond.

Investeringsprosjekt , rekneskap og budsjett

	Kostnadsramme		Rekneskap			Avvik		
	Opphavleg	Justert	rev. budsjett 2014	sum 2011 & 2012	2013	2014	Mot kostnadsramme	Mot budsjett 2014
Samnanger barneskule*	35 000	40 964	9	20 529	23 200	46	-2 811	-37
Samnangerheimen*	67 000	123 901	17 965	2 619	3 923	9 732	107 627	8 233
Bu- og aktiviseringscenter	8 713	9 256	4 628	0	0	751	8 506	3 877
VVA-anlegg Bjørkheim	391	12 000	6 747	0	253	646	11 101	6 101
Vassforsyning Frøland	7 721	7 721	7 034	201	482	3 476	3 562	3 559
VA Elkedalen	7 725	7 725	7 725	0	0	0	7 725	0
Reg.plan Steinsland	700	700	700	0		0	700	0
Industriområde Rolvsvåg	3 760	3 760	3 337	0	1 578	1 187	995	2 150
Veg, sikring	500	497	497	0		486	11	11
	137 195	212 133	48 643	26 894	31 935	16 324	132 118	23 119

*Opphavleg ramme var eks. moms. (Tall i 1000, meirforbruk i -)

Prosjekt som går over fleire år vil ha ei vedtatt kostnadsramme. Når eit år vert avslutta, skal resterande kostnadsramme overførast til neste års budsjett. Budsjettet blir vedtatt fleire månadar før rekneskapen er avslutta, og det er viktig at det i løpet av første halvår i nytt budsjettår vert tatt ein gjennomgang av budsjett for å sjå at den totale ramma for prosjektet er rett.

Når det vert avvik mellom kostnadsramma og rekneskapen, vil noko av dette avviket liggja på moms som kommunen får refundert. Dette avviket er budsjettjustert. Revidert budsjett er budsjettjustert for momskompensasjon.

Det store avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast at framdrift på prosjekt ikkje har vore som forventa.

Bu- og aktivitetssenter

Dette prosjektet har vore under planlegging i mange år. Utviding av Skottabakken har vore ønska, men det har vore usikkert om arealet er stort nok. I 2014 vart det leigd inn konsulent som utarbeidde ei skisse som viste at det er mogleg å få til eit bu- og aktivitetssenter for personar med nedsett funksjonsevne på den kommunale tomte. Bygging av sjukeheimen gjer at det ikkje er mogleg å gjennomføra utbygginga før etter at den er ferdig. Byggestart er no sett til hausten 2016, og dette er lagt til grunn i økonomiplanen.

Av ulike grunnar vart det aktuelt å samla alle funksjonshemma med trong for 24 timars tilsyn på Skottabakken alt tidleg på året i 2014. Det ville gje stor innsparingar på drifta då ein ville klare seg med mindre personell ved at den eine brukaren vart flytta ut av sjukeheimen. Men for å få dette til måtte det på plass ei ny buening. Dette vart gjort ved å kjøpa inn to brakker til personalrom og fellesareal og på den måten få frigjort rom til ein brukar. Kostnaden vart noko

høg, men det var ikkje mogleg å få til andre løysingar. Som sagt ga den ei vesentleg innsparing på driftsbudsjettet.

Samnangerheimen KS vedtak 63-64/2010, KS 30/12, KS KS 63/13 og KS 69-70/14

Utbygging av sjukeheimen har vore ei krevjande sak for kommunen, og eit prosjekt som har gått over mange år. Utfordringane har stort sett vore å få eit tenleg bygg til ein forsvarleg kostnad. Prosjektet vart våren 2014 lyst ut som ein generalentreprise. Tilboda låg over ramma, men auka tilskot frå Husbanken og med nokre tilpassingar bestemte kommunestyret i august 2014 at arbeidet skulle starta opp.



Vassforsyning Frøland – Totland KS vedtak 68/2011 og KS 63/13

Kostnadsramma for prosjektet er på 7,721 mill kroner. Arbeidet har gått over fleire år og vil bli avslutta i 2015. Kommunen sitt anbod er delvis inkludert i vegvesenet sitt anbod for området. Vegvesenet har ikkje vidarefakturert kommunen sin del pr april 2015, og dette er årsaka til at det er avvik mot budsjett og ramme. Pumpestasjon og ledningsnett Ulland – Frølandsbrua gjenstår og vil bli utført i april/ mai 2015. Entreprenøren har frist til 16.juni med å ferdigstilla heile anlegget.

Rolvsvåg industriområde KS vedtak 86/12

Før kommunen kunne etablere nytt industriområde på eit høgare nivå i Rolvsvåg, måtte eksisterande vassinntak flyttast lenger opp i vassdraget. Fleire alternativ har vore vurderte, og løysinga vart boring i lausmassar. Det er no etablert to borebrønner med overføringsleidningar ned til reinseanlegget. Det har vore prøvedrift på anlegget i store delar av 2014 og vassforsyning til abonnentane vert overført frå elveinntaket så snart vassforsyninga er godkjent av mattilsynet.

Reguleringsplan for Øvre Rolvsvåg, utarbeidd av Norconsult, vart lagt fram for naturutvalet for endeleg vedtak i juni 2013. Planen vart, etter synfaring med naturutvalet, sendt attende til administrasjonen med krav om endring av vegtraseen. Bestilling av planar for ny vegtrase, samt endring av vassinntaket, vart oversendt Norconsult, og ny plan vart lagt ut til andre gongs

offentleg ettersyn og endeleg vedtak var i juni 2014. Detaljprosjekteringa er for det meste ferdig, og arbeidet med veg til øvre del av industriområdet skal ut på anbod og vert starta opp i 2015.

VVA-anlegg i Bjørkheimsområdet Form. vedtak 26/2013 og KS 31/14

Formannskapet vedtok i sak 26/13 å løyve kr 374 000 frå næringsfondet til plan og prosjektering av veg, vatn og avløp for Bjørkheimsområdet. I sak KS 31/14 vart det vedtatt ei ramme på inntil 12 mill kroner til VVA på Bjørkheim. Prosjekteringsarbeidet vert avslutta våren 2015 og anlegget skal ut på anbod. Me reknar med at anlegget vil vera ferdig i 2016.

Vegsikring KS 63/13

Det er utført arbeid med sikring av vegar og det er sett opp rekkverk på m.anna Bygdavegen. Ramma inkludert moms var på kr 500 000. Det er brukt kr 486 430 i 2014.

Tomter

Det er kjøpt tilbake ein tomt og selt ein tomt (same tomt) på Lønnebakken i 2014. Ei tomt i feltet er reservert og ein søknad om å kjøpa eit areal til garasjeanlegg er innvilga. Salet vert gjennomført i 2015. Ikkje alle attverande tomtene i feltet er mogleg å byggja på slik dei ligg no. Kommunen har ved ulike høve vurdert om og evt kva tiltak som kan gjerast for å få avslutta feltet. I bustadfeltet i Rolvsvåg er det selt 2 tomter a kr 100 000. Midlane er sett av til sett av til ubunde investeringsfond. Det er og selt eit mindre areal i Rolvsvåg industriområde.


For meir detaljert oversikt over tomter, eigendelar og anlegg sjå balansen i rekneskapen.

Oversikt over finansiering av investeringar i 2014: (tal i heile tusen)

	Finansiering						
	Utgift	Avsett	Lån	Tilskot/ refusjon	Moms. kompensasjon	Fond	salg
Bygg							
Samnanger barneskule	46	0	37	0	9	0	0
Samnangerheimen, planlegging/bygging	9 732		7 919	0	1 813	0	
Bu- og aktivitetssenter	751		618		133		
Elgedom							
Lønnebakken	25	0	0	0	5	19	2
Industriområde Rolvsvåg	1 187	0	1 058	0	37	0	91
Bustadefelt Rolvsvåg	0	200					200
Bjørkheim VVA	646		314		30	302	
Vassforsyning Frøland	3 476		3 476	0	0	0	0
Veg, sikring							
Veg, sikring	486	0	389		97		0
Oppgjer bryggetomt	60					60	
Solli, førebuing sal	7					7	
Sum	16 416	200	13 811	0	2 125	387	293

Sjå og note 12 i rekneskapen

Frå og med 2014 vert kompensasjon for investeringsmoms ført direkte som inntekt i investeringsrekneskapen. Overføring frå drift vil då naturleg nok bli redusert samanlikna med tidlegare år. Det var i rev. budsjettet for 2014 budsjettert med å overføra 439 400 kroner frå drift til investering for å dekkja delar av utgifter til eigenkapitaltilskot KLP. Driftsrekneskapen gjekk i 2014 med meirforbruk og overføringa vart stroke i årsoppgjeret. Det vart i staden nytta ubunde investeringsfond.





Samnanger kommune finansierte 63,40 % av investeringane med lån, noko som gjer at me ligg litt over KG 3 (57,5 %), men under landsgjennomsnittet utan Oslo. KG 2 hadde til samanlikning ei lånefinansiering på 63,2 %. Tidlegare år har me lagt høgt når me har samanlika del som er lånefinansiert. Årsaka til at me i 2014 kjem betre ut, skuldast at det i samband med skifte av pensjonsleverandør frå DNB til KLP måtte betalast eit større eigenkapitaltilskot til KLP. Eigenkapitaltilskot skal først i investeringsrekneskapen, men kan ikkje finansierast med lånemidlar. Samnanger nytta fondsmidlar for å dekkja utgifta som i 2014 var på 3,3 mill kroner.

Samnanger kommune samanlikna med andre

Samnanger kommune har frå 2014 endra plassering i KOSTRA frå kommunegruppe 2 (KG2) til KG3. Me er no definert til å vera ein kommune med under 5.0000 innbyggjarar Små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar og høge frie disponible inntekter. Vedlagt ligg ein oversikt over kommunane i KG 3. Den viser at det er 38 kommunar i KG 3. På bakgrunn av informasjon om ressurstilgang og ressursbruk i Kostra-statistikken er rådmannen noko spørjande til den nye plasseringa, og spørsmål har og vore reist til fylkesmannen. Departementet har gitt slik kort tilbakemelding at *de frie disponible inntektene har økt (relativt til alle andre kommuner) fra middels i 2008 til høye i 2013. Frie disponible inntekter er kommunens inntekter etter at bundne kostnader (et minstekostnadsnivå vi beregner etter observerbare egenskaper ved kommunen) er fratrukke.*

Dei minste kommunane har generelt noko meir frie inntekter målt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Mindre kommunar har "smådriftsulempen" og treng meir midlar for å kunne gje innbyggjarane sine gode tenester. Samnanger kommune er berekna til å ha eit utgiftsbehov i 2014 som er 13 % høgare enn landsgjennomsnittet mot 12 % i 2013. I inntektssystemet er det innført eit småkommunetilskot som går til kommunar under 3000 innbyggjarar som delvis er med å dekkja opp for dette. I 2014 var tilskotet på vel 5.3 mill. kroner.

Figuren under viser at me bruker 11.600 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet på drifta. Det utgjør ein differanse på 21%, jmf. punktet over om berekna utgiftsbehov. Me ligg tilsvarande lågare enn KG 3. Samnanger har hatt om lag same utviklinga i brutto driftsutgifter som landsgjennomsnittet fram til 2013. I 2014 viser landsgjennomsnittet ein nedgang, medan Samnanger har ein noko større vekst enn i perioden sett under eitt. Me ser den same reduksjonen for KG 3, sjølv om utgiftene her er vesentleg høgare enn for Samnanger.



Me har ikkje hatt tilsvarande vekst i brutto driftsinntekter som auken i utgiftene. Her har me hatt om lag same veksten som landsgjennomsnittet. Denne statistikken viser at både landet sett under


eit men særleg KG 3 har klart å tilpassa driftsutgiftene sine til (reduuerte) inntekter, noko me ikkje har klart.

Tilrådd netto driftsresultat er på 1,75% av brutto driftsutgifter. Det var svært mange kommunar som ikkje nådde eit slikt resultat i 2014. Gjennomgåande lågare skatteinngang enn forventa (budsjettet) må nok ta ein del av skulda for dette. I 2014 er netto driftsregultat negativt, noko som er svært utfordrande av fleire grunnar. Ein av dei er den direkte konsekvensen det får for budsjetteringa i nær framtid. Kommunen må seinast i 2016 dekkja inn rekneskapsunderskot.

Samnanger har vesentleg større frie inntekter pr. innbyggjar enn mange andre (t.d. vel 10.000 kroner meir enn snittet for kommunane i Hordaland og 18.000 kroner meir enn landsgjennomsnittet). Til tross for dette ender me opp med negativt driftsresultat. Ei forklaring på dette kan vera stor aktivitet med tilsvarende høg gjeld. Som tabellen under viser har kommunane i KG 3 i gjennomsnittet 9.000 kroner meir i frie inntekter pr. innbyggjar enn Samnanger. I samanlikninga utover i meldinga vil me sjå klart denne skilnaden, m.a. ved at KG 3 bruker fleire kroner pr. brukar etc. enn Samnanger.

	Samnanger	KG 3	Hordaland	Landet
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	- 1,8	2,0	1,3	1,1
Frie inntekter i kroner per innbygger	58 353	67 464	47 708	40 512
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	204,7	216,5	203,1	201,8
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekt	3,4	3,9	2,4	2,9


Me har starta opptrappinga av lånegjelda vår, noko som viser att i ei bratt oppadstigande kurve for netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar. Denne tendensen avviker i høve til dei andre som er vist i statistikken, særleg gjeld dette for landsgjennomsnittet. Me skal i 2015 ta opp store lån til bygging av ny sjukeheim, noko som ytterlegare vil forsterka denne tendensen.



Skatt og rammetilskot

Kommunane sine "frie" inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot. I 2014 fekk Samnanger om lag like stor del av inntektene sine frå desse to kjeldene som landsgjennomsnittet og Hordaland. Men me skil oss ut frå dei ved at me har ein vesentleg mindre del frå skatt. M.a.o er me meir avhengig av regelverket knytta til rammetilskotsordninga. Gjennom denne ordninga får me m.a. kompensert for dårlegare skatteinngang enn gjennomsnittet, og me får småkommunetilskot. Det er hovudregelen at dei minste kommunane har ein mindre del av inntektene sine frå skatt på inntekt og formue og tilsvarande meir frå rammetilskotet. Det er inntekter frå kraftproduksjonen hovudsakleg frå BKK som gjer at me har større inntekter enn mange andre kommunar.

I skattedelen til Samnanger ligg også naturressurskatten som er knytt til kraftproduksjon. Den utgjer for Samnanger sin del i 2014 2,2 % som er vesentleg høgare enn for landet og Hordaland. KG 3 ligg også høgt 1,4%, men ikkje så høgt som Samnanger. Med sine vel 6 % utgjer eigedomsskatten ei vesentleg og stadig viktigare inntektskjelde for Samnanger. Den vil klart utgjera ein enda viktigare del i 2015 med innføring av eigedomsskatt for alle type eigedomar.



Andre type inntekter

Sal av konsesjonskraft er ei anna inntektskjelde knytta til kraftproduksjon. Prisane på kraft har gått vesentleg ned, og prognosane tilseier at slik vert det dei næraste åra. I 2013 selde me denne i spotmarknaden. For 2014 valde me i februar å selja til fastpris. Me vurderer fastløpande korleis me skal selja krafta framover, men førebels vel me å sjå utviklinga frå eit år til neste.

I tabellen under er det grunn til å merka seg at Samnanger mottek relativt sett lite statlege tilskot. Dette er noko som bør sjåast nærare på.

%-vis fordeling av dei øvrige inntektskjeldene				
	Samnanger	KG 3	Hordaland	Landet
Andre statlige tilskudd til driftsformål	1,1	3,3	2,4	3,4
Naturressursskatt (del av skatteinntektene)	2,2	1,4	0,3	0,2
Sals- og leigeinntekter	10,1	13,3	13,7	14,0

Bruk av midlane – prioritering

Ulikskapar i bruken av midlane mellom kommunar kan skuldast medvetne prioriteringar, men det kan og skuldast lokale tilhøve. Ulik samansetting av innbyggjarane t.d. i høve til alder, vil gje ulik etterspurnad etter kommunale tenester.


%-del av folketallet fordelt på aldersklasser.

	Samnanger	KG 3	Hordaland	Landet
0 åringar	1,5	1	1,2	1,1
1-5 år	5,9	5,3	6,4	6,1
6-15 år	11,5	11,9	12,3	12
16-18 år	4,1	4	3,8	3,8
19-24 år	6,3	7,7	8,5	7,9
25-66 år	54,2	52,9	54,5	55
67-79 år	10,3	11,7	9,1	9,7
80 år og over	6,2	5,6	4,3	4,3

Tabellen over viser at det er ein del variasjonar. Kommunane har flest tenester til barn og unge fram til 15 år og til dei eldste. Me har relativt sett færre barn og unge enn dei me her samanliknar oss med. Dette gjeld ikkje for 0-åringane der me i 2014 hadde høgare fødselstal enn normalt. Samnanger har relativt sett langt fleire over 67 år. Me bør særleg merka oss den eldste aldersgruppa, då denne gruppa etterspør kommunale tenester på mange område.

I figurane under er det gjort eit forsøk på å samanlikna bruken vår av midlar på ulike tenester med andre kommunar. Det kan vera mange grunnar til ulikskapar. Særleg for dei minste kommunane kan einskildtilfelle, det vera seg elevar med store tilpassings- eller læreproblem eller klientar med omfattande hjelpebehov i plo, få stor innverknad. Særleg innan skule kan "uheldig" elevtal føra til "dyrare" teneste når me delar kostnaden ut pr. elev. Døme på dette er at det t.d. ikkje treng vera fleire lærarårsverk i ei klasse med 28 elevar enn i ei klasse med 20.

Netto driftsutgifter til ulike tenester i kr. pr innbyggjar



Grafane over viser at Samnanger bruker fleire kroner enn både landsgjennomsnittet og Hordaland på dei fleste områda. KG 3 har høgare utgifter enn Samnanger med unntak av for barnehage og skule. Det er særleg innan pleie og omsorg me har størst skilnad i høve til landsgjennomsnittet. Delar av det relativt sett store forbruket til plo kan skuldast at me har fleire eldre innbyggjarar.


%- vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter

	Samnanger kommune		KG 3	Landet
	2013	2014	2014	2014
Adm. og styring	10,3	9,5	11,9	7,6
Barnehage	14,2	13,6	10,9	15,0
Skule	23,9	24,4	24,3	23,6
Helse og omsorg	41,7	42,6	42,5	36,9
Sosial	3,0	2,8	3,0	5,6
Barnevern	3,3	2,9	3,0	3,3
Kultur	2,6	2,3	4,6	3,8
Kyrkja	1,8	1,8	1,5	1,3
Samferdsle	2,1	1,9	2,3	1,4
Brann og ulukke	1,7	2,0	1,8	1,4

Når me les denne tabellen, må me vera merksame på at Samnanger har meir midlar enn landsgjennomsnittet og litt mindre enn KG 3. Dvs. kvar % i Samnanger inneber fleire kroner enn landet men mindre enn KG 3. Som vert påpeika seinare i meldinga har Samnanger relativt lite tilskotsmidlar, noko som og har ein viss innverknad på kva ressursar som me nyttar sidan me her ser på netto utgifter. Mindre kommunar bruker større del av ressursane på administrasjon og styring. Dei mindre kommunane bruker og vesentleg meir på helse og omsorg, og mindre på sosial. Samnanger ligg fortsett låg på kultur. Utover i meldinga kjem ein attende til ein del av desse skilnadene.

Produktivitet


Medan netto driftsutgifter seier noko om kommunen si prioritering av midlane gir brutto driftsutgifter ein peikepinn på produktivitet. Det er ikkje alle områda som er like enkle å samanlikna ut frå KOSTRA- statistikken, men det er likevel grunn til å merkja seg at Samnanger har like eller hogare utgifter enn både KG 3 og landsgjennomsnittet for alle tenestene. Dvs. at me har høge kostnader pr. produsert teneste. Det kan vera mange grunnar til det, nokre av dei er strukturelle, men her bør det vera mogleg å kutta kostnader.



Personalstatistikk



Tilsette i kommunen

Kommunen hadde ca. 184 årsverk pr. 31.12.2014, fordelt på om lag 265 tilsette. I perioden 2007 – 2014 har det vore ein auke på om lag 14 årsverk i kommunen (om lag 8 prosent). I perioden 2010 – 2014 har talet på årsverk i kommunen vorte redusert med om lag 5.



Aldersfordeling

Aldersfordelinga for dei tilsette i kommunen viser mellom anna at det er relativt mange som vil nå pensjonsalder dei komande åra. Det har ikkje vore større endringar i aldersfordelinga dei siste åra.



Medarbeidarkartlegging



Det vart i 2014 gjennomført kartlegging om korleis dei tilsette trivast på jobb. Samnanger kommune nytter eit reiskap utarbeidd av Kommuneforlaget. Det gjer at me også kan samanlikna resultatane våre med landsgjennomsnittet. Me har også gjennomført slike undersøkingar tidlegare, noko som gjer at me kan sjå utvikling over tid. Svarprosenten for kommunen var på 52%. Den varierte ein del mellom einingane, frå 92 % i interne tenester og 75 % på ungdomsskulen med til pleie og omsorg med 34%. Situasjonen med uvisse rundt byggeprosessen på sjukeheimen og førebuing til mellombels drift kan forklara situasjonen i pleie og omsorg. Innspele i alle eininga uavhengig av svarprosenten skal takast på alvor. Tilbakemeldingane i m.a. pleie og omsorg viser at me har utfordringar å gripa fatt i. For teknisk og kultur ligg det ikkje føre resultat noko som m.a. skuldast langtidfråvær hos einingsleiarane. Me har fått ein del munnlege tilbakemeldingar som tilseier at det må jobbast med forbetring av arbeidsmiljøet i begge desse einingane. Målet vårt er å ha minst same score som landsgjennomsnittet. I tabellen under er det landsgjennomsnittet på kommunenivå som er vist. Som venta er det variasjon også for landet innan dei ulike områda/einingane.

Organisasjon medarbeidarar - Målemetode gjennom Medarbeidarkartlegging, statistikk og internkontroll

2014												
Suksesskriteria	Måleindikator	Snitt landet	Snitt Samnanger	Teknisk	Sosial og helse	PLO	Barnehage	SBS	SUS	Kultur	Interne tenester	Einingsleiarane
Tydeleg leiing	Organisering av arbeidet	4,6	4,6	-	4,4	4,2	5,0	4,6	4,5	-	4,7	4,9
	Innhald i jobben	5,0	5,0	-	5,0	4,8	5,1	4,9	5,3	-	5,2	5,3
	Næraste leiar	4,7	4,7	-	3,9	4,1	5,0	4,9	5,1	-	5,4	5,0
	Overordna leiing	4,1	4,1	-	4,2	3,7	4,1	3,9	4,1	-	4,5	4,7
Godt arbeidsmiljø	Fysiske arbeidsforhold	4,2	4,3	-	4,7	3,1	5,0	5,0	4,5	-	3,8	4,7
	Samarbeid og trivnad med kollegane	5,0	5,1	-	5,0	4,8	5,0	5,2	5,3	-	5,6	5,1
	Mobbing, diskriminering og varsling	5,0	5,0	-	5,4	4,4	4,9	5,4	5,5	-	5,0	5,5
Kultur for læring og fornying	Fagleg /personleg utvikling	4,4	4,2	-	4,2	3,6	4,8	3,9	4,5	-	4,4	4,8
	System for løns- og arbeidstidsordningar	4,1	4,0	-	4,0	3,6	3,9	3,9	4,2	-	4,6	5,0
	Stoltheit eigen arbeidsplass	4,8	4,5	-	4,5	4,3	4,9	4,8	4,9	-	4,2	4,8
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	4,8	5,0	-	4,7	4,0	5,3	5,0	5,0	-	5,6	4,5
Totalt	Snitt totalt	4,6	4,6	-	4,5	4,0	4,8	4,7	4,8	-	4,8	4,9
Oppfølging IA-avtalen/HMS	Sjukefråver 2014 %		MMA%	7,8	8,3	9,7	9,1	4,0	5,3	18,9	7,9	0
Gode rutiner	Avvik	0		3,8	3,8	11,0	7,7	4,7	4,3	3,1	3,8	3,8
								1				

Likestilling


Det er eit stort fleirtal av kvinner blant dei tilsette i Samnanger. Dette er ikkje særmerkt for Samnanger kommune. Det bør vera ei målsetting å få ei jamnare kjønnsfordeling innanfor ein del tenesteområde, til dømes barnehage, pleie/omsorg, kommuneadministrasjon og teknisk drift/vedlikehald. Kommunen hadde i 2014 ikkje spesielle tiltak eller verkemiddel knytt til likestilling.



Sjukefråvær

Kommunen si målsetting for sjukefråværet i 2014 var at det samla sett ikkje skulle vera høgare enn 6 prosent. I tillegg vedtok kommunestyret i budsjettet for 2014 separate målsettingar for sjukefråværet i dei ulike einingane i kommunen.

I 2014 var det samla sjukefråværet i kommunen 7,7%. Dette var om lag identisk med 2013, då sjukefråværet var 7,8%.






Det var aldersgruppa 20-29 år som hadde det høgaste sjukefråværet i 2014. Dette gjaldt også både i 2012 og 2013.

Sjukefråværet i einingane

Nedanfor følgjer ei samla oversikt over målsettingane for sjukefråværet i einingane i 2014, og det faktiske sjukefråværet.



Tilgang på arbeidskraft

Kommunen hadde i 2014 tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft innanfor dei fleste fagområde. Det var problem med å få kvalifiserte søkjarar til små stillingar/helgestillingar i eining for pleie og omsorg. Dette har vore eit problem i mange år.

Det er framleis også ei utfordring for kommunen at fagmiljøa våre innanfor ein del område er små. Dette gjer at me på ein del arbeidsstader er svært sårbare dersom nokon til dømes vert langtidssjukemelde.

Lokale lønsforhandlingar 2014

Det vart i 2014 gjennomført lokale lønsforhandlingar for alle grupper av tilsette i kommunen.

1.	Forhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 3 i hovudtariffavtalen <ul style="list-style-type: none">• Gjeld einingsleiarar.• Tilsette i kapittel 3 får ikkje lønstillegg i dei sentrale tariffoppgjera.• Ingen forhandlingspott.• Det vart ikkje brot i forhandlingane med nokon av fagforeiningane i kapittel 3.
2.	Forhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 4 i hovudtariffavtalen <ul style="list-style-type: none">• Gjeld om lag 90% av dei tilsette i kommunen.• Tilsette i kapittel 4 får lønstillegg i dei sentrale tariffoppgjera. I dei sentrale tariffoppgjera vert det i tillegg sett av ein pott til lokale lønsforhandlingar for denne gruppa.• Den lokale forhandlingspotten i 2014 var ca. 669.000 kroner.• Det vart brot i forhandlingane med ei av fagforeiningane i kapittel 4. Denne tvisten vart løyst gjennom forhandlingar mellom dei sentrale tariffpartane i Oslo.
3.	Forhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 5 i hovudtariffavtalen <ul style="list-style-type: none">• Gjeld legar, ingeniørar, jordmor, økonomisjef, planleggjar m.fl. (totalt 13 tilsette i 2014).• Tilsette i kapittel 5 får ikkje lønstillegg i dei sentrale tariffoppgjera.• Ingen forhandlingspott.• Det vart ikkje brot i forhandlingane med nokon av fagforeiningane i kapittel 5.

Opplæring for tilsette

Det vart ikkje gjennomført fellesopplæring på tvers av einingane i 2014. Unnateke frå dette er nokre opplæringstiltak for tilsette i skule/barnehage, i regi av Midthordland kompetanseregion. Det vert vist til skulane og barnehageeininga sine årsmeldingar for nærmare informasjon om dette.

Det vert elles vist til einingane sine årsmeldingar for informasjon om kva opplæring som vart gjennomført for tilsette i 2014.

Fellesarrangement for tilsette

Det var eitt fellesarrangement for tilsette i kommunen i 2014: seminar med psykologiprofessor Ståle Einarsen tysdag 14.10.2014. Tema for seminaret var *"Det gode arbeidsmiljøet - med arbeidsmiljølova som rettesnor"*. Seminaret vart halde i gymnastikksalen på barneskulen på ettermiddagstid (kl. 15.30 – 18.30). Om lag 120 tilsette deltok. Kommunesektorens organisasjon (KS)



dekka delar av kostnadane med seminaret, resten vart dekkja av midlar avsett til velferdstiltak for tilsette.

Bedriftshelseteneste

Samnanger kommune hadde i 2014 avtale med Grend bedriftshelseteneste (som i løpet av 2014 endra namn til Bedriftshelse1). Kostnaden til kjøp av bedriftshelsetenester i 2014 var om lag 117 000 kroner. Utgiftene gjaldt både faste helsekontrollar for grupper av tilsette som etter lov/forskrift skal ha dette, andre planlagde tiltak samt arbeid med saker og problemstillingar som "dukka opp" i 2014.

Bedriftshelse1 kjem til å vera leverandør av bedriftshelsetenester til Samnanger kommune også i 2015 og 2016

Etikk

I fylgje § 48 i kommunelova skal det i årsmeldinga " *redegjores for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.* " Kap. 2 i personalvedtektene for Samnanger kommune omhandlar etiske prinsipp både for tilsette og folkevalde.

Det er og laga retningslinjer og rutinar i kommunen for ein del område som skal vera til hjelp for dei tilsette. Døme på slike rutinar er at alle ledige stillingar skal lysast ut anten eksternt eller internt og innkjøp av varer og tenester med to underskrifter når rekninga skal betalast og kva gåver dei tilsette kan akseptera. Når det gjeld innkjøp, vert nok lov om offentlege innkjøp opplevd som krevjande og etterleva. Dette gjeld også fordi lova i mange høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. Dette siste gjeld først og fremst teknisk.

Samnanger kommune ynskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskjelege relasjonar. Det vera seg mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, med kollegaer og også mellom brukarane (t.d elever). Mobbing er også eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at dette vert etterlevd.

Samnanger kommune deltek med 4 personar på KS sitt nettverk for rådmenn om internkontroll. Det var ei samling i 2010 og det vert 3 til i 2015. Spørsmål om etikk er vesentlege tema på desse samlingane.

HMT

Samnanger har arbeidd ut eit system som skal hjelpa oss til å arbeida godt med helse, miljø og tryggleik (HMT). Mellom anna inneheld det rutinar og skjema for rapportering av avvik knytt til HMT for tilsette i kommunen. I 2014 vart det rapportert om få avvik. Me er ikkje heilt trygg på at alt som skal meldast vert meldt. Skal me verta betre må me få tilgang til all informasjon om avvik. Me vil ha eit større fokus på bruk av avviksmeldingane. Det er bestemt at me i løpet av 2015 skal kjøpa eit digitalt verktøy som også handterer handtering av avvik. I samband med arbeidet vårt med intern kontroll er spørsmål innan HMT sentralt.

I 2014 kom det ikkje varsling til kommunen om "kritikkverdige forhold".

Kommentarar til dei einskilde tenesteområda

Einingsleiarane sine årsmeldingar fylgjer i andre del av meldinga. I denne delen vil rådmannen nytta informasjon frå KOSTRA-statistikken til å vurdere kostnadsnivået og tenestene våre samanlikna med andre kommunar. Sjølv om kvaliteten på statistikken etter kvart har vorte bra, må me alltid vera merksame på at det kan vera feilkjelder t.d. pga. av ulik organisering av tenestene. Som hovudregel vert Samnanger kommune i årsmeldinga samanlikna med KG 3 og landsgjennomsnittet, av og til også med gjennomsnittet for kommunane i Hordaland.

I tillegg vert det og gitt ein del generelle kommentarar til drifta. I den grad det ligg føre mål for tenesteområda vurderer me resultatata opp mot dei. Me peiker også på ein del utfordringar som Samnanger står føre.

I kommuneplanen er det gitt ei rekke mål; ikkje alle er like operative. I tillegg til målformuleringane er det og i kommuneplanen lista opp kva me gjer/skal gjera for å nå måla. Mykje er gjort sidan planen vart vedteken, men på nokre område har eit stykke igjen før me kan seia oss tilfredse. I budsjettet for 2014 er det teke inn ein del mål for kommunen. Det vert og gitt kommentarar opp mot desse måla i den grad det er relevant.

Styrande for arbeidet vårt er at me skal


- ✓ *ha god kvalitet på tenestene og*
- ✓ *gi god sorvis og rask sakshandsaming*

Sentralt i vurderingane om me har nådd måla våre er tenestemottakarane si oppfatning av kvalitet. Den systematiske måten å få informasjon om tenestemottakarane si oppfatning er gjennom brukarundersøkingar. Det vart i 2014 gjennomført brukarundersøkingar for ein del tenester. Det vart ikkje gjennomført undersøkingar i pleie og omsorg sidan me var i den spesielle situasjonen med overgang til mellombels drift. Det vert gitt kommentarar til undersøkingane i årsmeldinga.

Nytt for Samnanger var at det i 2014 vart det gjennomført ein innbyggjarundersøking. Denne er del av undersøkingane i *Betre styring*. Det vart sendt ut spørjeskjema på nett til 409 innbyggjarar i alderen 18 – 45 år. Me hadde ikkje kapasitet til å fylgja opp med purring, og svarprosenten vart diverre berre 22%. Det er ulike type spørsmål som vart stilt. Ein del av dei går på dei kommunale tenestene, medan andre går på element som kommunen ikkje har stor innverknad på og til slutt ein del element der kommunen kan vera med å tilretteleggja. Innbyggjarane i Samnanger er ut frå denne undersøkinga gjennomgåande mindre nøgd med situasjonen enn landsgjennomsnittet.

Det er fleire av svara frå innbyggjarane som gir grunn til refleksjon, og her er oppgåver å ta fatt i både for dei politiske partia, kommunestyret og administrasjonen.

Svar på Innbyggjarundersøkinga



God kvalitet og sørvis er i seg sjølv omgrep som vert tolka ulikt. Skal me kunne inngå i ein konstruktiv diskusjon med tenestemottakarane er det viktig at me som leverer tenestene og brukarane som får/kjøper tenestene snakkar om det same. Kommunen kjøpte i 2013 eit

verktøy utarbeidd av Kommunalforlaget – nasjonal tenestekatalog. I forlenginga av denne katalogen skal den ansvarlege for den aktuelle tenesta fylgja opp med å laga til sørviserklæringar. Desse vert publisert på nettet etter kvart som dei er ferdige og slik tilgjengeleg for brukarane. Gjennom desse erklæringane skal det gjerast klart kva type teneste kommunen leverer. Ein evt. klage på tenester vil då vurderast ut frå om mottakaren har fått det han er lova gjennom sørviserklæringa. Mange sørviserklæringar er laga, men det står fortsett att ein del, og me må heile tida arbeida for å gjera dei betre og gjera brukarane og dei tilsette merksam på kva standardar me har for dei ulike tenestene.

Samnanger kommune må redusera driftsutgiftene. Auka effektivitet er viktig, men skal me koma ned på ønskja målsetting om eit netto driftsresultat på rundt 1,75%, må nivået på tenestene våre ned. Tenesteomtale og sørviserklæringar er i så måte viktige reiskap sidan det her vert omtala kva tenester innbyggjarane kan forventa av kommunen og underforstått også kva ein ikkje kan forventa. Vidare arbeid på dette området er derfor sentralt i arbeidet med å få betre kontroll på økonomien.

Me opplevde også i 2014 at avvik mellom budsjett og rekneskap kom dels uventa på einingsleiarar. Me må arbeida betre med økonomirapportering, og tiltak må gjerast på tidlegare tidspunkt. Problemstillingar rundt økonomistyring har vore ein viktig føring i arbeidet fram mot vedtaket om ny organisering av administrasjonen.


Sentrale styringsorgan og fellesutgifter

Dette området omfattar rådmannen sitt kontor inkl. pedagogisk konsulent og eining for interne tenester med økonomi, løn, fellestenesta, IKT og div. fellesutgifter.

I 2014 vart det brukt mykje interne ressursar på å gjennomføra innføring av eigedomsskatt. Dette har nok gått ut over ein del andre gjeremål, jmf. diskusjonen over om økonomistyring. Permisjonar og sjukefråvær har også prega sentraladministrasjonen sitt arbeid. Rådmannen har hatt eit særleg ansvar for eining for sosial og helse sidan einingsleiarstillinga har vore vakant. Inkludert i dette ligg og ansvar som barnevernssjef, og samla har dette meirarbeidet gjort at andre "ordinære" gjeremål for rådmannen har måtte gå ut. Når ass. rådmann har måtte tatt hovudansvaret for kultureininga i tillegg til dei ordinære arbeidsoppgåvene, har arbeidet med oppfølging av leiarane og anna personell vorte skadelidande. Det same gjeld ein del lokalsamfunnsutviklings-oppgåver. Det vart i budsjettet avsett midlar til å arbeida med plan for profilering/ marknadsføring av kommunen. Dette er ikkje gjort, og midlane vart på slutten av året nytta til å stø det påtenkte kunstprosjektet ved rundkjøringa ved Straumsbrua.

Sjølv om det er fleire år sidan me tok i bruk nytt lønssystem, sluttar me ikkje å verta overraska kor arbeidskrevjande det er. Det har og vist seg at det krev svært gode kontrollrutinar for å unngå feilutbetalingar. Diverre hadde me i 2014 ein del litt uheldige situasjonar knytta til det.

På mange av tenestene innan dette området har dei minste kommunane smådriftsulemper. Det er og eit område der det er vanskelegast å samanlikna kommunane i mellom då det kan vera skilnader i korleis ein har organisert seg – flat struktur, sektororganisert osv.



Kommunen hadde ein kraftig vekst i utgiftene frå 2010 til 2011. Tilsvarande vekst ser me i 2014. Denne skuldast at me har ført utgiftene til breibandsutbygginga under administrasjon. Desse utgiftene var fullt ut finansiert med tilskot og næringsfond. Korrigerer me for dette er veksten om lag 150 kr. pr innbyggjar, dvs. om lag same utviklinga som for dei andre.

Næring m.m.

Ein av satsingsdråpane til kommunen er

Arbeid/næring – nyskaping og bygdeutvikling. I fylgje delmåla i kommuneplanen skal Samnanger kommune

- ✓ *ha ledige tomteareal tilgjengeleg til ei kvar tid*
- ✓ *nytta næringsfondet og andre offentlege støtteordningar aktivt for å fremja næringsutvikling*
- ✓ *ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet*
- ✓ *leggja til rette for bygdeutvikling*

Samnanger har ikkje eigne tilsette til å arbeida med næringsutvikling. Direkte kontakt med næringsdrivande eller potensielle næringsdrivande skjer i stor grad med ordførar og rådmann. Til ein viss grad også med teknisk – då hovudsakleg med førespurnad om ledige tomter. Landbrukskontoret er og viktige medspelar for næringsdrivande med tilknytning til landbruket.

Gjennom medlemskap i Business Region Bergen har me eit godt rådgjevingsorgan. Dei skipar til fleire aktuelle kurs særleg for personar som er i ferd med å etablera seg. Det er mogleg at for få frå Samnanger som nyttar seg av dette tilbodet, og me må derfor arbeida for å gjera tilboda her betre kjend blant innbyggjarane. BRB har etablert ei side på internett der medlemskommunane kan marknadsføra seg ved å legge ut informasjon om ledig næringsareal – bygg og tomter -. Samnanger kommune må i løpet av 2015 få lagt ut informasjon her.



Samnanger kommune er medlem i Samnanger næringsforum. Øyvind Røen frå kommunestyret er kommunen sin representant i styret.

Reguleringsplanen for det øvste industriområdet i Rolvsvåg er omsider ferdigstilt. Det er imidlertid ikkje veg opp i området; den må arbeidast fram i 2015 samstundes med at det vert lagt fram VA-leidningar. Til tross for dette er det inngått intensjonsavtale med ei verksemd om kjøp av tomt.

NHO har gjennomført ei undersøking blant verksemdene i kommunen om ulike problemstillingar. På spørsmålet om kva dei vurderer som regionen si største utfordring dei næraste 5 åra gir dei svar som vist i tabellen under. Svara frå verksemdene i Samnanger er ikkje ulik landsgjennomsnittet.

	Prosent
Restriksjoner fra statlig nivå (Fylkesmann, departement etc.)	42,9%
Tilrettelegging av næringsareal	57,1%
Tilrettelegging av boligareal	14,3%
Forbedret kollektivnett (buss og bane)	14,3%
Å få et fremtidsrettet transportsystem	57,1%
Forbedre regionalt samarbeid	28,6%
Rekruttere kompetent arbeidskraft	28,6%
Øke kvaliteten i grunn- og videregående skole	14,3%
Øke innovasjons- og omstillingsevne	42,9%
Klima- og miljøutfordringer	0,0%
Beholde/øke konkurransekraft på internasjonale markeder	14,3%
Stigende lønnsnivå	28,6%
Økt konkurranse fra internasjonale nettaktører	0,0%

Ut frå denne ser ein at av det kommunen kan gjera noko med er det tilrettelegging av næringsareal dei næringsdrivande meiner er viktigast. Tilrettelegging av næringsareal inkluderer også etablering av god infrastruktur. Kommunen har i 2014 investert i betre infrastruktur fleire stader enn i Rolvsvåg. Bjørkheim, Eikedal og Frøland/Totland har fått og vil få vesentleg betre infrastruktur i nær framtid.

Samnanger er og med i eit interkommunalt samarbeid med Os og Fusa om å laga ein felles næringsarealplan. Sjølv arealbruken vil inngå i den ordinære arealplanen til den ein skilde kommunen. Gjennom planarbeidet vil det verta arbeid fram ein del felles prinsipp, og det vil verta laga eit felles kart som viser næringsareala i regionen. Hordaland fylkeskommune og Business Region Bergen er medspelarar i dette arbeidet som også fylkesmannen støtter m.a. med midlar.

Sentraladministrasjonen, dvs. einingsleiar for interne tenester har arbeid ein god del med å få realisert vidare utbygging av breiband. Alle dei prosjekta som fekk midlar er no gjennomførte.

Landbrukskontoret prioriterer arbeidet med å gje råd til bønder som skal etablera seg eller gå inn på nye forretningsområde. Bøndene vert hjelpt vidare til t.d. Innovasjon Noreg.

Samnanger kommune v. rådmannen har dei siste åra vore sekretær i Bjørnefjorden næringsutvikling -BNU. Hovudjobben til BNU er å vera styret for regionalt næringsfond. I 2014 mottok BNU kr 236.000 kroner til vidare fordeling. Det er strenge krav til kva type

tiltak midlane kan nyttast til, noko som har gjort at BNU har pengar ståande på "bok". Som sekretær for BNU møter rådmannen på regionleiar møte med Hordaland fylkeskommune.

Kommunalt næringsfond

Av fondet kan det ystast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemdar og verksemdar under etablering. I 2014 vart det gitt støtte til 3 private verksemdar. Det vart og brukt pengar av fondet til andre næringsretta tiltak m..a i kommunal regi.

Fondet vert også nytta til å betala medlemskapsavgift i næringsretta organisasjonar. Til saman vart det i 2014 brukt kr 53.788 på denne måten. Kommunen er medlem i Business Region Bergen, Bergensalliansen, Vest Norsk Brüsselkontor, Samnanger næringsforum og Interesseselskapet for Rv 7.



Kraftsenteret vart avslutta i 2014. Diverre kom me ikkje så langt som ønska, og aktiviteten i 2013/14 vart lågare enn lagt til grunn i søknaden til fylkeskommunen om midlar. Det gjorde at fylkeskommunen ikkje betalte ut heile det innvilga tilskotet, noko som gjorde at Samnanger måtte dekke ein større del enn forventa. Midlane er tekne av næringsfondet. Det vart levert ein rapport om småkraftutbygging i verna vassdrag. Her var Terje Engvik leigd inn som konsulent. Rapporten omfatta og andre vassdrag enn i Samnanger.

Det har vore arbeid for å få eit momument eller liknande i kommunen som fortel noko om kraftkommunen Samnanger. Dette har vore arbeid med i tilknytning til Sima – Samnanger då Statnett responderte positiv på eit initiativ frå ordføraren og frå Kraftsenteret. Det ser no ut som om me kan få på plass eit ny paviljong på Bjørkheim der læring om kraftproduksjon m.m. er vesentleg .




Skisse av den planlagte paviljongen

KYRKJA

Kyrkjelova av 1996 gjorde kyrkja meir sjølvstendig, men lova legg framleis det økonomiske ansvaret på kommunane. Kommunen sitt bidrag skal som eit minimum gje grunnlag for at det i kyrkjene kan haldast dei gudstenestene som biskopen fastset, at det blir tilbode dåp, konfirmasjon, vigsel, sjelesorg og gravferd, at arbeidsforholda for dei kyrkjeleg tilsette er tilfredsstillande, og at sokneråd og kyrkjeleg fellesråd har tilstrekkeleg administrativ hjelp. (KL § 15)

Samnanger kommune løyver vesentleg meir til kyrkja enn landsgjennomsnittet, men om lag på same nivå som i KG 3 målt i kroner pr. innbyggjar



	Samnanger	KG 3	Hordaland	Landet
Netto driftsutgift. funksjon 390, 393 i % av samla netto driftsutg	1,8	1,5	1,3	1,1
Brutto investeringsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbyggjar	-	134	244	173

Stell av kyrkjegarden utgjer ein vesentleg kostnad. Sjølv om ansvaret for det praktiske er lagt til teknisk eining vert utgiftene rapportert i KOSTRA på ein funksjon som vert summert opp for kyrkja.

Tabellen under viser at det er stor aktivitet i kyrkja. Kyrkja lager også eiga årsmelding.

	Samnanger	KG 3	Hordaland	Landet
Medlem av Dnk i prosent av tal innbyggjarar	86,9	83,6	77,3	73,8
Døypte i prosent av tal fødte	128,6	86	64,1	58,9
Konfirmerte i prosent av 15-åringar	75,9	76,2	70,5	62,5
Kyrkjelege gravferder i prosent av tal døde	100	96,4	91,2	89,5
Kyrkjelige handlinger pr. 1000 medlem	47,1	36	32	31,2
Deltaking gudstjenester søn- og helligdag pr. innb.	1,6	1,2	1	0,9
Gudstenester pr. 1000 innb	26,2	21,3	12	12,1
Konsertar og kulturarrangement pr. 1000 innb	4,1	3,9	2,4	2,5
Deltakarar konsertar og kulturarrangement per innb.	0,3	0,3	0,3	0,3
Kyrkjeofringar pr. medlem	197	105	76	79
Del av kyrkjeofringar til eiga verksemd	49,8	58,2	52,9	62,2
Medlemmer i trus- og livssynssamfunn i % av tal innb	5	5,5	8,8	11,4

TEKNISKE TENESTER

Teknisk eining er ikkje eit omgrep i offentleg statistikk. Informasjonen er delt opp på mange ulike funksjonar, og det ligg derfor ikkje føre tal som gjer at me kan sjå på heile eininga under eitt i samanlikninga med andre.

Plan- byggje- og delesaker, kart og oppmåling og naturforvaltning

Det er eit område der det nok er ulik i praksis mellom kommunane korleis utgifter vert førte. Det er dermed ikkje lett å samanlikna informasjon. For vår eigen del har det og vore variasjonar på korleis me har plassert kostnaden mellom dei ulike funksjonane frå eit år til eit anna. Til tross for desse manglane vil me presentera ein del av den statistikken som ligg føre.

I statistikken på dette området er det innført eit nytt omgrep – ”årsinnbyggjar”. Dette er gjort fordi det er mange fleire enn innbyggjarane som nyttar desse tenestene. I 2013 var tal årsinnbyggjar i Samnanger 4386. Tal innbyggjarar treng uansett ikkje vera den beste måten å vurdere kostnader på. Kommunar med stabilt folketal og liten utbyggingsaktivitet vil t.d. har langt færre saker enn kommunar med høg byggeaktivitet.

Samnanger har vesentlege høgare utgifter til plansakshandsaming, men noko mindre til bygge- og delingssaker. Me har utgifter til oppmåling og kart som landsgjennomsnittet.


<i>Korrigerede brutto driftsutgifter til</i>	Samnanger			KG 3	Landet
	2012	2013	2014	2014	2014
Plansakshandsaming pr. årsinnb	454	474	499	171	223
Byggje- og delingssaker pr. årsinnb	186	198	180	201	261
Kart og oppmåling pr årsinnb.	242	151	154	195	164

Det er eit mål for oss å ha **god og rask sakshandsaming**. I 2014 vart det handsama relativt mange søknader utan ansvarsrett. Sakene er dobla frå 2013. Statistikken viser stort sett ei forbetring i 2014 samanlikna med året før. Tala i statistikken under viser at me har kort sakshandsamingstid både på byggesaker med 3 og 12 vekers frist. Annan statistikk viser at me berre har ei sak som ikkje er handsama innan fristen.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid dagar	Samnanger	Samnanger	KG 3	Landet
	2013	2014	2012	2012
byggesaker med 12 vekers frist	30	35	34	38
byggesaker med 3 vekers frist	21	14	17	19
saksbehandlingstid, oppmålingsforretning	70	63	68	66
Tal søknader om tiltak utan ansvarsrett pr 10 000 årsinnb	48	98	67	53


Dei siste åra har me arbeidd for å få fram rett grunnlag for fastsetjing av gebyr. Me held fortsett ope for korrigeringar, men det ser no ut som om me har lagt gebyra på rett nivå i høve til arbeidsinnsats.

Til tross for at mange meinte at auken i gebyra våre kanskje var i overkant av det dei burde vera, ser me at Samnanger ligg på om lag same nivået som dei andre kommunane.



Samferdsel

Utfordringane er mange innan dette området, og me føler heile tida at me burde brukt vesentleg meir midlar her. Statistikken viser at målt pr. km. kommunal veg brukte me som KG 3 og under landsgjennomsnittet. Tidlegare år har me lagt til dels langt over andre kommunar. Den milde og snøfattige vinteren i fjor må nok ta "æra" for at me har redusert utgiftene våre på dette feltet.



Ei stor utfordring for kommunane er at det ikkje lenger er mogleg å ha dei veglysa som er monterte. Lyspærene skal skiftast ut med mindre energikrevjande lampar. Dette er ein massiv investering som kommunestyret vil få informasjon om i løpet av året. Samnanger kommune dekkjer utgifter til veglys både på private og fylkeskommunale vegar i tillegg til dei kommunale vegane. Samnanger har ei oppfatning om at me har store utgifter til veglys, og at det ikkje er rett at me dekkjer kostnad med lys på alle type vegar og stadar. Statistikken viser imidlertid at kostnad pr. lyspunkt er langt lågare hjå oss enn hjå dei andre. Den viser også at me har mindre utgifter til veglys på fylkesvegane.

	Samnanger	KG 3	Landet
Kostnad i kr til veglys pr km kom. Veg	9 233	12 386	19 011
Kostnader i kr til veglys på statlege og fylkeskom. vegar som kommunen betaler for	398	700	846

Ekstremvær ser ut til å koma stadig oftare. Teknisk fekk utfordringar med store vannmassar sist oktober.



Vatn og avlaup

Utgiftene på desse to tenestene skal i utgangspunktet dekkjast av abonnentane. M.a. pga uføresette hendingar kan det vera variasjonar i kostnadene frå eit år til neste. Det er då høve til å setta av evt. overskot til seinare bruk. Samnanger kommune har lagt til grunn at så sant ikkje noko særleg skjer skal sjølvkostprinsippet gjelda fullt ut. For vatn og avløp er det i 2014 100% sjølvkost på begge tenestene. Det er etter at det er sett av ca kr 500.000 til fond vatn. Auken i nye abonnentar går seint, men med utbygging til Frøland/Totland vil det koma til mange nye abonnentar. Inntektene frå dei vil nok gå med til å dekkja nye utgifter som kjem som fylgje av investeringar her. Det er derfor ikkje von om å få redusert vassavgifta, noko som ville vore ønskjeleg sidan den er svært høg.

Kloakkavgifta vår ligg langt lågare enn dei andre. Her har me store utfordringar som nok vil føra til auka avgift. Ei utfordring for oss er m.a. lange leidningar og få abonnentar.

	Samnanger	KG 3	Landet
Vatn			
Sjølvkostgrad	100	96	98
Vatn årsgebyr	7210	3467	3248
Driftsutg. pr tilknytt innbyggjar	1217		887
Andel innb som er tilknytt komm. Vassforsyning	58,7		83,9
Avløp			
Sjølvkostgrad	100	96	98
Avløp årsgebyr	2430	3644	3602
Driftsutg. pr tilknytt innbyggjar	933		1023
Andel innb som er tilknytt komm. avløp	45,3		84,4


Renovasjon.

Det er det interkommunale selskapet BIR som står for renovasjonsordninga i Samnanger. Gebyret har lagt så godt som fast dei siste åra, sjølv om det skjer nye aktivitetar. Statistikken over storleiken på gebyret tilseier at dagens ordning er god for innbyggjarane i Samnanger. Det vert elles vist til årsmeldinga frå BIR.

	Samnanger	KG 3	Landet
Hushaldningsavfall i kilo pr. innb	398	483	437
Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling kilo pr. innb	101	150	165
Gebyr hushald – minimumsgebyr for Samnanger	1670	3644	3602

Brann- og ulukkesvern

Samnanger kommune bruker etter måten mykje midlar på dette området. Dette skuldast hovudsakleg høge utgifter til beredskap. I 2014 og i 2015 vert det gjennomført eit omfattande kompetanseløft for brannpersonalet. Det er og lagt ned mykje arbeid for å få til eit godt samarbeid med Bergen brannvesen som no har ansvaret også for Samnanger. Det har vore snakk om å få på plass eintydige reglar og rutinar.



Samnanger har høge utgifter til **brannvern** samanlikna med landet, men lik som for KG3, og utgiftene ser berre ut til å auka. Det er ei utfordring å få redusert desse kostnadene. Frå 2014 er det inngått samarbeid med Bergen kommune som tilseier at brannsjefen i Bergen også er brannsjef i Samnanger. I dette samarbeidet ligg og ansvar for det forebyggjande arbeidet og for tilsyn med særskilde objekt. I første omgang vil kostnadene våre auke, men venteleg vil også kvaliteten auka.

	Samnanger	KG 3	Landet
%- del A-objekt som har fått tilsyn	225	71,4	81
Tal bygningsbrannar pr. 1000 innbyggjarar	0	0,42	0,47

Brannbefelet er også involvert i drift av førstehjelpsbilen. Utgiftene vert ført på eining for sosial og helse.

Det er innført behovsprøvd **feiing og tilsyn**. Det tilseier at pipene som hovudregel skal feiast anna kvart år og det skal utførast tilsyn kvart 4.de år. Gebyret er rekna ut frå dette. For å forenkla systemet vert det kravd inn same gebyret kvart år, dvs. samla forventa kostnad for 4 år vert lagt til grunn for fastsetting av det årlege gebyret. Me har fortsett avtale med Vestnorske feiartenester om feiing og tilsyn av bustader. Oversikten viser at vel 1/3 av pipene vart feia i 2013.

Me har omsider kome på riktig nivå på gebyret for feiing og tilsyn.

	Samnanger	KG 2	Landet
Tall piper pr. innbyggjar	0,49	0,45	0,33
Årsgebyr for feiing og tilsyn (gjeld rapporteringsåret +1)	419	500	438
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbyggjar	31	108	53
Andel piper feiet	47,7	44,5	39,9

Til det forebyggjande arbeidet høyrer og beredskap som medlemskap i IULA – interkommunalt samarbeid om m.a. oljeberedskap. Nytt for 2014 var eit krav frå Bergen kommune om å dekkja ein del av kostnaden med lagring av Sivilforsvaret sitt utstyr.

Eigedomsforvaltning

Samnanger brukte i 2014 kr 4.813 til eigedomsforvaltning pr. innbyggjar. Tala for KG 3 var kr 6 336 og for landsgjennomsnittet kr 4 769. Me har brutto investeringsutgifter pr. innbyggjar på 4.000 kroner mot landsgjennom-snittet på kr 3. 256. Tala seier imidlertid lite sidan kommunane sin eigedomsmasse varierer mykje både med tanke på at nokre kommunar leiger framfor å eiga og alderen på bygningane.


Korrigerte brutto driftsutgifter pr. m2	Samnanger	KG 3	Landet
kommunale eigedomar	866	902	942
administrasjonslokale	376	729	781
skulelokale	1083	896	925
førskulelokale	723	1194	1344
institusjonslokale	647	803	787

Samnanger har i klima- og energiplan sett seg som mål

å vera foregangskommune på energi

Statistikken kan tyde på at me har lukkast med det på eigne bygg. Det er gjort grep i tilknytning til nybygg, og det har og til ein viss grad vore fokus ved litt større vedlikehald.

Ved nybygging har ein forsøkt å finna miljømessige gode løysingar. Barneskulen og helsetunet er bygd ut frå slike prinsipp. I tabellen under er t.d. dei to skulane slått saman, og som me veit er ungdomsskulen sjølv med nye vindauge ikkje det mest energieffektive bygget. Svømmebassenget er sjølv sagt med å trekkje energibruken opp her. Pris på krafta har og sjølv sagt stor betydning for korleis ein kjem ut i desse samanlikningane. Straumprisane har vore lågare dei to siste åra enn tidlegare, og når me ser på kostnad og ikkje på straumforbruket er det ein faktor som må takast med i vurderingane.



	Samnanger	KG 3	Landet
Samla areal i m2 mål etter			
Barn 1 – 5 år	18,4	9,7	4,7
skulelokale pr.elev	23,0	23,5	15,3
institusjonsbygg pr. innb over 80 år	17,5	34,7	20,3
Areal idrettsbygg pr. innbyggjar	0,2	0,9	0,4
Administrasjonsbygg pr. innbyggjar	0,7	0,8	0,4
Energikostnader pr m2			
førskulelokale	75	115	128
skulelokale	88	112	97
institusjonsbygg	111	117	119
idrettsbygg	55	86	116
administrasjonslokale	71	105	93

Tilbygget til barneskulen er bygd som passivhus. I 2012 låg energikostnad pr m2 på skulane samla på 128 kroner pr m2. Kostnaden var den same i 2013 og i 2014 sjølv om vel klima tilsa mindre energibruk i 2014.

PLEIE OG OMSORGSTENESTENE


Pleie og omsorgstenestene omfattar i tillegg til tenester primært til eldre – sjukeheim, heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen - også tenester til funksjonshemma. Eininga har og ansvar omsorgsbustader i privat eige, dvs. at eininga må dekkja husleiga når husværa evt. ikkje er utleigde slik situasjonen var for delar av 2014.

2014 var eit krevjande år for pleie og omsorg. Uvissa rundt om det vart bygging av ny sjukeheim og evt. når det var aktuelt med mellombels drift gjorde arbeidet vanskeleg. Det skapte m.a. ein frustrasjon blant personale sidan så mykje var usikkert i høve til eigen arbeidssituasjon. Når det gjeld økonomi har eininga hatt eit meirforbruk av ein viss storleik. Jmf. tidlegare merknader. Delar av meirforbruket har sin klare samanheng med situasjonen rundt bygging av ny sjukheim. Det var tidleg klart at me måtte nytta omsorgsbustadene i kommunen på ein annan måte i mellombels drift, og når desse vart ledige kunne dei derfor ikkje leigast ut evt. berre leigast ut på korte kontraktar. Det medførte m.a. at det er ein svikt i leigeinntektene på vel 100.000 kroner som er belasta pleie og omsorg. I den mellombelse fasen ville ein del arbeidsoppgåver falla bort, reinhald, kjøkken og vaskeritenester for å nemne nokre. Dei skulle erstattast med kjøp av tenester. Sidan det var usikkert om og når ny drift skulle settast i gang, var det ikkje mogleg å nedbemanna "tids nok", noko som gjorde at me ikkje fekk kostnadsnivå så langt ned som føresett. Kommunen fekk utgifter til leige av lokale m.m. på Vaksdal frå november. Dette var ikkje budsjettert. I tillegg kom det og ein del utgifter til sjølve flytteprosessen.




Leiinga og dei tilsette i pleie og omsorg få honnør for den kreativiteten og den store innsatsen som vart lagt ned i samband omlegging av drifta. Det same må og bebuarane på sjukheimen få som takla flyttinga på ein svært så god måte. Det er og grunn til å visa til at pleie og omsorg i eit år med mykje uvisse har klart å halda sjukefråværet under målsettinga.

Det var ein markant nedgang i pleie-omsorgstenesta sin andel av netto driftsbudsjett i 2010 noko som hadde lite med drifta i plo å gjera men som m.a. skuldast endra finansiering av barnehagane. Samnanger har lagt høgast i heile perioden. Plo er den desidert største sektoren, og det er ikkje mogleg å tenke seg at me kan skaffa oss større økonomisk handlefridom utan at plo tar sin del av reduksjonar. Det er derfor urovekkjande at deira andel har gått såpass mykje opp frå 2012. Me ser at denne tendensen også gjeld for dei andre. I 2014 brukte Samnanger kommune 6.000 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet til plo



Samnanger har ein større del av befolkninga over 80 år enn KG 3 og ein litt mindre andel for dei mellom 67 og 80 år, men me ligg over landet for begge desse aldersgruppene. Me har vesentleg høgare brutto driftsutgifter pr brukar enn dei andre, med me ligg lågare enn dei andre når me ser på netto kostnader pr. innbyggjar over 80 år. Ei forklaring på det er at det er færre som får tenester, og dei som får får svært mykje.



Tal personar i ulike aldersgrupper pr. 1.1. - Samnanger

	2005	2010	2012	2013	2014	Endring 2005 - 2014
70-74 år	86	47	73	80	95	9
75-79 år	85	78	72	63	47	-38
80-84 år	78	65	60	62	72	-6
85-89 år	52	48	49	52	45	-7
90 år og eldre	20	29	34	31	35	15
Sum over 70 år	321	267	288	288	294	-27
Sum over 80 år	150	142	143	145	152	2

I Samnanger har det vore ein faktisk nedgang i totalt tal personar over 70 år sett over dei siste 10 åra. Men det har vore ein stor auke i tal personar over 90 år.

Samnanger har høg sjukeheimsdekking samanlikna med andre. I 2014 hadde me 24,3% plassar i institusjon i høve til tal innbyggjarar over 80 år. For KG 3 var talet 21,3 og for landet 18,7. Dette viser att i tabellen under som viser at ME bruker 61% av budsjettet til sjukeheimen mot under 50% for dei andre.

%-del av midlane i plo på ulike foremål

	Samnanger				KG 3	Landet
	2011	2012	2013	2014	2014	2014
sjukeheim	52	53	59	61	48	46
heimeteneste	41	43	35	33	48	49
aktivisering	6	4	5,8	5	4	5

76% av årsverka i brukarretta tenestene i plo er fagutdanna. Gjennomsnittet for landet er 75%. Lønsutgiftene våre pr. årsverk er på linje med KG 3 (kr 675.000), men noko lågare enn for landsgjennomsnittet. Me bruker i gjennomsnitt 0,58 årsverk pr. brukar, ein god del meir enn dei andre (0,49). Mykje bruk av vikarbyrå verker inn på denne siste indikatoren, men me legg til grunn at Samnanger ikkje avvik særleg i høve til gjennomsnittet.

Sjukeheim

Samnanger har i utgangspunktet høg sjukeheimsdekking. Kvaliteten på Samnangerheimen med mange som delte rom og bad, gjorde at kapasitetsutnyttinga i 2014 berre var på 74% mot 97% for landet samla. Det var og eit mål å redusera bruken av sjukheimsplassar fram mot utflytting.

Dekkingsgrad	Samnanger	Gruppe 3	Landet
Plassar i % av innb 80 år og over	24,3	21,1	18,7
Andel av innb. over 67 år på institusjon	4,5	6,3	5,2
Andel av innb. over 80 på institusjon	11,8	18,4	18,2
Andel av plassar til korttid	11,1	18,4	18,2
Andel plassar i skjerma plassar demens	22,2	27,3	23,9
Andel plassar avsett til rehabilitering	7,4	7,3	7,1


Brutto kostnad for ein sjukeheimsplass var i 2014 knapt 1.090. mill kroner i Samnanger mot 1.035 mill kroner for dei andre. Det gir oss ein døgnkostnad på kr 3.756 kroner. Kostnaden vår til tilsynslegen og fysioterapeuten er ført på helsebudsjettet og ikkje på sjukeheimen. Her er det varierende praksis.. Brukarbetalinga i høve til korrigerede brutto driftsutgifter er lågare i Samnanger (12,3%) samanlikna med landsgjennomsnittet (14,9%). Det kom inn vel 3.4 mill. kroner i brukarbetaling. Det er ulik betaling for korttidsplass og fast plass og egne betalingsreglar for den første tida ein er inne på institusjon. Det gjer det vanskeleg å seia noko om kva gjennomsnittsbetalinga ligg på.

Pleie og omsorg - kvalitet	Samnanger	KG 3	Landet
Legetimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,45	0,47	0,5
Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,3	0,37	0,39

Heimetenestene


Heimetenestene omfattar både tilbod til eldre – heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen - også tenester til dei funksjonshemma. Samnanger gir heimetenester til færre enn gjennomsnittet. For dei eldre kan det forklarast med god sjukeheimsdekking.

Sjølv om me har relativt sett god sjukheimsdekking, definerer me at vesentleg fleire av brukarane våre av heimetenestene har omfattande hjelpebehov. Dette har auka frå 2013, og kan dels forklarast med at færre har hatt tilbod om sjukeheims plass. Av statistikken kan det sjå ut som om det er trong for praktisk hjelp som har auka sidan brukarane våre får i gjennomsnitt like mange heimesjukepleietimar enn dei andre.



	Sk 2013	Sk 2014	KG 3	Landet
%- av brukarane med omfattande hjelpebehov	28,3	36,6	24,8	24,4
Gjennomsnittlig tildelte timer pr veke, praktisk hjelp	9,3	11,2	7,5	8,9
Gjennomsnittlig tildelte timer pr veke, heimesjukepleie	11,1	5,3	5	4,6
Gjennomsnittlig tildelte timer i uken.	13,8	10,2	10	10,2

Samordna tenester i eldreomsorga har ført til ein del utfordringar i fordeling av lønsutgifter. Det har vore gjort endringar frå eit år til det neste. Slik er også gjort i 2014, og kan vera ein grunn til den kraftige auken i utgiftene pr. brukar av heimetenestene. På den andre sida ser me at det er ein stor auke i brukarar med omfattande hjelpetilbod og det skulle tilseie den veksten som er vist i figuren. Men det er likevel vanskeleg å få skikkeleg grep om tala sidan gjennomsnittleg tildelte timar har gått ned frå 2013 og me ligg likt med dei andre.



Tenester til funksjonshemma

Me har i mange år vist til at med heildøgnsdrift to stader i kommunen, vert kostnaden høg. Dette er og ein av grunnane til at me arbeider for å få til eit samla bufellesskap. På slutten av 2014 vart det rydda plass på Skottabakken slik at det var mogleg å samla alle brukarane med trong for heildøgnsstilsyn her. Me har ikkje fått til ei optimal løysing, men leiinga og dei tilsette har sett at dette må til, og dei ser sjølv sagt fram til at det vert bygd eit nytt senter. Med omlegginga og også fordi ein av brukarane med eit stort behov for hjelp fall frå, er utgiftene i

2014 vesentleg redusert. Pr. i dag kjøper me alle tenester til avlasting eksternt, anten hjå andre kommunar (Kvam) eller hjå private avlastingsheimar og institusjonar.

	2 011	2 012	2 013	2013	2 014
Netto utgifter	6 020 789	9 088 848	9 384 713	10 666 652	9 570 690

	2012	2013	2014
Bukollektiv	7 159 600	7 626 396	6 772 138
Arbeid	527 747	608 539	642 000
Dagtilbod	1 630 869	2 411 609	2 156 552
Ferietilbod	66 496	20 108	*

- Kostnaden er ført under bukollektiv

Aktivisering av eldre

Dagsenter er ikkje ei lovpålagt teneste. Me tilbyr i dag dagsentertilbod til heimebuande eldre ein, evt. to dagar i veka. Fleire friviljuge medarbeidarar arbeider saman med fast tilsett personale. Brukarane vert henta i heimen og køyrd til Samnangerheimen der tilbodet fram til utflyttinga vart gitt på daglegstova. I samband med mellombels drift var det svært viktig for oss å oppretthalde tilbodet. Kyrkja var meir enn viljuge til å stilla lokale til dagsenteret i kyrkja på Haga.

Statistikken er laga slik at me ikkje får ut tal berre for aktivisering av eldre. Me har derfor lite grunnlag for å seia noko om ressursbruken vår samanlikna med andre.



Godt samarbeid mellom dei yngste og dei eldste. Besøk i gardsbarnehagen

SOSIAL OG HELSE

Stillinga som einingsleiar har vore vakant i 2014 i påvente av avklaringar om ny struktur og interkommunalt samarbeid om barnevern. Rådmannen har fungert i desse jobbane. Dette hadde ikkje gått utan flinke og ansvarsfulle tilsette.


Innan denne eininga kjem det ofte uføresette hendingar som har økonomiske konsekvensar. Det kan gjera det vanskeleg å budsjettera rett, særleg gjeld dette for økonomisk sosialhjelp og barnevern. For 2014 vart det og sett opp for låge budsjettsummar på ein del område som i neste omgang har ført til spørsmål om tilleggsføring og også til overskridingar.

I kostrasamanheng er sosial og helse ikkje eit omgrep slik at kommentarane som vert gitt omfattar einskildområde innan einingane.

Sosialtenesta – NAV Samnanger

Dei minste kommunane har mindre utgifter til dette området enn dei større. Samnanger ligg på same nivå som småkommunane. Me har hatt ei målsetting om å få redusert utgiftene ved å få ned først og fremst tal brukarar som går lenge på økonomisk sosialhjelp. Me har ikkje heilt lukkast med det, men figuren viser at me har klart å hindra vekst. Den auken som har vore etter 2011 er om lag på nivå med løns- og prisauken.

Det er viktig å ha tilstrekkeleg og kompetente medarbeidarar både for å halda kostnaden nede, men ikkje minst for å gje brukarane av NAV høve til å koma seg over i andre ordningar enn økonomisk sosialhjelp. Dei tilsette kan både gje gode råd og arbeida aktiv ute for å finna fram til arbeidsplassar og praksisplassar for dei som står utan arbeid. Samnanger har 0,9 årsverk pr. 1.000 innbyggjarar innan dette området. For KG3 er talet 0,82 og for landet 1,16. Det er ein god del fleire klientar i større enn i mindre kommunar relativt sett. I Samnanger er det 3,4 % av innbyggjarane i alderen 20 – 66 år som er sosialhjelpsmottakarar, medan talet for landet er 4,2%. Samnanger har vesentleg mindre utgifter pr. mottakar enn landsgjennomsnittet. Skilnaden er ikkje like stor i høve økonomisk sosialhjelp.



	Samnanger	Landet
Brutto driftsutg. pr. sosialhjelpsmottakarar i kr	68 878	95 324
Brutto driftsutg. til økonomisk sosialhjelp pr mottakar i kr	34 429	44 287
Andel mottakarar med øk. sosialhjelp som hovudinntektskj	40,8	47,3

Det er lagt ned mykje godt arbeid dei siste åra for å nå målet om å finna fram til rette type tiltak, det vera seg andre trygdeordningar eller arbeidsmarknadstiltak. Det er derfor gledeleg at tidlegare positiv trend held fram også i 2014 ved at det er færre enn tidlegare som har

økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde. I 2014 utgjorde dei 40,8 % mot 55 % i 2011
Gjennomsnittleg stønad pr mnd var i 2014 på kr 5.400.

Tal personar som har fått økonomisk sosialhjelp

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Totalt	52	64	58	49	49	49
Meir enn 6 mnd.	20	27	18	14	20	20
Gjennomsnittleg stønadslengd 18 -24 år	6,8	5,9	4,5	4,3	7,6	6,3
Gjennomsnittleg stønadslengd 25 – 66 år	4,7	5,0	4,5	4,8	5,0	4,7


Barnevern

Det er eit stort negativt avvik mellom budsjett og rekneskap på dette området. Dårlig budsjettering må ta ein del av skulda. Rekneskapen viser at det ein faktisk nedgang i utgiftene våre frå 2013. Det vert elles vist til eininga si melding for ytterlegare forklaring.

I påvente av ordning med interkommunalt samarbeid på dette område er det ein del stillingar som er haldne ledige. For å løyse oppgåvene er det inngått avtale med to røynde konsulentar. Samnanger kommune har tradisjon for å ha høge utgifter til barnevern, særleg til barn som er plasserte i fosterheimar eller i institusjon. Barnevernet i Samnanger var inne med tiltak til 5,5 % av barn 0 – 17 år. Talet for landet er 4,7%. I 2014 brukte me kr 8.645 pr innbyggjar 0 – 17 år til barnevern. Landsgjennomsnittet var på kr 8.021.

Me ligg omtrent på same nivå som landsgjennomsnittet eller under når me ser på ressursbruken i høve til barna som er omfatta av tiltak i barnevernet. Me bruker noko mindre ressursar på sakshandsaming enn landet, og vesentleg meir på oppfølging av barn som er i opphavleg familie.

Alle meldingar er handsama innan fristen på 7 dagar. Alle undersøkingssakene er handtert innan 3 mnd., dette til tross for at tal meldingar som har gått til undersøking har auka til 79%. Dette talet er det same som for landsgjennomsnittet, men ein større del av meldingane har blitt fulgt opp med tiltak (78 % mot 44%).




Helsetenester


Også innan helse var det negativt avvik mellom budsjett og rekneskap, særleg i høve til opphavleg budsjett. Dette skuldast m.a. dårlig budsjettering. Det vert vist til årsmeldinga for eininga for merknader.

Samnanger har alltid brukt mykje til desse tenestene samanlikna med andre kommunar. I KG 3 vert det brukt meir. Det er ein større auke i utgiftene våre enn t.d det snittet av kommunane bruker. Innan helse og då særleg for legetenestene har dei minste kommunane smådriftsutlempar. Mange oppgåver krev like mykje tid om ein er mange eller få innbyggjarar.

Det er innan diagnose, behandling og rehabilitering – dvs. legetenester, fysioterapi og førstehjelpsbil me bruker meir enn landsgjennomsnittet. Vaktordningar er dyrare for dei mindre kommunane. Me har felles legevakt med Os. Me betalar ein større del av kostnaden enn innbyggjartalet vårt samanlikna med Os skulle tilseia. Eiga legevakt ville nok ha kosta noko meir, og sannsynlegvis ville det har vore vanskeleg å få til. Dagens og komande krav til legevaktbemanning og – kompetanse gjer det ikkje mogleg å ha eigen legevakt for dei minste kommunane i framtida.



Det er tidlegare og ved fleire høve peika på at kommunen har teke på seg eit større ansvar enn det som ligg til kommunen ved å drifta førstehjelpsbilen på det nivået me har. I 2014 er det utgiftsført kr 636.000 til førstehjelpsbilen,. Det utgjer ca 260 kr pr innbyggjar. Mesteparten av utgiftene er til beredskap, og det er derfor relativt lite å spara på å ha ei meir restriktiv haldning til når bilen skal rykka ut.



Fastlegane sine lister med pasientar er om lag på det halve av gjennomsnittet for landet. Det viser at det er god kapasitet på legekantoret, men det må også forklarast med at me har legar i "deltidsstillingar". Me har lågare ressursbruk på det førebyggjande arbeidet blant barn og

unge. I 2015 er dette området styrkja ved at helsesøster har fått utvida stilling med 10%. Dei obligatoriske undersøkingar av småbarna er gjennomførte, med nokre mindre forskyvingar.

	Samnanger	KG 3	Landet
Legeårsverk pr 10.000 innb	11,1	13,6	10,2
Fysioterapiårsverk pr. 10000 innb	8,8	10,4	8,8
Gj.snittleg listelengde fastlege korrigert for kommunale timer	528	786	1132
Andel nyfodte med heimebesøk innan 2 veke etter heimkomst	94	89	81
Andel spedbarn med fullført helseundersøking innan utg av 8. leveveke	86	101	96
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3års alder	117	97	97
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	92	103	96
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1 klasse	99	100	95





Dråpeslottet barnehage



Vassloppa barnehage




Nøkkeltal barnehage – Saman om ein god start

Ansvarsområde

Barnehagane har ansvar for å gje eit pedagogisk tilbod til barn i førskulealder. Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samnanger kommune har to kommunale barnehagar og gjev driftstilskot til ein privat barnehage.

Prognose barn i førskulealder (1-5 år)



Frå 2015 og utover er tala i prognosen uttrekk frå SSB sine tal for høg befolkningsvekst. I 2014 var det 143 barn i alderen 1-5 år i Samnanger. Ser vi tilbake på tidlegare tal ligg barnetalet i denne aldersgruppa på rundt 150 barn. I seinare tid har Samnanger bygt ut sine barnehagar, og saman med den private barnehagen er det kapasitet til om lag 200 barnehagebarn. Kommunen vil derfor tåle ein relativ stor befolkningsvekst dei næraste åra. I dag nyttar 85% av alle 1-5 åringane i Samnanger seg av eit barnehagestilbod i kommunen.


Brukarar

Samnanger har vedteke å ha ei norm med 9 barn under tre år pr. pedagog og 18 barn over 3 år, pr. avdeling i kommunal barnehage. Gardsbarnehagen har godkjenning for 32 korrigerede 3-5 årsplassar, og har ikkje areal til ytterleg utviding. Dei kommunale barnehagen har areal til ytterlegare utviding ved behov, og særskilt i Vassloppa kan ein heil avdeling verte teken i bruk ved behov.

Årsmelding, BASIL pr 15.12.14	Dråpslottet bhg	Vassloppa bhg	Aadland gardsbhg	Totalt
Tal barn <3 år	14	20	6	40
Tal barn >3 år	30	31	21	82
Barn totalt	44	51	27	122
Totalt korrigert Opphold pr uke	44,0	51,0	24,6	119,6
Godkjent leikeareal m ²	405 m ²	753 m ²	174 m ²	1379 m ²
Godkjente plassar heile plassar < 3 år	54	100	32	190
Ledige plassar	8	36*	0	44

Andel barn med barnehageplass

Barnehagane har gjeve tilbod til alle som har søkt om plass. Barnehagane har eit hovudopptak i august og fortløpande opptak gjennom året. 2 barn nyttar privat barnehagetilbod i andre kommunar. Samnanger kommune må og gje tilskot for desse barna til desse barnehagane. Tal for landet er likt som for kommunegruppe 3. I og med alle med rett til barnehageplass får tilbod vil avviket frå KG3 variere i forhold til det varierende fødselstalet som er kvart år. Lågt fødselstal i 2012 gjev liten andel 1-2 åringar (70%) i 2014.




Årsverk


Årsmelding i BASIL pr 15.12.14	Kommunal barnehage	Privat barnehage	Totalt
Styrar	2,6	0,4	3,0
Pedagogisk leiar	8,8	2,05	10,85
Assistentar	17,1	3,10	20,2
Adm/merkantilt	0	0	0
Assistent styrka	1,3	0	1,3
Anna personale	0	0	0
Sum	29,8	5,55	35,65
Adel pedagog u. godkjent utd.	0	0,45	0,45

Den private barnehagen slit med å få rekruttert førskulelærer, og hadde dispensasjon i 2014. Våren 2014 hadde barnehagane ein 25% stilling i tillegg til grunnbemanninga til styrka tiltak.


Nøkkeltal



Samnanger har prioritert barnehagesektoren høgt dei siste åra. Kommunen har satsa på auke i barnetalet med å bygge ut kapasiteten i barnehagane, utan at det har skjedd ein vesentleg auke i aldersgruppa. Kommunen sine utgifter til barnehagesektoren har gått ned noko i frå 2013 (14,20%) til 2014 (13,60%). Færre barn å fordele kostnaden til barnehagedrift på gir ei auke pr. barn i aldersgruppa. Den har auka i 2014 til kr 147.538 pr barn, og er høgare enn kommunegruppe 2/3 (KG2-3) og landet for øvrig. Variasjonar år for år i fødselstalet og barnetalet er med å påvirke fordelinga av både nettoutgiftene og driftskostnadane. Kommunen si satsing på nye barnehagar siste åra er og med å påvirker utgiftene til lokale. 9,6% av utgiftene driftsutgiftene til barnehage er knytt til dette. Resten er fordelt på bemanning (85%) og tilrettelagte tiltak (5,2%).




Det er 4,9 barn pr. årsverk korrigeret for alder i kommunen sine barnehagar, medan den private barnehagen har 6,4 barn pr. årsverk. Landsnittet ligg på om lag 6 barn pr. årsverk. Når det gjeld grunnbemanning ligg kommunen på det som er minstenorm. Ei høgare totalbemanning kan skuldast høg tildeling på styrka tiltak og andre ekstra ressursar.



Utgiftene pr opphaldstime utgjer kr. 69 pr. opphaldstime i kommunale barnehagar og kr. 52 i tilskot til den private barnehagen. Tal for produktiviteten viser at me har høg kostnad pr. barn i dei kommunale barnehagane.

Styrka tilbod

I Samnanger er det nokre få barn som får svært mykje styrka/ekstra ressursar i barnehagen. I 2014 hadde 4,10% av førskulebarna eit styrka tiltak til ein kostnad på kr. 261.200. Det vert jobba for å snu denne trendenslik at fleire får utbyte av ekstraressursane knytt til forebyggjande og generell språkopplæring. For KG og landet vert det brukt langt færre ekstraressursar til styrka tilbod, og dei som vert brukte får mange barn nytte av.



Teneste og brukarar i kommunale barnehagar

Dei kommunale barnehagane har godt utdanna personale. Det er godkjende pedagogar i alle pedagogiske stillingar. I Dråpeslottet har 77% av assistentane fagutdanning. Fleire assistentar er under utdanning.

Nøkkeltal for kommunale barnehagar	Vassloppa 2013	Dråpeslottet 2013	Vassloppa 2014	Dråpeslottet 2014
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	31,4%	32,7%	33,3%	28,8%
Andel barn 1-2 år med bhg-plass i forhold til innb. 1-2 år	32,8%	36,2%	34,5%	24,1%
Andel barn 3-5 år med bhg-plass i forhold til innb. 3-5 år	30,5%	30,5%	32,6%	42,1%
Andel styrar og pedagogiske leiarar med godkjent førskulelærarutdanning	100%	100%	100%	100%
Andel assistentar med førskulelærarutd, fagutd, eller anna pedagogisk utdanning	0	77%	0	60,1%
Leike- og opphaldsareal per barn i barnehage (m2)	4,0 / 5,33	4,0 / 5,33	4,0 / 5,33	4,0 / 5,33

Økonomi

Barnehageeininga har god økonomistyring. Bemanninga er korrigert ned i høve til barnetalet. Inntektene var underbudsjett og er justert opp gjennom året. Budsjetter er derfor justert ned, og slik at underforbruket er gått med til å dekke overforbruk på andre einingar gjennom året.

Kommunale barnehagar	2012	2013	2014- budsjett	2014- rekneskap	Avvik 2014	Avvik %
Brutto driftsutgifter	19 138 031	18 840 937	18 618 508	19 361 954	743 446	4%
Brutto driftsinntekter	3 666 680	3 492 807	2 785 000	3 949 260	1 164 260	42%
Netto driftsinntekter	15 471 351	15 468 062	15 833 508	15 412 694	420 814	2,7%

Utviklingsmål og strategi for barnehagane i Samnanger

Lokal målsetting for kommunale barnehagar

Barn og vaksen skal arbeida saman for å skapa ein god kvardag for alle involverte
- Saman skal me gjera kvar dag til noko som er verd å ta med seg vidare

Saman om ein god start



Delmål – Utviklings- og læringsmiljø 2013-2015

- Barna og dei vaksne i barnehagen skal arbeida for å skapa ein god kvardag for alle involverte. Strategi 2014; Barnehagane har laga eigen plan for sosial kompetanse. Barnehagane har fysisk aktivitet for alle dagleg, med godt tilrettelagde ute- / leikemiljø. Jf Strategi for oppvekst og læringsmiljø – SOL i Samnanger (2012). I 2014 har personalet implementert "De Utrolig Årene" og dei nyttilsette får tilbod om opplæring i dette programmet.
- 5 tilsette utan barnehagelærarutdanning tek vidareutdanning i studiet Kompetanseheving for assistentar i barnehage 2014-2015 ved NLA.

Kommunale barnehagar har følgjande fokusområde i 2012-2015

1. Kommunikasjon, språk og tekst

Mål: Satse spesielt på å gje barn tidleg kjennskap og positiv erfaring med tekst, bøker og skriveverktøy.

Resultatmål som er gjennomført i 2014: Tidleg innsats for å utvikla språk, tekst og kommunikasjon gjennom LESELØFTET, Språkleken Bravo og Snakkepakken er nytta. Samarbeid med bibliotek /utlån av bøker i barnehagen er svært populært og positivt.

2. Kropp, helse og rørsle.

Mål: Alle barn skal få varierte erfaringar som stimulerer til fysisk aktivitet og helse.

Resultatmål som er gjennomført i 2014: Sunt og variert kosthald og bevisstheit omkring dette i alle daglege måltid. Presentasjon av ulike smaksopplevingar, Fiskesprellprogrammet og variert fysisk aktivitet i barnehagen og nærområdet. Språkleiken Bravo og utvikla språket gjennom fysisk aktivitet og motorisk leik.

3. Digitale verkty i barnehagen

Mål: Alle barn skal få erfaring med digitalt verkty.

Resultatmål som er gjennomført i 2014: Barnehagane nytta dagleg digitale informasjonstavler til å kommunisera og informera foreldra . Brukar digitale verkty, som Ipad og pc i lag med barna i utviklinga av barna sitt språk, tekst, kommunikasjon og bilde. Personalet har kompetanse til å bruka digitale verktoy.



Ekstremспортveka i Vassloppa

4. Sosial kompetanse

Mål: Fokus på barnehagen sitt verdigrunnlag. Alle skal oppleve vennskap og verta inkludert

Resultatmål som er gjennomført i 2014: Sosial kompetanse vert vist igjen i vennskap, leik og glede. Personalet har implementert utviklingsprogrammet, DUÅ - ”De utrolige årene”

Tilsyn

Kommunen har hatt to tilsyn frå fylkesmannen i Hordaland på barnehageområdet i 2014.

A. Kommunen som barnehagemynde

- Rettleiing av barnehagar
- Tilsyn med barnehagane
- Kommunen si handtering av søknader om dispensasjon frå utdanningskrav

Det vart ikkje funne avvik.

B. Likeverdig handsaming ikkje-kommunale barnehagar, Barnehagelova § 14

Kommunen fekk pålegg om retting vedkomande grunngeving for vedtak, henvisning til rettsreglane og opplysning om klagerett om tilskot til ikkje-kommunal barnehage . Retting er utført, og tilsynet vart avslutta i desember 2014.

Fellesutgifter barnehagane

Til forvaltninga av barnehagesektoren er det utgifter som ikkje høyrer under den einskilde barnehage. Dette gjeld:

- Kommunalt driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot til barnehagar i andre kommunar med barn folkeregistrert i Samnanger
- Barnehageadministrasjon, PPT og kompetansemidlar til barnehagesektoren til fordeling på kommunale og private barnehagar

- Styrka tiltak i barnehagesektoren



Aadland gards- og friluftsbarnhage

I 2014 vart det budsjettert med 47% for lågt tilskot til private barnehagar i andre kommunar, og 9,46% for lågt tilskot til privat barnehage i Samnanger. Underdekninga har vorte dekkja gjennom innsparing frå kommunale barnehagar og andre inntekter. Tilleggsutbetaling til Aadland gardsbarnehage vert handsama som eiga sak i samband med godkjenning av rekneskapen.

Suksess kriteria	Måle indikator	Måle metode	Ambisjon	Tiltak 2014	Forbruk Kr.	% avvik
God økonomi styring	Avvik i fht budsjett	Avvik %	0 kr avvik	Tilskot priv. bhg	3 502 616	-9,46%
		Avvik %	0 kr avvik	Tilskot barn i priv bhg i andre komm.	340 029	-47,0 %
		Avvik %	0 kr avvik	Styrka tiltak bhg	501 468	-2,6%
		Avvik %	0 kr avvik	Bhg administrasjon	7 289	+7,75 %

Hovudutfordring i barnehagane

Den store satsinga på barnehagesektoren har påført kommunen langt fleire forvaltningsoppgåver enn tidlegare utan at det er tilført ressursar i administrasjonen til å følgje opp dette. Ressursane innanfor heile sektoren bør frå neste år verte fordelt på annan måte enn tidlegare.

For Samnanger og mange andre kommunar er likehandsaming av private og kommunale barnehagar vorte ei økonomisk utfordring. Tydlegare retningsliner i 2014 på utbetaling av tilskot til private barnehagar og nødvendig nedgang på styrka tiltak i kommunale barnehagar bør vert kostnadsreducerande for sektoren. Ei anna utfordring er når kommunen i tillegg får nedgang i barnekulla som igjen gjev færre barn å fordele kostnadane på. Ei fortgang i bustadbygging og tilflytting til kommunen kan løyse dette, slik at alle dei flotte barnehagane våre kan verte fylt opp.




Nøkkeltal grunnskule – *Ein god stad å vera , ein god stad å læra*

Ansvarsområde

Skulen skal tilby elevane eit optimalt opplæringstilbod, der kvar ein skild får hjelp til å nytta sine ressursar og sitt utviklingspotensiale både fagleg og sosialt. Undervisning, rettleiing og vurdering skal verte gjennomført i tråd med opplæringslova, statlege planar og kommunale føringar.

Prognose elevtalsutvikling

Prognosetala er henta frå SSB for høg framskriving. Grunnskulane i Samnanger har kapasitet til to parallellar med om lag 40 elevar på kvart årstrinn. SSB si framskriving av 6-16 åringar er basert ut frå dagens vekst av barn og unge. Ei meir bevisst satsing på barnefamiljar og tilflytting må til om det skal verte ein høgare barnetal i kommunen dei næraste åra.



Gruppestorleik

Barneskulen i Samnanger er blant dei som har høgast bruk av assistentar. Siste åra har skulen hatt fokus på dette og fått auka opp elevtalet pr assistent. Nedgang i elevtal og meir deling i fleire fag enn norm for klassesdeling gjev hogare lærartettleik på ungdomssteget.

Kjelde: Skoleporten	S-2012	S-2013	S-2014	H-2014	L-2014
Tal elevar pr årsverk til undervisning	10,5	10,0	11,1	12,6	12,3
Andel elevar pr assistent i undervisning	29,5%	31,6%	35,5 %	80,7%	76,4%
Undervisningstimar totalt pr elev	67	71	64	57	58
Lærartettleik 1-7 trinn	12,6	11,6	11,7	13,5	13,4
Lærartettleik 8-10 trinn	10,2	10,3	12,7	14,7	14,3
Lærartettleik i ordinær undervisning	16,1	14,9	16,8	17,1	17

Lærartettleik bør verte sett i samanheng med forsvarleg pedagogisk gruppestorleik. Lærartimar til spesialundervisning er ikkje med her. Totalt undervisningstimar pr elev inkluderer alle typar undervisningstimar.

Årsverk

Tid til skuleleiing er totalt den same som i 2013. På barneskulen er det gjennomført ei intern omfordeling mellom inspektør og sfo-leiar. Samnanger har relativt god tilgang på utdanna pedagogar. Ungdomstrinnet har dei siste åra hatt 2 pedagogar utan godkjent undervisningskompetanse. Nedgang i elevtalet på ungdomsskulen gjev færre undersiningstimar på ungdomssteget.

Årsverk	Samnanger barneskule	Samnanger ungdomsskule	Totalt
Tala er frå GSI pr. 01.10.14			
Rektor	1,0	0,80	1,8
Inspektør og avdelingsleiar	0,55	0,40	0,85
Leiar for SFO	0,20	-	0,20
Sekretær/merkantilt	0,70	0,50	1,2
Sum skuleleiing	2,45	1,70	4,15
Lærarar m/godkjent undervisningskompetanse	17,98	6,67	24,65
Lærarar u/godkjent Undervisningskompetanse	0	1,50	1,50
Øvrige undervisningsårsverk	1,87	1,17	3,04
Sum Pedagogisk personale	19,85	9,34	29,19
Assistentar skule	6,51	2,04	8,55
Assistentar SFO	2,98	0	2,98
Reinhald	1,95	1,73	3,68
Sum assistentar i alt	11,44	3,77	15,21
Totalt årsverk	33,74	14,81	48,55
Tal tilsette	45	21	66


Økonomi

Barneskulen hadde i 2014 eit overforbruk på kr. 457 448, medan ungdomsskulen hadde eit underforbruk på kr. 610 729. Dette utgjer totalt for begge skulane eit underforbruk på 0,5% av ramma. Det vart sett inn tiltak som skulle hindre overforbruk i barneskulen. Fleire av desse utgiftene har vore knytt ekstratiltak og reduksjon i refusjon. Underforbruket på ungdomsskulen bør heller ikkje førekomme når det er stort behov for fornying av inventar og anna utstyr på skulen.


	R-2013	2014 rev budsjett	2014 rekneskap	2014 avvik	%-avvik
Netto driftsutgifter	30 148 463	30 908 970	30 755 689	-153 281	0,5

Prioritering


Nettoutgiftene til undervisning i skulane i Samnanger vart sterkt redusert frå og med hausten 2010, då dei to barneskulane vart slått saman. Frå 2011 har rundt 18% av kommunen sine totale nettoutgifter gått til skulane. Sjølv med fleire nye timar til barnetinet, valfag og anna undervisning på ungdomstrinnet ligg tildelinga på om lag same nivå. Utgifter til reinhald på skulane og skuleskyss er ikkje med i statistikken.



Kvar elevplass i grunnskulen kosta Samnanger i 2014 kr. 103.075. Elevkostnaden vil variere ut frå talet elevar og klassestorleik. Elevkostnaden i Samnanger avviker ikkje i stor grad frå dei andre vi no samanliknar oss med. Utgifter til sfo-tilbod og skuleskyss kjem i tillegg. I 2014 hadde kommunen ekstra utgifter til skyss i samband med bygginga av Tysse-tunellen. Utgifter til skuleskyss pr. elev utgjer i 2014 kr. 6.149. Det er likevel lågare enn andre kommunar , som ligg på om lag kr. 8.500 pr elev.




Om lag 0,5% av nettoutgiftene til kommunen går med til å opphalde sfo-tilbudet som barneskulen har i dag. Fordelt på kvar 6-10 åring i skulen utgjer det ein kostnad på kr. 32.457. Dette er om lag kr. 6.000 meir i utgifter pr. innbyggjar i aldersgruppa samanlikna med andre kommunar. Dette skyldast mindre bruk av tilbudet blant aldersgruppa og færre som nyttar full plass. Brukarundersøkinga viser at foreldra er godt fornøgd med tilbudet.



Spesialundervisning


Fram til 2011 var det ein auke i andelen elevar i grunnskulen som hadde spesialundervisning med vedtak. I frå 2012 flata tildelingane ut, og får ein liten nedgang siste åra med unnatak for Samnanger. Samnanger har ikkje greidd å snu denne trenden og ligg framleis høgt når 23,9% av timane til undervisning vert nytta til spesialundervisning. Færre elevar får spesialundervisning enn tidlegare, sjølv om så mykje som 11,4% av skuleelevane i Samnanger har vedtak for spesialtilpassa tilbod i 2014.



Av om lag 29 årsverk totalt i skulane våre går omlag 6 av årsverka til spesialundervisning etter einskildvedtak. 2 årsverk er knytt til særskilt språkopplæring. Samla utgjer dei 23,9% av alle årsverk til ordinær undervisning. Dette er ein svært høg del, og Samnanger har i 2014 delteke i eit utviklingsprosjekt i samarbeid med PPT, og ressursgrupper for å til få system for meir tilpassa opplæring. Målet er å dreie ressursane over til klasseundervisning slik at fleire elevar kan få høgare utbytte.



I 2014 fekk 32 elevar fordelt på ulike trinn spesialundervisning etter einskildvedtak. Det er om lag dobbelt så mange gutar som får tiltak som jenter. I 2014 er det litt fleire elevar på ungdomssteget (16,7%) enn elevar på mellomtrinnet i frå 5-7 trinn som får spesialpedagogisk opplæring. Barneskulen har starta i 1-4 trinnet med å dreie ressursane meir over på tilpassa opplæring, og berre 5,7% i denne aldersgruppa hadde tiltak i 2014.



(Dei ulike trinn i stolpediagrammet kan ikkje verte summerte)

Utviklingsmål for skulen - Ein god stad å vera, ein god stad å læra.

Delmål – Utviklings- og læringsmiljø

- Elevane skal ha eit læringsmiljø med høg grad av elev- medverknad, elevdemokrati, motivasjon, trivnad utan mobbing og eit godt fysisk miljø.
- Resultatmål/gjennomført strategi 2014; Skulane følgjer sin plan for sosial kompetanse og SOL i Samnanger (*Strategi for oppvekst og læringsmiljø*). Elevane får positiv støtte og rettleiing i sin skulekvardag. Skulane har fysisk aktivitet for alle dagleg, med godt tilrettelagde ute- / leikemiljø. Barneskulen har etablert trivselskontaktar (TL). Resultata frå læringsmiljøundersøkinga til elevane i frå 2014 vart publisert i mars 2015. Trivselen på barneskulen har auka samanlikna med 2013, og ligg i 2014 over landsgjennomsnittet. Det same gjeld for støtte frå lærarane, læringskultur og meistring. Og det er lave tal på mobbing, under landsnitt eller Hordaland. Resultata vert presenterte grundig i tilstandsrapporten for grunnskulen i kommunestyret. Samnanger barneskule har i 2014 gjort 2 enkeltvedtak etter Opplæringslova § 9a-3 om eleven sitt psykososiale skulemiljø, med individuell oppfølging. For ungdomstrinnet er det i 2014 positivt at støtte frå lærarane, fagleg utfordring, læringskultur og felles reglar er over langssnittet. Men opplevd mobbing meir enn 2 gongar for månaden har auka siste året i følgje elevundersøkinga. Samnanger ungdomsskule gjorde 2 enkeltvedtak etter Opplæringslova § 9a-3 om eleven sitt psykososiale skulemiljø.



Delmål – Læringsutbyte

- Elevane skal ha eit godt læringsutbyte ut frå gjevne rammer. Undervisninga skal vera spanande og engasjerande for både elevar og lærarar.
- Resultatmål/gjennomført strategi 2014; Gje tilpassa opplæring for barn og unge på alle trinn. Skulane nyttar ulike læringsstrategiar for å møte elevane som lærer på ulike måtar. Skulane har lagt til rette for ei heilskapleg opplæring frå barnehage og ut det 13-årige løpet.
- Plan for overgang barnehage -barneskule –ungdomstrinn vart revidert hausten 2014. Det var ønskjeleg å få til eit enda tettare samarbeid mellom pedagogane ved overgangane. Ungdomsskulen har i 2014 arbeidd med å utarbeida system for dokumentasjon for undervegsvurdering. Barneskulen har hatt fokus på å få ei felles forståing for tilpassa opplæring og undervegsvurdering i personalet. I dette arbeidet er PPT ein viktig samarbeidspart. Ungdomsskulen har arbeidd vidare med klasseleiing i personalet, og bestemt å gjennomføra ekstern vurdering på klasseleiing våren 2015.

Hausten 2014 er valfaga også innført på 10.trinnet. Elevane kan velje mellom fysisk aktivitet og helse, produksjon av varer og tenester og media og informasjon.

Kompetanseheving for det pedagogiske personalet er gjeve med målsetjing om å gje auka læringsutbyte for elevane. I 2014 har skule – og barnehageleiarane delteke i etterutdanning i kvalitetsvurdering som organisasjonslæring. Ein lærar tok vidareutdanning innanfor skulebibliotek og ein lærar tok vidareutdanning i engelsk. Dette er tilbod innanfor strategien *Kompetanse for kvalitet*, og lærarane får anten vikarordning eller stipend via Utdanningsdirektoratet.

Utviklingsområde

I 2014 kom Midthordlandskommunane i gong med *Utdanningsprogram for godt eigarskap, leiarskap og medarbeidarskap*. Skule- og barnehageeigar både administrativt og politisk har vore involvert i programmet i 2014. Våre skule- og barnehageleiarar og – medarbeidarar har valt å arbeide særskilt med følgjande pågåande utviklingsprosessar:

- Implementering av DUÅ – *De utrolige årene* – i barnehagane.
- Oppfølging etter det lokale tilsynet på skulane om elevane sitt utbytte av opplæringa
- Implementering av tverrfagleg samarbeid. Det vart gjennomført ei spørjeundersøking om tverrfagleg samarbeid, og nedsett ei styringsgruppe for vidare oppfølging.

Mål for arbeidet:

- Betre læringsutbytte / utvikling gjennom tilpassa opplæring og tidleg innsats.
- Redusert spesialundervisning.

Hovudutfordringar i Samnanger skulen

Skulane våre er lagt til rette for elevvekst og kan huse 2 parallellar. Ut frå framskivingstala til SSB trengs det tilflytting i tillegg til høg naturleg tilvekst om kommunen skal nå dette.

Utdanningsprogrammet for skule og barnehageleiarane har som delmål å utarbeida eit system for tverrfagleg samarbeid. Ein spørjeundersøking i einingane understrekar at dette er viktig. Arbeidsgruppe har starta arbeidet.

Totalt sett bør me kunne seia å ha veldrevne skular i gode lokale der elevane viser gode læringsresultat.



Feiring Grunnlovsjubileet – Samnanger barneskule

Fellesutgifter grunnskule og Vaksenopplæring (VO)

Ansvarsområde

Her vert ført utgifter som ikkje skal vera ein del av driftsbudsjettet for den ein skilde skule.

Dette er utgifter/inntekter til:

- Gjesteelevar (skulegang for elevar i andre kommunar)
- Vaksenopplæring
- Forvaltning av statlege kompetansemidlar til grunnskulen. 2 lærar deltek i ordninga.
- Medlemsavgift i Midthordland kompetanseregion og SAPT.
- Kjøp av PP-teneste frå Vaksdal kommune.
- Spesialpedagogisk ekstraressurs i skule og barnehage

Økonomi

Samnanger betalar for elevar folkeregistrert i frå Samnanger som har vedtak på å få gå på skule i andre kommunar. Overforbruket gjeld kjøp av slike skuletilbod.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	Tiltak 2014	Forbruk kr.	% avvik
God økonomi styring	Avvik i fht budsjett	Avvik %	0 kr avvik	Skuleadm.sjon	1 408 395	-46,4%

Vaksenopplæring

Samnanger vaksenopplæring har ansvar for grunnopplæring for vaksne og for vaksne personar med rett og/eller plikt til norskopplæring. Leiar for vaksenopplæringa, 10% stilling, er Karin Høysæter Steinsland. 20% vernepleiar og 10% spesialpedagog gjev tilbod dei til vaksne, medan utøvande logoped vert kjøpt etter behov. Norskopplæring for innvandrarar er kjøpt etter avtale med Nygård skole i Bergen, og avtalt for kvar ein skild deltakar. Nygård skole kan tilby tilpassa opplæring.

Deltakarar:	Norsk kurs	Grunnskule	Spes.u.v.	Bestått norsktest
Våren 2014	8	0	2	4
Hausten 2014	8	0	2	1

Økonomi

Det vart brukt 50 000 av fond i drifta i 2014.

	2013 budsjett	2013 rekneskap	2014 rev budsjett	2014 rekneskap
Brutto driftsutgifter	853 288	810 937	952 376	753775
Brutto driftsinntekter	- 635 700	-844 056	-1 092 700	-896 692
Bruk av fond	- 200 000		- 250 000	-50 000
Netto driftsutgifter	17 588	-33 118	-140 324	-142 916

Utfordringar - vaksenopplæring


Samnanger kommune kjøper norskopplæring i Bergen, ved Nygård skole. Dette gir deltakarane tilbod på sitt nivå, og 50-timars kurs i samfunnskunnskap på sitt morsmål. Ei utfordring er at me ikkje har eigna lokale som er tilrettelagde for den delen av opplæringa som gjeld spesialundervisning for vaksne. Dette bør sjåast i samanheng med planlegging av dagsenter for vaksne.

Kultur for alle



Nøkkeltal for Kultur

Kultursektoren ønsker spesielt å få auka aktiviteten til barn og til unge særskilt i aldersgruppa 16-24 år. Det ikkje vidaregåande skular i kommunen. Dei fleste bur heime og reiser til Bergen eller dei andre nabokommunane. Mange nyttar kulturtilboda på skulestaden etter skuletid. For Samnanger er dette likevel ei viktig aldersgruppe å nå fram til med gode folkehelse- og kulturtilbod.



I 2014 vart det brukt kr. 1.479 til kulturområdet i Samnanger pr innbyggjar. Andre kommunar brukte vesentleg meir – 2. – 3.000 kroner.


Samnanger har ikkje investeringsutgifter i 2014. Vedtak om nytt biblioteklokale på Bjørkheim vil auke utgiftene her. I kostragruppe 3 ligg på det på kr. 950 pr innbyggjar og kr 743 for landet elles.

Kulturbudsjett var i 2014 kr 3 194 127. Eininga var pålagt å kutte i drifta med kr 185 000 i forhold til det opphavlege budsjettet. Underforbruket er knytt til lønnsutgiftene i samband med sjukerefusjon.

	2013	2014 rev budsjett	2014 rekneskap	2014 avvik	%- avvik
Brutto driftsutgifter	5 283 384	5 091 182	5 006 758	-84 424	
Brutto drifts- og finansinntekter	2 033 045	1 897 055	1 953 299	56 244	
Netto driftsutgifter	3 166 417	3 194 127	3 053 458	-140 669	-4,6 %

Prioritering mellom kulturaktivitetar


Samnanger har høgast satsing på kulturskulen og sekkeposten andre kulturaktivitetar. Når det gjeld bibliotek, ligg kommunen i stor grad likt med andre kommunar. Tabellen under viser fordelinga av utgiftene fordelt på dei ulike sektorane i 2014.



Fordeling av nettoutgifter innanfor kultursektoren	S-2011	S-2012	S-2013	S-2014	KG3 2014	Landet 2014
Aktivitetstilbod barn og unge	3,2	3,8	7,9	5,4	5,6	9,7
Folkebibliotek	17	20,6	19,1	15,9	15,5	13,5
Idrett	3,1	6,1	3,0	2,6	7,4	8,6
Kultur- og musikkskular	22	34,2	24,7	28,6	17,8	13,4
Andre kulturaktivitetar	41,9	15,7	25,5	27,1	15,8	13,6
Kommunale idrettsanlegg	14,4	14,8	15,4	17,1	19	23
Kino, museum og kunstformidling	-1,8	2,1	2,5	1,3	6,7	8,6
Kommunale kulturbygg	-	-	1,9	2,0	13,2	9,5

Kommunale kulturbygg er lokale til folkebibliotek. 2013 er første gang dette er registrert i KOSTRA

Under er ein figur som viser aktivitetsnivået i 2014 i kultureininga. Det er eit svært høgt aktivitetsnivå (9) i kulturskolen og aktivitetar knytta til den kulturelle skulesekker/nistepakken. Nivået på kulturarbeidarar og frivilligheit (6) har og relativt høg aktivitet ut frå talet tilsette. I 2014 var ein det langvarig sjukefråvær i eininga, og ei rekke oppgåver måtte utsettast. Totalt sett har kulturkontoret no godt med ressursar og kan auke aktivitetsnivået innan ei rekke område. Svakast er kommunen på å søkje sentrale tildelingar/tilskot. Dette er derfor eit satsingsområde for eininga i 2015 og framover.



Skalaen går frå 1-10 der 10 er best. Ingen aktivitet gir verdi 0. Score er direkte avleda av kommunen si rangering blant 428 kommunar og resultat i 2014.

Tala i tabellen er for dei lag og organisasjonar som søker og mottek kommunale driftstilskot. I 2014 utbetalte kulturkontoret i gjennomsnitt 11 818 kroner til dei 11 laga som søkte. Det kom ikkje inn søknader til vilt- og fiskefondet. Det vart derfor ikkje utbetalt tilskot frå fondet.

Driftstilskot til frivillige organisasjonar	S-2011	S-2012	S-2013	S-2014	KG3 2014	Landet 2014
Tal frivillige lag som mottek kommunale driftstilskot	11	13	13	11	719	14 203
Kommunale driftstilskot til lag og organisasjonar i kr pr. lag som mottek tilskot	11 312	13 077	10 385	11 818	23 044	38 100

Det ble utbetalt kr. 18 000 til kvart lag som driv frivillig barne og ungdomsarbeid.

Ungdomstiltak, idrett, mm	S-2011	S-2012	S-2013	S-2014	KG3 2014	Landet 2014
% nettoutgifter barn og unge	3,2	4,5	7,9	5,4	5,6	9,7
Tilskot til frivillige barne og ungdomsforeningar pr. lag som mottek tilskot	14 333	23 600	12 400	18 000	8 231	31 711
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge pr innbygger 6-18 år.	437	430	789	508	1 046	1 248



Folkehelse

Frå 2013 har Samnanger kommune hatt 40% folkehelsekoordinator. Stillinga er lagt til kultur og vert kombinert med 60% kulturkonsulent. Koordinator legg fram eigen folkehelse rapport, og det er derfor ikkje teke med statistikk for dette i årsmeldinga.

Kulturminne, natur- og nærmiljø

Samnanger har eigen plan for kulturminnevern. I 2014 vart det gjeve 2 tilskot til kulturminne/freda bygg.

Friluftsområde

I samband med Tysse-tunellen vert det opparbeidd ny tilkomst til Ospevika. Kommunen er i dialog med BOF om ny avtale. Kommunen har inngått avtale med fleire lag om vedlikehald for ei rekke turvegar. I samband med arealplanarbeidet er det særleg fokus på parkering ved ei rekke turvegar og tilkomst på vegar som er stengt med bom.

Hovudutfordring

Ei auke i kultursatsinga bør først og fremst skje ved å spisse tilbodet meir mot aldersbestemte gruppe og prioritere tilbod som det er stort ønskje om. Viktigaste satsinga bør skje i eit folkehelseperspektiv. Det bør skje i eit nært samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og med dei andre tenestområda i kommunen

Kommunen har no god bemanning på kulturområdet med 200% stilling på kulturkontoret mot berre 44% tidlegare år. Dette bør generere fleire aktivitetar og inntekter. 2014 var eit spesielt år der kultureininga ikkje kunne halde planlagt aktivitetsnivå. Sjølv om Samnanger brukar mindre på kulturområdet samanlikna med landet og særskilt kommunegruppe 3, skal det vere god kapasitet ved kontoret til å søkje om eksterne midlar og auke samarbeidet med frivillige med sikte på å få til både fleire aktivitetar og arrangement.



Kulturstipendet 2014 – vart tildelt Joar Haugen Lemme. Her med ordforar Marit Aase og leiar i oppvekst og omsorg Eva Hellevang



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 232
Arkivnr: 2014/207-7
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	18/15	21.05.2015

Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2014 for Samnanger kommune

Bakgrunn:

Viser til utdrag frå brev av 21.02.2005, frå Skattedirektoratet:

"Kommunenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten.

- *Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.*

Kommunestyret / kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret / kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårlege redegjørelse til kommunestyret / kontrollutvalget."

Skattedirektoratet har vidare i brev dagsett 02.05.07 svara dette på førespurnad når det gjeld kontrollutvalget sin innsynsrett og tilsynsrolle knytta til skatteoppkrevjarfunksjonen:

"Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen."

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 01.06.07 kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

"Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist."

Drøfting:

Med bakgrunn i disse utsegnene frå skattemyndigheitene vert rapportar vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune lagt fram til drøfting:

- Årsrapport for 2014 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune / Kvam herad, datert 16.01.15.
- Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune, frå skatteetaten, datert 13.02.15.

På grunn av manglande kapasitet har Samnanger kommune inngått avtale med Kvam herad om hjelp til skatteoppkrevjarfunksjonen dei siste åra. Frå 01.09.2014 vart det oppretta ein ny avtale om skatteinnkrevjing i Samnanger. I følgje denne avtalen skal skatteoppkrevjaren i Kvam utføra alle oppgaver som fylgjer av instruks for skatteoppkrevjar.

Skattekontoret har i 2014 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Resultatet av den utførte kontrollen viser at det ikkje er gjeve pålegg eller tilrådingar når det gjeld intern kontroll, rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskap. Arbeid med skatte- og avgiftsinnkrevjing er og funne vert utført i det alt vesentlege i samsvar med gjeldande regelver. Når det gjeld arbeidsgjevarkontroll uttaler skatteetaten:

«Skatteoppkrevjaren har ikkje gjennomført stadlege arbeidsgjevarkontrollar i 2014.

Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingsloven § 5-13 og tilhøyrande retningslinjer gjeve av Skattedirektoratet.»

Skatteoppkrevjar grunngjev dette i sin årsrapport med at i følgje tidlegare avtale var det Samnanger kommune som hadde ansvar for arbeidsgjevarkontrollen fram til 01.09.14. Då avtale mellom Samnanger kommune og Kvam herad gjeldande frå 01.09.2014 vart underskriven, hadde skatteoppkrevjaren i Kvam planlagt arbeidet for resten av 2014, og av den grunn vart det ikkje gjennomført kontrollar i Samnanger. Frå 2015 skal det gjennomførast kontrollar i Samnanger.

Konklusjon:

Kontrollrapporten frå Skatt Vest konkluderer med at Samnanger kommune totalt sett for 2014, med unnatak av dei påpeikingane som er gjort vedr. arbeid med arbeidsgjevarkontrollar, har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredsstillande måte. Kontrollutvalet bør såleis, med bakgrunn i framlagt årsrapport for 2014 frå skatteoppkrevjaren, og kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten, gje sin uttale til arbeid som er utført ved skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune sin del.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredsstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg vidare at det ikkje er gjennomført arbeidsgjevarkontrollar i 2014, og at dette ikkje er i tråd med regelverket. Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingsloven § 5-13 og tilhøyrande retningslinjer gjeve av Skattedirektoratet. Kontrollutvalet har merka seg at frå 2015 skal slike kontrollar gjennomførast i Samnanger.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.


Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- Årsrapport for 2014 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune.
- Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune



Årsrapport for 2014

Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd.....	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1.1 Ressursar.....	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret.....	4
1.4 Skatteutval	5
2. Skatterekneskapen	5
2.1 Avlegging av skatterekneskapen.....	5
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014	5
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga.....	6
3. Innkrevjing av krav	6
3.1 Restanseutvikling.....	6
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav	6
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	6
3.1.3 Restansar eldre år.....	7
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år	7
3.2 Innkrevjinga si effektivitet	8
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014	8
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat	8
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve	8
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	9
3.3 Særnamskompetanse	9
4. Arbeidsgjevarkontroll	9
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar	9
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen	9
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	10
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar.....	10
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak.....	10

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	0,2	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,1	%
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,1	%
Arbeidsgjevarkontroll	0,0	%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,0	%
Skatteutval	0,0	%
Administrasjon	0,0	%
(Andel fordelt skal være 100%)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Samnanger kommune har retta førespurnad til Kvam herad om hjelp til skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger pga. manglande kapasitet. Det vart oppretta avtale som gjaldt i 6 månader frå 02.09.2013. Arbeidet består av innkrevjing og skatterekneskap, forutan arbeidsgjevarkontroll. Avtalen vart forlenga med ytterlegare 6 månader.

Frå 01.09.2014 vart det oppretta ein ny avtale mellom Samnanger kommune og Kvam herad om skatteinnkrevjing i Samnanger. I fylgje denne avtalen skal skatteoppkrevjaren i Kvam utføra alle oppgåver som fylgjer av instruksen for skatteoppkrevjaren.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Skatterekneskap: Kompetansen er tilfredstillande. Når det gjeld ressursar er det sårbart i samband med ferie og andre fråvær.

Innkrevjing: Kompetansen er tilfredstillande. Ressursar er pressa i samband med tyngre innkrevjing og utleggsforretningar som vert haldne av skatteoppkrevjaren som særnamsmann.

Arbeidsgjevarkontroll: Fram til ny avtale 01.09.2014 var Samnanger sjølv ansvarlege for arbeidsgjevarkontroll. Etter den tid er arbeidet pålagt skatteoppkrevjaren i Kvam, men det var ikkje ledig kapasitet i 2014 til fleire kontrollar.

Tilsette ved kontoret har delteke på kurs som har betydning for utføringa av arbeidsoppgåver.

1.2 Internkontroll

Alle bilag i samband med endre/registrere krav vert attestert av to personar. I samband med godskriving av annen aktør vert ekstern dokumentasjon lagt med når dette føreligg, utskrift av skjerm bilde og undertekna av to personar. Utbetalingar vert godkjent av to personar i SOFIE og vedlagt dokumentasjon. Godkjenning i bank vert utført av tilsette ved økonomikontoret. Det er fortida fire personar som har denne tilgangen. Oppgåvene på kontoret vert utført forsvarleg og fylgjer lover og reglar. Resultatet for kontoret oppfyller dei krava som er sett. Rekneskapen er til kvar tid à jour på dei punkt som kontoret har styring på.

Det er oppretta eigne rutinebeskrivingar innanfor det enkelte arbeidsområde.

Det er oppretta rutine for månadlege og halvårlege rapportar som skal kontrollerast og signerast av den som utfører kontrollen

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

	2014	2013
Arbeidsgjevaravgift	-23 034 928	-22 777 038
Personlege skattytarar	-184 776 091	-182 001 062
Selskap	-11 962 503	-11 390 082
Renter	24 413	-228 790
Innkrevjing	5 497	16 199
Sum	-219 743 612	-216 380 773

For 2014 syner skatterekneskapen at det er innbetalt totalt kr 219 743 612 i skatt og avgift. Dette er ein auke i forhold til 2013 på kr 3 362 839,- som utgjer 1,55%

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Fordeling til skattekreditorar

År	2014	2013
Samnanger kommune	57 433 144	57 803 433
Hordaland fylke	12 363 143	12 510 069
Staten	73 010 379	76 711 687
Folketrygd	76 936 966	69 355 584

For 2014 syner skatterekneskapen at det er fordelt skatt til Samnanger kommune med kr 57 433 144,- som er ein nedgong i høve til 2013 på kr 370 289,- som utgjer 0,64%. Fordelingstall som vart nytta:

2013	Forskotspliktige	29,03%	Etterskotspliktige	36,30%
2014	Forskotspliktige	29,07%	Etterskotspliktige	36,30%

1.4 Skatteutval

Det er ikkje sendt saker til skatteutvalet i 2014. Skatteutvalet har i 2014 ettergjeve kr 0,-.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføring, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollleining.

Årsrekneskapen for 2014 følgjer som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014	kr 2 496 536
For mykje avsett margin for inntektsåret 2013	kr 2 496 529

Marginprosent

Prosentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 1995

2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12. 2014	kr 16 617 964
Gjeldande prosentsats marginavsetning: 10% .	1995

2.2.3 Kommentarer til marginavsetninga

Det er avsett kr 2 496 536,- for mykje i margin for inntektsåret 2013. Det var totalt avsett kr 19 582 152,- til margin i 2013. Avviket er ikkje så stort at ein anbefaler å endra marginprosenten.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2014	Herav berostilt restanse 31.12.2014	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Endring i	
					restanse	berostilt restanse
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	3 403 498	0	3 180 632	0	+222 866	0
Arbeidsgjevaravgift	136 052	0	389 804	0	-253 752	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	115 907	0	68 942	0	+46 665	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt person	436 768	0	121 600	0	+315 168	0
Forskotstrekk	113 747	0	332 208	0	-218 461	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	36 699	0	39 045	0	-2 343	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	839 857	0	256 168	0	+583 689	0
Restskatt person	1 724 468	0	1 972 865	0	-248 397	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	3 403 498	0	3 180 632	0	+222 866	0

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Samla restanse er auka med kr 222 866,- frå 31.12.2013 til 31.12.2014 dette utgjør 7,01%

Berostilte krav er uendra frå 31.12.2013 til 31.12.2014.

Avskrivningar: Totalt i 2014 kr 4 048,-

På grunnlag av:

Avslutta konkurs i 1 selskap kr 4 048,-

Person:

Utlíkna skatt for 2013 kr 182 828 501,-

Utlíkna skatt for 2012 kr 172 153 102,-

Auke i utlíkna skatt utgjer 6,20%

Upersonleg:

Utlíkna skatt for 2013 kr 12 113 091,-

Utlíkna skatt for 2012 kr 11 663 635,-

Auke i utlíkna skatt utgjer 3,85%

Arbeidsgjevaravgift:

Bokført arbeidsgjevaravgift i 2014 kr 23 036 616,-

Bokført arbeidsgjevaravgift i 2013 kr 23 259 900,-

Nedgang i arbeidsgjevaravgift utgjer 0,96%

Krav i konkurs: kr 1 177 340,-

Gjeldsordning: kr 218 321,-

Påklaga krav som ikkje er ferdig handsama hjå skatteetaten: kr 621 326,-

Aldersfordelt saldo

Sum restanse	1 – 90 dagar	91 – 180 dagar	181 – 270 dagar	271 – 365 dagar	Sum siste 365 dagar	366 – 730 dagar	731-1095 dagar	Eldre enn 1095 dag.
3 403 498	1 309 991	213 859	53 999	475 406	2 053 255	666 256	205 207	478 780

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2012	685 687	213 855
2011	578 511	91 937
2010	42 514	42 514
2009 – 1999	449 108	-----

3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre årKommentar til restansar for eldre år:

Forelda krav pr. 31.12.2014: 0

Samla beløp på forelda krav pr. 31.12.2014: kr 0,-

Kommentar til restanseoppfølging for eldre år:

Personlege skattytarar:

Ikkje grunnlag for vidare innkrevjing per dato kr 351 338,-

Utvandra skattytarar kr 9 304,-

Upersonlege:

Alle krav er med i ikkje avslutta konkursbu.

3.2 Innkrevjinga si effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014

Skatteart	Resultat pr 31.12.2014	Krav
Restskatt personlege skattytarar 2012	95,0 %	95,2%
Forskotstrekk 2013	100,0 %	99,9 %
Utskreven forskotsskatt for personlege skattytarar 2013	100,0 %	99,0 %
Utskreven forskotsskatt for upersonlege skattytarar 2013	100,0 %	99,8 %
Restskatt for upersonlege skattytarar 2012	88,2 %	99,0 %
Arbeidsgjevaravgift 2013	99,7 %	99,8 %
Innkrevd restskatt, person 2012	74,1 %	75,0 %

Oppnådde resultat i høve til krav er gode med unntak av restskatt upersonlege skattytarar. Grunnen til dette er at ubetalte krav er med i ikkje avslutta konkurssaker.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Det er utferdta 10 krav om utleggstrekk, 1 skriftlege betalingsavtalar, 25 varsel om utleggsforretningar som førte til at 14 utleggsforretningar vart haldne, 1 motrekningar, 16 telefoninkassoar, 0 behandla forslag gjeldsordning, og 2 fordringsanmeldingar.

Det å komma tidleg i gong med innkrevjingstiltak verkar posetivt på restansen.

DTI strategi verta utført snararast råd når det gjeld utlegg og vurdering

:

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Det er ubetalte krav på totalt kr 2 163 769,- som på grunn av konkurs, krav i utland, endringssaker og av andre grunnar fortida ikkje er mogleg å krevja inn.

3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Tidleg vurdering om det er grunnlag for tvangsinnkrevjing.

3.3 Særnamskompetanse

Særnamskompetanse vert nytta av skatteoppkrevjaren. Dette har ført til snarare gjennomføring av utlegg og betre oppfølging av DTI strategiar.

Det er utsendt 25 varsel etter § 7-10. Det vart gjennomført 14 utleggsforretningar som førte til 4 tinglyste utlegg og 10 forretningar med ikkje noko til utlegg.

Det vart sendt 18 varsel om utleggstrekk som førte til 10 pålegg om trekk.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

I fylgje avtale mellom Samnanger kommune og Kvam herad var det Samnanger kommune som hadde ansvar for arbeidsgjevarkontrollen fram til 01.09.2014.

I avtale mellom Samnanger kommune og Kvam herad gjeldande frå 01.09.2014 skal alt arbeid som fylgjer av skatteoppkrevjarinstruksen utførast av skatteoppkrevjaren i Kvam.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2014: 0

Som utgjør: 0 % av totalt tal LTO hos arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2014: 0

Som utgjør: 0 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2013: 0

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Då avtale mellom Samnanger kommune og Kvam herad gjeldande frå 01.09.2014 vart underskreven hadde skatteoppkrevjaren i Kvam planlagt arbeidet for resten av 2014 og av den grunn vart det ikkje gjennomført kontrollar i Samnanger.

Frå 2015 skal det gjennomførast kontrollar i Samnanger.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Kontoret har ikkje delteke i felles aksjonar med skattekontoret.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det er ikkje gjennomført organisert informasjon/veiledning til nye arbeidsgjevarar i 2014.

Norheimsund 16.01.2015

Steinar Vik

Skatteoppkrevjar (signatur)



Vedlegg: Årsrekneskapen for 2014 - signert av skatteoppkrevjaren.

Årsrekneskap for Samnanger for rekneskapsåret 2014. Avlagt etter kontantprinsippet.

	Valgt år	Forrige år
Likvider	17 102 840	16 782 322
Skyldig skattekreditorene	-484 873	-315 878
Skyldig andre	0	0
Innestående margin	-16 617 964	-16 466 441
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-23 034 928	-22 777 038
Personlige skatteyttere	-184 776 091	-182 001 062
Selskapsskatt	-11 962 503	-11 390 082
Renter	24 413	-228 790
Innfordring	5 497	16 199
Sum	-219 743 612	-216 380 773
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	23 034 928	22 777 038
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	53 902 039	46 578 547
Fordelt til Fylkeskommunen	12 363 143	12 510 068
Fordelt til kommunen	57 433 141	57 803 434
Fordelt til Staten	73 010 361	76 711 686
Krav som er ufordelt	0	0
Sum	219 743 612	216 380 773
Sum totalt	0	0

Norheimsund 16.01.2015


 Steinar Vik
 skatteoppkrevjar

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.


Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



Kommunestyret i Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE



Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sin årsrapport:

Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013	Tal årsverk 2012
0,2	0,7	0,7

2.2 Organisering

Samnanger kommune har retta førespurnad til Kvam herad om hjelp til skatteoppkrevjarfunksjonen pga. manglande kapasitet. Frå 1. september vart det oppretta ein ny avtale om skatteinnkrevjing i Samnanger. I fylgje denne avtalen skal skatteoppkrevjaren i Kvam utføra alle oppgåver som fylgjer av instruks for skatteoppkrevjar.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Samnanger kommune viser per 31. desember 2014 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 219 743 612 og uteståande restansar² på kr 3 403 498, av dette krav stilla på vent kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2015.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2014 for Samnanger kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012	4,1	95,0	95,2	92,9	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2013	22,9	99,7	99,8	99,1	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2013	9,7	100,0	99,0	100,0	99,4
Forskotttrekk 2013	43,4	100,0	99,9	99,7	99,9
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2013	10,7	100,0	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2012	1,9	88,2	99,0	100,0	99,1

Særskilte merknader til innkrevjingsresultata:

Skatteoppkrevjar skriv i si årsrapport: " Oppnådde resultat i høve til krav er gode med unntak av restskatt upersonlige skattytarar. Grunnen til dette er at ubetalte krav er med i ikkje avslutta konkurssaker."

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultat for kommunen per 31. desember 2014 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2014	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utførte kontrollar 2012 (i %)	Utført kontroll 2014 region (i %)
48	2	0	0	1,9	0	3,6%

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2014 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing.

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- *Arbeidsgjevarkontroll*

Skatteoppkrevjaren har ikkje gjennomført stadlege arbeidsgjevarkontrollar i 2014. Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingsloven § 5-13 og tilhøyrande retningsliner gjeve av Skattedirektoratet.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har i 2014 ikke gjeve pålegg eller tilrådingar etter gjennomførte kontrollar.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
Avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Samnanger kommune
- Skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune
- Riksrevisjonen

PS 19/15 Referatsaker

Fra: Karen Olseth (karen.olseth@brb.no)
Sendt: 25.02.2015 09:48:30
Til: Roald Breistein
Kopi:

Emne: VS: Partsbrev - Oppfølging av selskapskontroll av BRB - når strategisk næringsplan kjem opp til politisk handsaming

Vedlegg: image001.png
 Hei

Se epost nedenfor angående svar på pkt 2 i vedtaket

Hilsen
 Karen

Fra: Vidar Totland

Sendt: 24. februar 2015 13:32

Til: Karen Olseth

Kopi: Ole Hope

Emne: SV: Partsbrev - Oppfølging av selskapskontroll av BRB - når strategisk næringsplan kjem opp til politisk handsaming

2. Kontrollutvalet ber om opplysning om når strategisk næringsplan kjem opp til politisk handsaming

BRBs styre som styringsgruppe for SNP godkjente planforslaget for utsending til sluttbehandling i kommunene i sitt møte **10.02.15**.

- **Medio februar** sendes planforslaget ut på høring. Høringsperiode februar – medio mars. Kommunene legger opp til «første gangs behandling», dvs. framleggelse for formannskapene.

Frist for uttalelse 20. mars. Ole Hope har presentert planforslaget for formannskapet i Os kommune 17. februar. Presentasjonen i Formannskapet 17.2. er en orientering av formannskapet fra BRB sin side. Formell behandling av planen i Formannskapet sitt møte 14. april.

- **Primo april** sendes justert planforslag med innarbeidede merknader etter høringsrunden kommunene for «annen gangs behandling» for endelig politisk behandling i kommunestyrene. Forventet framleggelse for kommunestyrene i løpet av april/første halvdel av mai.
- Forslag til saksutredning for rådmannen (fellesdelen av saksutredningen; den enkelte rådmann legger til sin egen del) følger den endelige utsending.

Os kommune vil selv kunne svare på hvilket formannskap og kommunestyre som endelig behandler planen.

Vidar

Med vennlig hilsen

Vidar Totland

Næringspolitisk leder / Director of Business and Industry Policy

[Business Region Bergen](#)

Strandgaten 6, NO-5013 Bergen

T: +47 56 90 11 54

M: +47 959 12 970

vidar.totland@brb.no

www.brb.no

Følg Region Bergen:

LinkedIn: [Region Bergen](#)
Facebook: [Region Bergen](#)
Twitter: [Region Bergen](#)

Fra: Karen Olseth
Sendt: 24. februar 2015 12:42
Til: Vidar Totland
Kopi: Ole Hope
Emne: VS: Partsbrev - Oppfølging av selskapskontroll av BRB

Hei Vidar

Kan du gi meg en tilbakemelding på dette

Hilsen
Karen

Fra: Roald Breistein [<mailto:Roald.Breistein@hfk.no>]
Sendt: 24. februar 2015 12:38
Til: Karen Olseth
Kopi: Siri Hanson; Odd.Tosdal@mattilsynet.no; Odd Tøsdal (oddtoes@online.no); Hogne Haktorson
Emne: Partsbrev - Oppfølging av selskapskontroll av BRB

Vedlagt følger partsbrev frå referatsak RS 3/15 «Status pr. desember for selskapskontroll BRB» etter møte i kontrollutvalet i Os kommune 20.2.15.

Påskrift frå sekretariatet:

Vi ber om svar på punkt 2 i vedtaket **innan 13.3.15**.

Med helsing

Roald Breistein
Seniorrådgjevar
Sekretariat for kontrollutvalet



Pb 7900, 5020 Bergen

roald.breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Tlf: 55 23 94 47 | Mob: 97 50 51 52
www.hordaland.no

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.

Utdrag frå møteprotokoll frå kommunestyremøte 04.03.15

SAKNR. 003/15

ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET 2014

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2014.

04.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

KS-003/15 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2014.

ORIENTERING TIL KONTROLLUTVALET OM STATUS FOR ARBEID MED FORVALTNINGSREVISJON

Vi ser til utdrag fra møteprotokoll kontrollutvalet sitt møte 17.02.15

PS 5/15 Orienteringssak - løypemelding om arbeid med forvaltningsrevisjon om internkontroll i Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Øyvind Berge frå Deloitte gav statusrapport frå arbeid med forvaltningsrevisjon om internkontroll. Det er gjennomført intervjurunde, og ein er i ferd med å avslutta arbeid med innsamling av data. Utviding av prosjektet med og å gjelda andre etatar, vart drøfta. Kontrollutvalet konkluderte med at ein skal halda fast på prosjektplanen, slik den er vedteken. Det var semje om at å sjå på andre områder av internkontrollen kan vurderast på eit seinare tidspunkt, om ønskjeleg.

Prosjektet er planlagt ferdig i løpet av mai, og det ligg an til at rapport kan leverast etter planen. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 601
Arkivnr: 2014/238-7
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	20/15	21.05.2015

Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune

Bakgrunn for saka:

Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for Samnanger kommune er vedteke å gjelda til og med revisjon av rekneskapsåret 2015, det vil seia, til og med 30.06.16. Frå 01.07.2016 skal revisor for ny avtaleperiode vere på plass.

Kommunestyret i Samnanger kommune gjorde slikt vedtak i sak 66/13 i møte 18.12.2013:

1. *Samnanger kommune vel å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester, slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015 inkludert reviderar rekneskapen for 2015. Det vert lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom. 30.06.2016.*
2. *Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:*
 - a. *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.*
 - b. *Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.*
 - c. *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Drøfting:

Når opsjonstida er ute må ein ha ny konkurranse, for å følgja regelverket om offentlege innkjøp.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass med denne prosessen. Viser til Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner", §16, 2. lekk:

"Dersom kommunestyret eller fylkestinget vedtar å konkurransetsette hele eller deler av revisjonen, foretar kommunestyret eller fylkestinget selv valg av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet".

Departementet sine merknader til §16, 2. lekk, er slik:

"Det er kontrollutvalget som innenfor de rammer som konkurranselovgivningen setter – herunder regelverket om offentlige anskaffelser og om offentlig støtte – forbereder sak om valg av revisor for kommunestyret eller fylkestinget"

Kontrollutvalet må såleis ta stilling til korleis prosessen skal gjennomførast, om samordning med andre kommunar, og om kva instans kontrollutvalet vil nytta når det gjeld innkjøpsfagleg kompetanse.

Proessen:

Det kan vere nyttig å sjå føre seg kva prosess som skal gjennomførast før det er avklart kven som skal vera kommunen sin revisor i neste avtaleperiode. Prosess kan skisserast i skjema. (sjå under) der dei ulike trinn fram går, og der det kan leggjast inn kor lang tid som trengst i kvar fase.

Aktivitet	Dato
Vedta prosess, evt. samordning og aktør for gjennomføring	21.05.15 (KUV-møte)
Godkjenna konkurransegrunnlag	16.09.15 (KUV-møte)
Utlysing på «Doffin»	Nov. 2015
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget	Etter gjeldande reglar
Tilbudsfrist	Medio januar 2016
Tilbudsopning	Medio januar 2016
Tilbudsevaluering	Januar / tidleg februar 2016
Handsaming av innkomne tilbud i KUV, tilråding til kommunestyret	Februar / mars 2016
Handsaming i kommunestyret	April 2016
Melding om tildeling	Mai 2016
Karensperiode	14 dagar
Kontraktsignering	Mai / primo juni
1.juli 2016	Start kontraktperiode

Om samordning av prosessen:

Uavhengig av kven som vert valgt til å gjennomføra innkjøpsarbeid med revisjon for neste avtaleperiode, bør samordning mellom fleire kommunar vurderast. Både Samnanger, Fusa, Tysnes, Øygarden Sund og Os kommunar skal ut i marknaden og gjennomføra prosess med ny avtaleperiode for revisjonstenester. Det vil då vera ein fagleg og økonomisk gevinst å henta ved eventuelt å:

- Utarbeida sams konkurransegrunnlag
- Ha sams kunngjering
- Ha sams evaluering, varsling om tildeling, og utarbeiding av kontrakt.

Aktuelle aktørar:

Kontrollutvalet står fritt til å knytte til seg naudsynt ekstern hjelp i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene, jfr. kommunestyrevedtak 66/13, pkt. 2. Frå sekretariatet si side vil ein peike på tre aktuelle alternativ:

1. Å nytta kommunen sin eigen innkjøpar.
Det som då er viktig er at den som utfører arbeidet må vera fristilt i høve til den kommunale administrasjonen, og skal rapportera direkte til kontrollutvalet, via sekretariatet. Rådmann, som i realiteten er den som vert revidert, må ikkje ha instruksjonsmynde overfor innkjøparen i denne konkrete saka.
2. Å nytta ekstern konsulent eller liknande.
Det er konsulentfirma i marknaden, evt. og advokatfirma, som kan ta på seg slikt oppdrag. Om ein vel ei slik løysing må ein gå ut i marknaden og innhenta tilbud på slike tenester. Dette er ein omfattande prosess, som truleg vil medføra ekstrakostnader og tid for dette innkjøpsarbeidet.
3. Å nytta kontrollutvalet sitt sekretariat.
Sekretariatet for kontrollutvalet har etter kvart brei røynsle frå slikt innkjøpsarbeid. Sekretariat er sekretariat for 17 kommunar og fylkeskommunen. 13 av desse kommunane har i dag konkurranseutsett revisjonstenestene og sekretariatet har bistått i konkurranseutsettinga i alle desse kommunane. For nokre av kommunane fleire gonger. I dette arbeide vert innkjøpsavdelinga i Hordaland fylkeskommune konsultert, m.a. når det gjeld juridisk innkjøpsfagleg kompetanse.

Sekretariatet har og god røynsle med å sjå korleis avtalar med revisjonsfirma fungerer i praksis, og å følgja desse opp. Oppgåva kan tildelast innafør gjeldande avtale mellom kommunen og sekretariatet, der sekretariatet bl.a. skal gje «- administrative sekretærtjenester for kontrollutvalet».

Kostnader:

Kostnader med arbeidet vil bli delt over to år, haust 2015 og vår 2016. For 2015 rår sekretariatet til at det vert dekkja innafør budsjetttramma som kontrollutvalet har fått tildelt for 2015. For 2016 må ein ta omsyn til kostnader med dette arbeidet når budsjettforslag for 2016 skal setjast opp.

Det vil alltid vera ein del kostnader knytt til det å skifta leverandør, enten det gjeld revisjonstenester eller andre tenester. Her kan nemnast utarbeiding av tilbodsdokument, utlysing, vurdering av tilboda, vedtaksprosessen og eventuelle klager.

Konklusjon:

Det vert invitert til at kontrollutvalet vurderer prosess for å gjennomføra innkjøp av revisjonstenester for ny avtaleperiode. Kontrollutvalet må også ta stilling til kven som skal bistå utvalet med å gjennomføra innkjøpssaka.

Forslag til vedtak

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Tysnes kommune med sikte på at ny kontraktperiode skal gjelda frå 01.07.2016.
2. Kontrollutvalet ønskjer at arbeidet relatert til konkurranseutsetting av revisjonstenester vert samordna med andre kommunar som skal gjennomføra slik prosess nå.
3. Til å bistå seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode vil kontrollutvalet velja:
 - a. Alt. 1: - Kontrollutvalet ber rådmann om å få disponera kommunen sin innkjøpsansvarlege.
 - b. Alt. 2: - Kontrollutvalet ber sekretariatet innhenta tilbod frå tre alternative firma, om bistand i prosessen.
 - c. Alt. 3: - Kontrollutvalet vil be sekretariatet om å bistå seg i prosessen.
4. Bistand omfattar:
 - utarbeiding av utkast til kravsspesifikasjon
 - utkast til konkurransegrunnlag
 - kunngjering
 - protokollføring
 - evaluering av innkomne tilbod
 - varsel om tildeling
 - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter
 - deltaking i aktuelle møter i kontrollutvalet og kommunestyret.
5. Arbeid knytt til evt. klage vert å avtala særskilt.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2014/232-6
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	21/15	21.05.2015

Gjennomgang av møteprotokollar

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 04.03.15 og 20.05.15.
- Formannskapet 06.05.15.
- Utval for oppvekst og omsorg 17.02.15 og 14.04.15.
- Naturutvalet 18.02.15 og 15.04.15.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 22/15 Eventuelt